Bokn kommune

# ÅRSMELDING

BOKN KOMMUNE

2023

INNHALDSFORTEGNELSE


**1. OM RAPPORTEN 3**

**2. KOMMMUNEN SINE SATSINGSOMRÅDER 4**

**3. KOMMUNEDIREKTØREN SI OPPSUMMERING 7**

**4. DRIFTSREKNESKAP 9**

**5. INVESTERINGSREKNESKAP 18**

**6. ØVRIGE FORHOLD 19**

**7. ORGANISASJON 23**

**8. MEDARBEIDARAR 25**

**9. KONTROLL OG REVISJON 28**

**10. RAMMEOMRÅDE 1 – SENTRALADMINISTRASJON 29**

**11. RAMMEOMRÅDE 2 – SEKSJON SKULE OG BARNEHAGE 39**

12. RAMMEOMRÅDE 3 – SEKSJON HELSE, PLEIE OG OMSORG **54**

13. RAMMEOMRÅDE 4 – SOSIAL OG BARNEVERN **70**

**14. RAMMEOMRÅDE 6 – SEKSJON TEKNISK 74**

# 1. OM RAPPORTEN

Årsberetninga inneheld pliktig informasjon ihht. Kommunelovas §14-7.

Årsberetninga skal gi opplysningar som ikkje kjem fram av årsrekneskapen, om forhold som er viktige for å bedømma kommunens økonomiske stilling og resultatet av verksemda, samt om andre forhold av vesentleg betydning for kommunen.

Det skal gjerast greie for kommunens arbeid med likestilling, etikk, betryggande kontroll og diskriminering.

Den pliktige informasjonen er i dette dokumentet samla her:

- Kapittel 5 Driftsrekneskapen
- Kapittel 6 Investeringsrekneskapen
- Kapittel 7 Øvrige forhold

# 2. KOMMMUNEN SINE SATSINGSOMRÅDER

## *Bokn kommune prioriterer for befolkningsvekst og bulyst*

### *Då må vi skapa gode møteplassar*

- Etablere sosiale møteplassar lokalisert i tilknyting til eksisterande fritidsarenaer/skule/bibliotek/ idrettsanlegg samt kyrkja i Bokn
- Etablere offentlege møteplassar i sentrum (Føresvik)
- Vidareutvikle tilbod knytt til Bokn Arena spesifikt
- Intensivere samarbeidet med innbyggjarar, frivillig sektor og andre
- Leggje til rette for at alle kan delta i arbeids-, samfunns – og organisasjonslivet

### *Då må vi styrkja Føresvik som sentrum.*

- Intensivere samarbeidet med privat næringsliv om viktige nyetableringar
- Leggje til rette for etablering av nytt bustadareal og sentrumsfunksjonar ved samfunnsnyttig bruk av steinmassar frå Rogfast-utbygginga
- Leggje til rette for tilstrekkeleg antal bustader for alle livsfasar, i varierte og trygge bumiljø
- Sikre effektivt og godt planarbeid for framtidige bustadprosjekt
- Planleggje miljøgata
- Avvikle område i kommuneplanen som ikkje blir bygd ut i planperioden

### *Då må vi  oppretthalde spreidd busetnad.*

- Bidra til at eldre og innbyggjarar med funksjonsnedsettelsar kan bu heime lengst mogleg
- Leggje til rette for fleire gang – og sykkelstiar og for betre kollektivtilbod i alle deler av kommunen
- Opne for bygging av eit nærare fastsett tal spreidd busetnad i alle deler av kommunen i samband med rullering av arealdelen av kommuneplanen
- Vidareføre arbeidet med å knytte alle deler av kommunen til det offentlege vassverket
- Arbeide for å gje landbruket gode rammevilkår

### *Då må strandsona nyttast i eit helsebringande og berekraftig perspektiv*

- Arbeide fram gode, berekraftige løysingar for utbygging jf. «Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen»
- Leggje til rette for auka samhandling med innbyggjarane for vern av sårbare strandsoneområder
- Leggje til rette for auka bruk av strandsona for ålmenta
- Sikre ålmenta tilgang til kai- og båtplassar

### *Då må vi ha ein god barnehage og ein god skule*

- Sikre tidleg, tverrfagleg og pedagogisk tilfredsstillande innsats
- Sikre barn og unge kompetansar for framtida
- Arbeide systematisk for å gje alle born og unge like moglegheiter
- Oppgradere/bygge ny skule
- Utarbeide plan for oppvekst i Bokn kommune

### *Då må vi ha tilgang til naturen*

- Leggje til rette for utviklingssamarbeid med berørte grunneigarar
- Sikre gode moglegheiter for allsidig friluftsliv for alle innbyggarar
- Planleggje for forutsigbarheit i vedlikehald og drift av friluftslivsområda
- Arbeide for å etablere gang/turvegen Føresvik/Alvestadkroken i samsvar med gjeldande reguleringsplan
- Leggje til rette for parkering/oppstillingsplassar nær attraksjonar/turområde.

*Då må vi marknadsføre kommunen godt*

- Kartleggje kva som er viktig for dei som vurderer å busetje seg i kommunen, jf. «Bostedsevaluering Bokn 2017»
- Utvikle kommunal kommunikasjonsstrategi for å byggje merkevara «Bokn kommune»
- Opprette eigen komité for å vurdere tiltak for å auke folketalet
- Opprette eige Rogfast-utval som har hovudfokus på korleis kommunen kan vere i forkant og utnytte potensialet i denne utbygginga
- Arbeide for auka aktivitet innaføre fritidsbustad- segmentet

## *Bokn kommune prioriterer for styrka lokalt næringsliv og for auka verdiskaping*

*Då må vi nytta naturressursane til næringsutvikling*

- Vere pådrivar for berekraftig drift av landbruksareala og sterkt jordvern
- Forvalte sjøareala på ein forutsigbar og berekraftig måte
- Leggje til rette for utvikling av naturbaserte produkt (innan fiskeri, havbruk, landbruk også i fellesskap)
- Invitere til samarbeid med relevante aktørar med tanke på utvikling av turisme
- Stimulere til Inn På Tunet- verksemd i landbruket
- Utarbeide plan for fiskeri og havbruk innan 2023

*Då må vi ta i bruk tilgjengelege verkemiddel*

- Tydeleggjere kommunen si rolle som fyrstelinje-teneste inn mot gründerar og bedrifter
- Vere pådrivar for at verkemiddelapparatet, gründerane og bedriftene møtest
- Vere pådrivar og tilretteleggjar for kompetanseheving på tvers av bransjar
- Utarbeide, saman med næringa, plan for turisme som næring: «Meet the locals»
- Etablere (politisk) arbeidsgruppe innaføre turisme.

*Då må vi disponere areala på ein hensiktsmessig måte som fremmer etableringslyst*

- Vere positive, lydhøyre og effektive i møte med næringane
- Vere ryddige, fagleg sterke og effektive i all plan – og byggesaksbehandling
- Forvalte lovverket og hensynta interessene på ein måte som gjev berekraftig arealdisponering
- Sikre fleksibilitet i arealbruk i kommunen sine sjø- og landområde med tanke på vidareutvikling av fiskeri- og havbruksnæringa
- Sikre areal for næringsutvikling knytt til sjøretta verksemd
- Sikre areal for bygging av fritidsbustadar

## *Bokn kommune prioriterer for interkommunalt samarbeid*

*Då må vi ha kunnskap om kva effekt vi vil oppnå som fylgje av samarbeidet*

- Syte for at kommunen har tilfredsstillande kunnskap om lokalt utfordringsbilete
- Syte for at kommunen har tilfredsstillande bestillarkompetanse basert på utfordringsbiletet
- Jamlege evaluere effekten av eksisterande samarbeidsavtalar og korrigere ved behov

*Då må vi vere kost/nytte – orienterte for optimalisering av avtalar*

- Syte for at kommunen har tilfredsstillande bestillarkompetanse
- Evaluere alle eksisterande samarbeid
- Leggje til rette for nye samhandlingsmodellar
- Intensivere bruk av digitale verktøy for deltaking i ulike geografisk krevjande samarbeid
- Vurdere intern ressursbruk for ivaretaking av vedtatte samarbeid

## *Bokn kommune prioriterer for auka samhandling og samskaping med lag, organisasjonar og andre aktørar/private*

*Då må vi ha driftige lokalmiljø*

- Leggje til rette for aktive lokaldemokrati
- Leggje til rette for eit godt samspel mellom innbyggjarar, kommune, frivillige og næringsliv
- Motivere til etablering av fleire lågterskel- tilbod slik at fleire kan delta uavhengig av funksjonsevne, økonomi og etnisitet

*Då må vi føreta ei vurdering av rollefordelinga mellom kommunen og frivillig sektor*

- Kartlegge behova som utspelar seg i frivillig sektor
- Vidareutvikle og forbetre rammevilkåra for sektoren
- Tilby kompetansehevande tiltak
- Styrke kommunen si tilretteleggjar- og koordinatorrolle

# 3. KOMMUNEDIREKTØREN SI OPPSUMMERING

Bokn kommune er i ei brytningstid.

**Rogfast**

I 2023 var det oppstart av anleggsarbeid for Rogfast.

Rogfast skal etter planen opne i 2033. Turen i tunnel mellom Bokn og Randaberg tek då 18 minutt. Statens vegvesen har inngått ein avtale med Bokn kommune om leveranse av vatn til anlegget. Entreprenøren Skanska har ei bemanning på 250 personar – som til ei kvar tid oppheld seg i Bokn i tillegg til dei 883 andre innbyggjarane våre.

**Folketal**

Folketalet har auka det hhv 13 og 15 personar dei siste 2 åra , mykje på grunn av mottak av flyktningar frå Ukraina. Bokn kommune er ein av 6 kommunar i landet som tek imot fleire flyktningar enn kommunen vart beden om – og den einaste i Rogaland. Ila 3 år vil kommunen ha teke imot 55 flyktningar, noko som er formidabelt med tanke på folketalet. Når kommunen 900 innbyggjarar i 2024?

**Arealdelen til kommuneplanen**

Bokn kommune la ut arealdelen til kommuneplanen ut på høyring i starten av 2023 og målet er å få han vedteke hausten 2024. Arealdelen er eit sentralt verktøy for kommunal planlegging som legg grunnlaget for ei heilskapleg og langsiktig utvikling av lokalsamfunnet. Gjennom ei grundig og balansert arealplanlegging kan kommunen sikra ein berekraftig, attraktiv, og velfungerande bu- og næringslivsstruktur for innbyggjarane.

**Tettstadsutvikling**

Bokn kommune har i 2023 arbeidd strategisk med utvikling av Føresvik som tettstad. Tettstadsutvikling skjer i tett samarbeid med administrativ og politisk leiing og er eit prosjekt som skapar entusiasme og optimisme. «Bokn i sentrum for vekst» byggjer på at Bokn skal leggje til rette for næringsutvikling og bustadattraktivitet , me må gjere oss klara til Rogfast opnar i 2033.

Kommunen har fått utarbeidd stadsanalyse for Føresvik, og erverva strategisk grunn i form av Førevikvegen 3 gav. Siste del av Føresvikvegen vert ferdigregulert for å leggje til retta for Nyholmen. I 2023 har ein hatt stor grad av møteverksemd med sentrale samarbeidsaktørar med interesser i Føresvik.

Kommunen har to sentrale mål: Å bidra til at det vert bygd ny butikk og at industribygningane i Føresvik vert rivna. Føresvik skal bli ei perle, ein grunn til å bu i Bokn og ein grunn til å besøkja Bokn.

**Rekneskap**

Kommunedirektøren legg fram rekneskapen for 2023 i balanse. Etter gamle reglar vart det eit «mindreforbruk» på kr 4,45 millionar, no avsett til disposisjonsfond.

**Måloppnåing**

Bokn kommune sitt netto driftsresultat for 2023 er kr. 4,45 millionar. Netto driftsresultat for 2023 er 3,17 %. Dette er vesentleg betre enn målsetjinga på 1,75%. Kommunen sin disposisjonsfond inkludert mindreforbruket for 2023 er på 46 millionar kroner som er 33 % av driftsinntektene. Det finansielle måltalet er 10%.

Takk til alle tilsette ,tillitsvalde , folkevalde, lag og organisasjonar for godt samarbeid og god innsats i 2023.

Bokn 15.03.2024

Ingeborg Skjølingstad

Kommunedirektør

# 4. DRIFTSREKNESKAP

Driftsregnskapet presenterast nedanfor etter forskriftsbestemte oppstillingar jamfør «Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar».

## Økonomisk oversikt etter art – drift - §5-6

| Økonomisk oversikt - drift | Regnskap | Reg. budsjett | Oppr.budsjett | Regnskap i fjc |
|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | | | | |
| 1 Rammetilskudd | 48.292.427,00 | 48.263.000,00 | 48.263.000,00 | 49.579.464,0 |
| 2 Inntekts- og formuesskatt | 30.080.152,92 | 27.900.000,00 | 27.900.000,00 | 30.625.860,3 |
| 3 Eiendomsskatt | 12.382.024,00 | 10.560.000,00 | 10.560.000,00 | 8.063.275,0 |
| 4 Andre skatteinntekter | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,0 |
| 5 Andre overføringer og tilskudd fra staten | 14.827.130,36 | 7.546.333,00 | 3.773.333,00 | 13.299.984,2 |
| 6 Overføringer og tilskudd fra andre | 20.478.554,49 | 9.131.000,00 | 11.404.000,00 | 15.298.730,8 |
| 7 Brukerbetalinger | 3.751.988,55 | 3.491.500,00 | 3.491.500,00 | 3.549.214,2 |
| 8 Salgs- og leieinntekter | 10.605.949,76 | 9.510.000,00 | 9.510.000,00 | 9.642.082,5 |
| **9 Sum driftsinntekter** | **140.418.227,08** | **116.401.833,00** | **114.901.833,00** | **130.058.611,2** |
| **Driftsutgifter** | | | | |
| 10 Lønnsutgifter | 71.241.361,67 | 59.469.100,00 | 58.799.100,00 | 63.871.500,4 |
| 11 Sosiale utgifter | 17.167.238,97 | 17.878.500,00 | 17.648.500,00 | 16.363.367,4 |
| 12 Kjøp av varer og tjenester | 36.828.527,19 | 32.035.900,00 | 30.065.900,00 | 29.187.638,5 |
| 13 Overføringer og tilskudd til andre | 5.990.460,48 | 3.583.000,00 | 3.508.000,00 | 5.701.205,1 |
| 14 Avskrivninger | 9.409.728,91 | 8.485.000,00 | 8.485.000,00 | 9.111.250,0 |
| **15 Sum driftsutgifter** | **140.637.317,22** | **121.451.500,00** | **118.506.500,00** | **124.234.961,5** |
| **16 Brutto driftsresultat** | **-219.090,14** | **-5.049.667,00** | **-3.604.667,00** | **5.823.649,6:** |
| **Finansinntekter** | | | | |
| 17 Renteinntekter | 3.352.610,75 | 1.200.000,00 | 1.200.000,00 | 2.064.273,5 |
| 18 Utbytter | 17.726,78 | 0,00 | 0,00 | 15.352,0 |
| 19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,0 |
| 20 Renteutgifter | 4.700.252,91 | 2.050.000,00 | 2.050.000,00 | 2.349.369,7 |
| 21 Avdrag på lån | 3.409.190,00 | 3.333.000,00 | 3.333.000,00 | 4.159.099,0 |
| **22 Netto finansutgifter** | **-4.739.105,38** | **-4.183.000,00** | **-4.183.000,00** | **-4.428.843,1** |
| 23 Motpost avskrivninger | 9.409.728,91 | 8.485.000,00 | 8.485.000,00 | 9.111.250,0 |
| **24 Netto driftsresultat** | **4.451.533,39** | **-747.667,00** | **697.333,00** | **10.506.056,5** |
| **Disp. eller dekning av netto driftsresultat:** | | | | |
| 25 Overføring til investering | 4.435.842,00 | 4.435.842,00 | 0,00 | 500.000,0 |
| 26 Avsetninger til bundne driftsfond | 221.467,80 | 400.000,00 | 400.000,00 | 847.520,9 |
| 27 Bruk av bundne driftsfond | -1.328.907,84 | -934.000,00 | -934.000,00 | -498.018,0 |
| 28 Avsetninger til disposisjonsfond | 5.412.973,43 | 1.231.333,00 | 1.231.333,00 | 9.858.803,5 |
| 29 Bruk av disposisjonsfond | -4.289.842,00 | -5.880.842,00 | 0,00 | -202.250,0 |
| 30 Dekning av tidligere års merforbruk | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,0 |
| **31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsr** | **4.451.533,39** | **-747.667,00** | **697.333,00** | **10.506.056,5** |
| 32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,0 |

## Hovudtal 2023

- Driftsinntekter 140 millionar kroner – Auke på 8 % frå 2022 (130 millionar)
- Driftsutgifter 140 millionar kroner – Auke på 13 % frå 2022 (124,2 millionar)
- Netto driftsresultat er positivt med 4,45 millionar kroner – 3,17% av driftsinntektene.
- Rammeområda har samla brukt 5,5 millionar meir enn tildelt
- Helse har det største meirforbruket med 4,7 millionar kroner, der 2,7 millionar gjeld flyktning.
- Langsiktig lånegjeld 119 millionar - 84,8 % av driftsinntektene, 65 % når midlar til vidare utlån er fråtrekt.

I 2023 hadde Bokn kommune eit positivt netto driftsresultat på 4,45 millionar kr, tilsvarande 3,17 % av driftsinntektene. Dette er betre enn målsettinga om 1,75 % og er eit godt resultat for Bokn kommune. Dette overskotet er med på å styrke kommunens disposisjonsfond.

I løpet av året er det overført kr 4,4 millionar frå drift til investering. Av desse gjeld 4,2 millionar kjøp av Føresvikvegen 3. Dette er finansiert frå disposisjonsfond. Rekneskapen blei elles avslutta med å setje av 5,4 millionar kroner på disposisjonsfond samstundes som me har brukt 1,3 millionar av bundne driftsfond. Bruk av bundne driftsfond gjeld i hovudsak vatn.

Årsresultatet er betre enn tidlegare rapporteringar har førespegla. Dette skuldast i hovudsak meirinntekter på skatt og flyktningmidlar. Ei anna årsak til godt resultat er knytt til pensjonskostnadar. Pensjonskostnadane er 2 millionar kroner lågare enn budsjettert. Det er i 2023 netto inntektsført premieavvik pensjon med 8,5 millionar kroner.

Havbruksfondet har vore ei god kjelde til inntekter for Bokn dei seinare åra, men har vore veldig usikkert med store beløpsmessige svingingar. I 2020 fekk kommunen 6,7 millionar kroner, i 2021 3,7 millionar og i 2022 9,5 millionar kroner. I 2023 fekk kommunen kr 3,5 millionar som er 0,8 millionar meir enn budsjettert.

Straumprisane auka kraftig i 2022, og kommunens utgifter til straum i 2022 vart 4,7 millionar kroner. I 2023 er straumutgiftene 2,5 millionar kroner, 600.000 lågare enn budsjettert.

Netto finansutgifter er 550.000 høgare enn budsjettert.

Resurskrevjande tenester har for Bokn vore underfinansiert dei seinare åra. Kommunen mottar skjønnstilskot frå statsforvaltaren, men utgiftene overstig kostnadane i stor grad. Finansiering skal i større grad vere ein del av rammetilskotet og statsbudsjetta fokuserer på effektivisering av drift gjennom redusert finansiering, noko som er ei utfordring for fleire små kommunar med få tilsette.

Lønskostnadane er 11 millionar høgare enn budsjettert. 6 millionar gjeld sjukefråvær som er refundert og ført som inntekt. 3 millionar gjeld vikarlønn eller overtid der me ikkje får refusjon.

Hovudfokuset framover må vera omstilling og effektivisering. Omstilling må forventast å bli ein del av den normale kvardagen for kommunens tilsette. Tenester som kan digitaliserast, skal og må digitaliserast for å frigjere personalressursar som vidare kan nyttiggjerast på andre oppgåver.

Sjølv om Bokn kommune leverer eit godt resultat for 2023, så er dette tett knytt opp mot meir integreringstilskot enn budsjettert samt meir eigedomsskatt enn budsjettert. Netto står ein igjen

med 1,7 millionar flyktningmidlar som ikkje er brukt i 2023. Eigedomsskatten er 1,8 millionar høgare enn budsjettert medan andre skatteinntekter er 2 millionar høgare enn budsjettert.

Eit godt resultat i 2023 vil ikkje auke handlingsrommet i drifta, men bidreg med ein positiv effekt på disposisjonsfondet. Det vert jobba jamt med å tilpasse drifta i dei ulike einingane for å sikre forsvarleg økonomisk drift. Det er viktig at ein følgjer drifta tett for å sikre at ein har ein forsvarleg økonomisk situasjon framover. Nytt inntektssystem som er varsla i løpet av kort tid vil vera avgjerande for handlingsrommet me får vidare.

Kommunen sitt økonomiske handlingsrom er avgjerande for å kunne oppretthalde og vidareutvikle tenestetilboda til kommunens innbyggjarar framover, innanfor dei økonomiske rammene som blir vedtatt av Stortinget. Førebels har dei samla negative konsekvensane av det nye inntektssystemet vore mindre enn forventa, mellom anna som fylgje av ekstraordinære inntekter frå Havbruksfondet og stabile inntekter frå eigedomsskatten, men begge desse er forventa redusert i åra framover.

I tillegg til dyktige tilsette på dei ulike rammeområda, så er økonomi ein viktig innsatsfaktor når det gjeld kvalitet og kapasitet på kommunale tenester. Kommunen må driva eit kontinuerleg arbeid med innovasjon og omstilling for å ivareta god drift innanfor små økonomiske rammer slik at kommunen også framover skal kunne tilby innbyggjarane gode lovfesta tenester, og dei tilsette skal ha ein god arbeidsplass.

| Driftsrekneskap pr rammeområde<br>***Beløp i 1000*** | Rekneskap 2023 | Korr. Budsjett 2023 | Avvik frå budsjett |
|---|---|---|---|
| Sentraladministrasjonen | 19 187 | 19 647 | -460 |
| Kultur, skule og barnehage | 28 976 | 28 385 | 591 |
| Helse, pleie og omsorg | 37 514 | 32 773 | 4 741 |
| Sosial og barnevern | 2 595 | 2 967 | -372 |
| Teknisk (uten avskrivning) | 8 113 | 7 062 | 1 051 |
| **Sum avvik frå budsjett** | | | **5 550** |

Sentraladministrasjon har eit mindreforbruk mot budsjett med 0,5 millionar kroner som i stor grad knyttar seg til mindreforbruk på løn og kjøp av tenester frå andre.

Kultur, skule og barnehage har eit meirforbruk på 0,6 millionar kroner. Avviket knyttar seg i stor grad til ekstra ressursar i skule og barnehage.

Helse, pleie og omsorg har det største negative budsjettavviket i kroner, med 4,7 millionar kroner. Det største avviket er på område for flyktningar der ein har brukt 2,7 millionar meir enn budsjettert. Desse er finansiert av ekstra inntekter som er ført på finansiering. Resten av området har samla eit meirforbruk på 2 millionar (7 %). Av dette er 0,9 millionar meirforbruk på overtid, og 0,3 millionar gjeld legevaktsamarbeidet 2. halvår 2022.

Rammeområde teknisk har eit meirforbruk på 1 millionar kroner. Dette skuldast eit meirforbruk på arbeid med kommuneplan på 0,8 millionar kroner og ei mindreinntekt på sjølvkost på 0,3 millionar kroner.

## Har me nådd måla våre?

Gjennom den nye kommunelova har kommunane fått lovfesta plikt til å nytte finansielle måltal som verktøy for langsiktig styring av kommunen sin økonomi. Dei finansielle måltala skal fungera som rammer for budsjettarbeidet og vidare rapportering, men måltala er ikkje bindande for budsjettarbeidet. Status på handlingsreglane ved utgangen av 2023 framgår av tabell nedanfor.

| | Mål 2023 - 2027 | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2022 |
|---|---|---|---|
| Netto driftsresultat i prosent av driftinntektene | > 1,75 % | 3,17 % | 8,08 % |
| Disposisjonsfond  i prosent av driftsinntektene | > 10 % | 33,0 % | 34,8 % |
| Arbeidskapital i prosent av driftsinntektene | > 15 % | 46,4 % | 51,5 % |
| Langsiktig lånegjeld i prosent av driftsinntektene | < 80 % | 84,8 % | 89,1 % |
| Langsiktig lånegjeld utan unytta lånegjeld og vidare utlån | < 70 % | 55,3 % | 65,2 % |
| Lån som betenes av frie inntekter | < 70 % | 71,2 % | 76,7 % |
| Netto lån med renteeksponering i prosent av driftsinntektene | < 70 % | 43,5 % | 36,2 % |

Netto driftsresultat uttrykker andelen av årets driftsinntekter som ikkje er blitt nytta til å dekke årets driftsutgifter. Netto driftsresultat er den viktigaste indikatoren for å vurdere kommunen sin økonomiske tilstand. Det er ynskjeleg at inntektene er høgare enn utgiftene slik at kommunen har moglegheit til å byggje opp ein buffer (disposisjonsfond) for å finansiere investeringar, dekkje framtidige uforutsette utgifter etc. Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er positiv med 3,17 %. Kommunestyret har beslutta eit måltal på 1,75%.

Disposisjonsfond er frie fond og står til kommunestyrets frie disposisjon. Kommunen bør til ei kvar tid ha ein «buffer» for å kunne møte utfordrande hendingar, slik som svikt i inntekter eller auka utgifter. Kommunen vil automatisk sikre denne «bufferen» dersom store deler av eit positivt netto driftsresultat årleg blir satt av til disposisjonsfond. Når disposisjonsfondet har nådd ein viss størrelse, kan fondet bidra til at kommunen i større grad kan eigenfinansiere investeringane sine. Kommunen har oppsparte reservar i form av disposisjonsfond og kapitalfond på hhv om lag kr 46,4 millionar og 7,6 millionar kroner.

Arbeidskapitalen som både vert nytta for å angi likviditet (evne til å betale forpliktelsar etter kvart som dei forfell) og soliditet (evna til å tole tap), er også positiv for kommunen.

Bokn har redusert lånegjelda dei siste åra, men den er framleis noko høg og kommunen bør ha som mål å redusere gjeldsgraden. Dette vil gi større økonomisk handlingsrom og gi større rom for å kunne dekka ekstraordinære kostnader. 23% av langsiktig gjeld er lånt vidare via startlånsordninga i kommunen.

## Endringar i Bokn kommune sine inntekter

| Driftsinntekter | Rekneskap 2023 | Reg. Budsjett 2023 | Oppr. Budsjett 2023 | Rekneskap 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | 48 292 427 | 48 263 000 | 48 263 000 | 49 579 464 |
| Skatt på inntekt og formue | 30 080 153 | 27 900 000 | 27 900 000 | 30 625 860 |
| Eigedomsskatt | 12 382 024 | 10 560 000 | 10 560 000 | 8 063 275 |
| Brukarbetalignar og salsinntekter | 14 357 938 | 13 001 500 | 13 001 500 | 13 191 297 |
| Tilskot, overføringar og andre inntekter | 35 305 685 | 16 677 333 | 15 177 333 | 28 598 715 |
| **Brutto driftsinntekt** | **140 418 227** | **116 401 833** | **114 901 833** | **130 058 611** |

Grafisk fordeler dette seg slik:




Dei samla inntektene for Bokn auka med 10,4 millionar kroner frå 2022, tilsvarande 8 %. Samanlikna med budsjett blei det ei samla meirinntekt på 24 millionar, tilsvarande 21 %.

Frie inntekter er midlar kommunen kan disponere fritt utan andre føringar frå staten enn gjeldande lovar og reglar. Dei frie inntektene, som i hovudsak består av skatteinntekter og rammetilskot, utgjer om lag 65% av samla inntekter (68% i 2022). Det er ei auke i frie inntekter på 2,5 millionar frå 2022.

Det har samla sett vore ei skattevekst i 2023. For låginntektskommunar slik som Bokn har dette stor betyding, og for 2023 har Bokn kommune fått 2,1 millionar meir i skatteinntekter enn budsjettert og ein reduksjon på 0,5 millionar kroner frå 2022. I tillegg viser rekneskapen 1,8 millionar kroner meir i eigedomsskatt enn budsjettert. Halvparten av dette gjeld inntekt frå gassbasert industri i Tysvær kommune.

Havbruksfondet har vore ei god kjelde til inntekter for Bokn dei seinare åra, men har vore veldig usikkert med store beløpsmessige svingingar. I 2020 fekk kommunen 6,7 millionar kroner, i 2021 3,7 millionar og i 2022 9,5 millionar kroner. I 2023 fekk me kr 3,5 millionar som er 0,8 millionar meir enn budsjettert.

Bokn kommune har i mange år, som fylgje av eigedomsskatt frå gassbasert industri, hatt ein økonomi som har gjort det mogleg å halde eit tilfredsstillande driftsnivå, nedbetale gjeld og samtidig setje av pengar til fond. Nytt inntektssystem som blei innført frå 2017 har gradvis redusert rammetilskottet og svekka den kommunale økonomien. No er det venta nytt inntektssystem som skal leggjast fram av regjeringa i løpet av våren 2024.

Brukarbetalingar og salsinntekter viser eit positiv avvik på 1,3 million kroner. Eigenandel på opphald i pleie og omsorg er 0,3 millionar høgare enn budsjettert. Ei eingongsinntekt på restplasser i båthavna utgjer 0,4 millionar. Restbeløpet er diverse sal og gåver i dei ulike einingane.

Andre overføringar og tilskot frå andre viser ei netto meirinntekt på 18,6 millionar kroner mot budsjett. Kommunen har i 2023 hatt fleire langtidssjukemeldingar og fleire permisjonar med refusjon. Som ein følgje av det har ein fått refusjon sjukepengar med 6 millionar meir enn budsjettert. Dette viser også igjen tilsvarande på driftsutgiftene. Refusjon av meirverdiavgift er 2,4 millionar høgare enn budsjettert, men same beløp er ført i rekneskapen under utgifter, slik at effekten på netto driftsresultat er lik 0. Andre statstilskot er 7,2 millionar høgare enn budsjettert. Av dette gjeld 5,3 millionar integreringstilskot. Refusjon frå andre kommunar er 0,9 millionar høgare enn budsjettert. Bokn kommune har inngått avtale med Karmøy kommune og Tysvær Kommune om sal av institusjonsplassar og har ved utgangen av året avtale om sal av 3 plassar på korttid og langtid. Dette gav i 2023 ei inntekt på 4,2 millionar mot eit budsjett 4,1 millionar. Resterande beløp på refusjon frå andre kommunar gjeld oppvekst, der noko av beløpet er etterslep frå 2022. Inntekter frå havbruksfond er 0,8 millionar høgare enn budsjett.

## Endringar i Bokn kommune sine driftsutgifter

| Driftsutgifter | Rekneskap 2023 | Reg. Budsjett 2023 | Oppr. Budsjett 2023 | Rekneskap 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Løn og sosiale utgifter | 88 408 601 | 77 347 600 | 76 447 600 | 80 234 868 |
| Varer og tenester | 36 828 527 | 32 035 900 | 30 065 900 | 29 187 639 |
| Overføringar og tilskot til andre | 5 990 460 | 3 583 000 | 3 508 000 | 5 701 205 |
| Avskrivningar | 9 409 729 | 8 485 000 | 8 485 000 | 9 111 250 |
| **Brutto driftsutgifter** | **140 637 317** | **121 451 500** | **118 506 500** | **124 234 962** |

Grafisk fordeler dette seg slik




Dei samla driftsutgiftene for Bokn auka med 16,4 millionar frå 2022, ei auke tilsvarande 3,4%. Samanlikna med budsjett er utgiftene 19,2 millionar høgare enn budsjettert.

## Løn og sosiale utgifter

Om lag 63 % av kommunens brutto utgifter er løn og sosiale kostnadar.

Det har i 2023 vore høgt sjukefråvær ved fleire einingar, og fleire av rammeområda har hatt stillingar som har stått vakant gjennom året. Det vart inntektsført refusjon sjukepengar med 6,4 millionar kroner i 2023, 2,3 millionar høgare enn i 2022. Netto lønskostnadar i 2023 inkl refusjon sjukepengar er 82 millionar kroner og er 6,5 % (5 mill) høgare enn budsjettert.

Overforbruk i netto lønskostnadar skuldast hovudsakleg meirforbruk helse og i nokon grad barnehage/skule. 2,4 millionar kroner gjeld kostnader som er budsjettert på kjøp av tenester, men der kostnaden kjem som lønnskostnad.

## Overføringar og tilskot til andre

Overføringar og tilskot til andre viser eit avvik mot budsjett med 2,4 millionar kroner. Årsaka er meirverdiavgift som er høgare enn budsjettert. Same beløp er ført i rekneskapen under inntekter, slik at effekten på netto driftsresultat er lik 0.

## Avskrivingar

Avskrivningane for 2023 er 1 million kroner høgare enn budsjett.

## Bevilgningsoversikt drift - §5-4 1. ledd i regnskapsforskrifta

Bevilgningsoversikt drift etter §5-4 1. ledd viser kommunens frie inntekter, samla bruk på budsjettområda, finanspostar, netto driftsresultat og disponeringane.

| | Regnskap | Reg. budsjett | Oppr.budsjett | Regnskap i fjc |
|---|---|---|---|---|
| **Bevilgningsoversikt - drift (regnskap)** | | | | |
| 1 Rammetilskudd | 48.292.427,00 | 48.263.000,00 | 48.263.000,00 | 49.579.464,0 |
| 2 Inntekts- og formueskatt | 30.080.152,92 | 27.900.000,00 | 27.900.000,00 | 30.625.860,3 |
| 3 Eiendomsskatt | 12.382.024,00 | 10.560.000,00 | 10.560.000,00 | 8.063.275,0 |
| 4 Andre generelle driftsinntekter | 14.827.130,36 | 7.546.333,00 | 3.773.333,00 | 13.299.984,2 |
| **5 Sum generelle driftsinntekter** | **105.581.734,28** | **94.269.333,00** | **90.496.333,00** | **101.568.583,5** |
| **6 Sum bevilgninger drift, netto** | **96.391.095,51** | **90.834.000,00** | **85.616.000,00** | **86.633.683,8** |
| 7 Avskrivninger | 9.409.728,91 | 8.485.000,00 | 8.485.000,00 | 9.111.250,0 |
| **8 Sum netto driftsutgifter** | **105.800.824,42** | **99.319.000,00** | **94.101.000,00** | **95.744.933,9** |
| **9 Brutto driftsresultat** | **-219.090,14** | **-5.049.667,00** | **-3.604.667,00** | **5.823.649,6** |
| 10 Renteinntekter | 3.352.610,75 | 1.200.000,00 | 1.200.000,00 | 2.064.273,5 |
| 11 Utbytter | 17.726,78 | 0,00 | 0,00 | 15.352,0 |
| 12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,0 |
| 13 Renteutgifter | 4.700.252,91 | 2.050.000,00 | 2.050.000,00 | 2.349.369,7 |
| 14 Avdrag på lån | 3.409.190,00 | 3.333.000,00 | 3.333.000,00 | 4.159.099,0 |
| **15 Netto finansutgifter** | **-4.739.105,38** | **-4.183.000,00** | **-4.183.000,00** | **-4.428.843,1** |
| 16 Motpost avskrivninger | 9.409.728,91 | 8.485.000,00 | 8.485.000,00 | 9.111.250,0 |
| **17 Netto driftsresultat** | **4.451.533,39** | **-747.667,00** | **697.333,00** | **10.506.056,5** |
| **Disponering eller dekning av netto driftsresultat** | | | | |
| 18 Overføring til investering | 4.435.842,00 | 4.435.842,00 | 0,00 | 500.000,0 |
| 19 Avsetninger til bundne driftsfond | 221.467,80 | 400.000,00 | 400.000,00 | 847.520,9 |
| 20 Bruk av bundne driftsfond | -1.328.907,84 | -934.000,00 | -934.000,00 | -498.018,0 |
| 21 Avsetninger til disposisjonsfond | 5.412.973,43 | 1.231.333,00 | 1.231.333,00 | 9.858.803,5 |
| 22 Bruk av disposisjonsfond | -4.289.842,00 | -5.880.842,00 | 0,00 | -202.250,0 |
| 23 Dekning av tidligere års merforbruk | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,0 |
| **24 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsr** | **4.451.533,39** | **-747.667,00** | **697.333,00** | **10.506.056,5** |
| 25 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,0 |

## Finansinntekter og -utgifter

Stigande marknadsrenter har påverka både inntekts- og utgiftssida i rekneskapen, og netto rentekostnad er om lag 0,5 million høgare enn budsjettert.

## Disponeringar

Tilskot og andre midlar frå eksterne med gitte vilkår må anten nyttast til formålet i budsjettåret, eller setjast av til bundne fond for bruk i seinare år. Totalt blei det dermed brukt 1,1 millionar kroner av bundne driftsfond. Det er ei netto auke i disposisjonsfond med 1,1 millionar kroner i 2023. Investering i eigedom i Føresvik vart overført frå drift og finansiert frå disposisjonsfond i tråd med kommunestyrevedtak.

## Sum bevilgningar drift, netto - §5-4 2. ledd i regnskapsforskrifta

Den andre bevilgningsoversikten viser rekneskapen og budsjett på det nivå kommunestyret har gitt sine netto bevilgningar til dei ulike budsjettområda.

Nettobeløpet av bevillingane samsvarar med beløpet i linje 6 i oppstillinga etter §5-4 1.ledd ovanfor

| | Rekneskap 2023 | Reg.Budsjett 2023 | Budsjett 2023 | Rekneskap 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Sentraladministrasjonen | 19 186 970 | 19 647 000 | 19 202 000 | 18 383 906 |
| Kultur, skule og barnehage | 28 975 501 | 28 385 000 | 27 485 000 | 28 264 533 |
| Helse, pleie og omsorg | 37 513 790 | 32 773 000 | 29 000 000 | 31 177 378 |
| Sosial og barnevern | 2 594 770 | 2 967 000 | 2 967 000 | 2 103 784 |
| Teknisk | 9 596 562 | 8 547 000 | 8 447 000 | 13 897 163 |
| **Sum bevilgningar drift, netto** | **97 867 593** | **92 319 000** | **87 101 000** | **93 826 764** |
| | | | | |
| Herav: | | | | |
| Avskrivningar | 1 483 619 | 1 485 000 | 1 485 000 | 7 192 967 |
| Netto renteutgifter og - inntekter | 7 122 | - | - | 177 |
| **Korrigert sum bevilgningar drift, netto** | **96 391 096** | **90 834 000** | **85 616 000** | **86 633 974** |

I løpet av 2023 blei kultur og kulturskulen flytta over til rammeområde for sentraladministrasjon. Oversikta nedanfor viser bevillingane der desse områda er flytta.

| Driftsrekneskap pr rammeområde<br>***Beløp i 1000*** | Rekneskap 2023 | Korr. Budsjett 2023 | Avvik frå budsjett |
|---|---|---|---|
| Sentraladm/kultur | 21 689 | 22 151 | -462 |
| Oppvekst, skule og barnehage | 26 473 | 25 881 | 592 |
| Helse, pleie og omsorg | 37 514 | 32 773 | 4 741 |
| Sosial og barnevern | 2 595 | 2 967 | -372 |
| Teknisk (uten avskrivning) | 8 113 | 7 062 | 1 051 |
| **Sum avvik frå budsjett** | | | **5 550** |

Samla viser denne tabellen eit meirforbruk på tenestene på ca 5,5 millionar kroner mot regulert budsjett.  Tenesteområda vil bli gått gjennom kvar for seg i eine kapittel for rammeområdet.

# 5. INVESTERINGSREKNESKAP

## Bevilgningsoversikt - investering - §5-5 i regnskapsforskrifta

| | Regnskap | Reg. budsjett | Oppr.budsjett | Regnskap i fjc |
|---|---|---|---|---|
| **Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap)** | | | | |
| 1 Investeringer i varige driftsmidler | 10.879.744,17 | 10.255.342,00 | 1.900.000,00 | 57.093.745,8 |
| 2 Tilskudd til andres investeringer | -7.254,00 | 0,00 | 0,00 | 2.746,0 |
| 3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper | 299.542,00 | 0,00 | 0,00 | 261.027,0 |
| 4 Utlån av egne midler | 143.441,00 | 0,00 | 0,00 | 0,0 |
| 5 Avdrag på lån | 0,00 | 800.000,00 | 800.000,00 | 11.000.000,0 |
| **6 Sum investeringsutgifter** | **11.315.473,17** | **11.055.342,00** | **2.700.000,00** | **68.357.518,8** |
| 7 Kompensasjon for merverdiavgift | 1.221.678,66 | 0,00 | 0,00 | 11.003.821,1 |
| 8 Tilskudd fra andre | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 2.975.000,0 |
| 9 Salg av varige driftsmidler | 239.000,00 | 0,00 | 0,00 | 0,0 |
| 10 Salg av finansielle anleggsmidler | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,0 |
| 11 Utdeling fra selskaper | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,0 |
| 12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,0 |
| 13 Bruk av lån | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,0 |
| **14 Sum investeringsinntekter** | **1.460.678,66** | **0,00** | **0,00** | **13.978.821,1** |
| 15 Videreutlån | 4.971.300,00 | 8.000.000,00 | 0,00 | 9.516.500,0 |
| 16 Bruk av lån til videreutlån | 4.971.300,00 | 8.000.000,00 | 0,00 | 9.516.500,0 |
| 17 Avdrag på lån til videreutlån | 732.246,00 | 0,00 | 0,00 | 773.307,0 |
| 18 Mottatte avdrag på videreutlån | 1.207.980,51 | 800.000,00 | 800.000,00 | 1.284.724,0 |
| **19 Netto utgifter videreutlån** | **-475.734,51** | **-800.000,00** | **-800.000,00** | **-511.417,0** |
| 20 Overføring fra drift | -4.435.842,00 | -4.435.842,00 | 0,00 | -500.000,0 |
| 21 Avsetninger til bundne investeringsfond | 475.734,51 | 0,00 | 0,00 | 511.417,0 |
| 22 Bruk av bundne investeringsfond | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,0 |
| 23 Avsetninger til ubundet investeringsfond | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,0 |
| 24 Bruk av ubundet investeringsfond | -12.431.285,25 | -12.831.832,74 | -1.900.000,00 | -46.866.365,0 |
| 25 Dekning av tidligere års udekket beløp | 7.012.332,74 | 7.012.332,74 | 0,00 | 0,0 |
| **26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger** | **-9.379.060,00** | **-10.255.342,00** | **-1.900.000,00** | **-46.854.948,0** |
| 27 Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 7.012.332,7 |

Utlån av eigne midlar har ikkje tilsvarande budsjettpost. Dette skuldast at vedtak i kommunestyret vart gjort i november 2022 medan lånet vart utbetalt i januar 2023. Det vart då ikkje føretatt ei budsjettendring for 2023.

Her er ei oversikt over dei største investeringane:

| Prosjekt | Regnskap 2023 inkl mva | Reg. budsjett (eks mva) | Budsjett 2023 (eks mva) | Regnskap 2022 inkl mva |
|---|---|---|---|---|
| Div. utstyr | | | | - |
| 1399 Egenkapitalinnskudd KLP | 299 542 | - | - | 261 027 |
| 9043 Overvatn Øyren | 2 550 | - | - | 685 500 |
| 9404 Overvatn Føresvik | - | 500 000 | 500 000 | 44 529 |
| 9014 Utbygging skule | 4 378 633 | 2 716 000 | - | 51 742 470 |
| 9018 Vassledning | 974 658 | 1 000 000 | - | 1 601 968 |
| 9007 Dagsturhytta | - | - | - | 1 522 998 |
| 9044 Klatrepark | - | - | - | 1 415 610 |
| 6031 Oppgradering ved Ognøy | 939 160 | 732 000 | 500 000 | - |
| 9046 Føresvikvegen 3 | 4 203 842 | 4 203 842 | - | - |
| 9405 Energisparing | 290 230 | 803 500 | 500 000 | - |
| 9406 Nærmiljøanlegget | - | 300 000 | 300 000 | |
| 8002 Museum - overført drift | - | - | 100 000 | - |
| 6320 Utbyggingsavtale Vågaheia | 83 417 | | | 83 417 |
| | 11 172 032 | 10 255 342 | 1 900 000 | 57 357 519 |

# 6. ØVRIGE FORHOLD

## Likestilling og mangfald

Bokn kommune er den største arbeidsgivaren i kommunen. Kommunen skal vere ein attraktiv arbeidsgivar med eit  godt arbeidsmiljø.

Med bakgrunn i likestillingsloven § 26 og kommunelova §14-7e) skal det greiast ut om den faktiske stoda når det gjeld likestilling i kommunen. Det skal i tillegg seiast noko om iverksette og planlagde tiltak.

Bokn kommune hadde per 31.12.2023 120 tilsette, 13 av desse var menn. Det vil seie at menn utgjer 11 % av dei tilsette.

Bokn kommune har ei skeiv fordeling mellom kvinner og menn. Det er overvekt av kvinner i alle sektorar med unntak av teknisk.

Kommunen har og ein del deltidsstillingar, spesielt innan pleie og omsorg. Det er eit mål å redusera bruk av deltidsstillingar og kunna tilby fleire stillingar i 100%. Samstundes ynskjer me å leggje til rette for dei som ikkje kan vera 100% yrkesaktive.

## Iverksette tiltak

<u>Heiltidskultur</u>

Heiltidskultur er ikkje eit mål i seg sjølv, men ein føresetnad for at kommunesektoren skal kunne løyse sitt samfunnsoppdrag. Dei tilsette har krav på å ha stillingsstorleikar det er mogleg å leve av og som er føreseieleg. Våren 2022 vart prosjektet «Heiltidskultur» starta på pleie- og omsorg. Arbeidet vart omsett til praksis frå 27. mars 2023 med ny årsturnus og utprøving av langvakter i helgene.

Endringsprosessar er krevjande og tar tid, og arbeidet kjem difor til å fortsetje i åra som kjem.

Målsetninga med heiltidskultur er å finne nye måtar å organisere arbeidet og arbeidstida på som gir effekt på kontinuitet og kvalitet i tenestene, og forutsigbarhet og tryggleik for brukarar og tilsette 24/7/365.

## Etikk

I tråd med kommunelova § 14-7 d) skal det greiast ut om tiltak som er iverksett  og tiltak som planleggjes iverksett for å sikre høg etisk standard i kommunen.

**Arbeidsgjevarpolitikk**

Det skal gis tydelege føringar for kva arbeidsgjevar skal legge til rette for og kva arbeidsgjevar forventar av sine medarbeidarar, både tilsette og leiarar.

**Etiske retningslinjer**

Dei etiske retningslinjene i Bokn kommune har vore ein del av personalreglementet. Dette vart revidert i 2019, men dei etiske retningslinjer har ikkje vore revidert sidan 2010. Personalreglementet er ikkje revidert i tråd med ny kommunelov difor vil eit av tiltaka vere å revidere dei etiske retningslinjene for Bokn kommune saman med personalreglementet i løpet av 2024.

**Styrevervregisteret**

Kommunar og kommunalt eigde selskap er avhengig av at ålmenta har tillit til at utøving av mynde vert tatt hand om på best mogleg måte.

Ein måte å styrke kommunesektoren sitt omdøme på er at det vert skapt openheit knytt til dei ulike roller enkeltpersonar har. Det er derfor oppretta eit nasjonalt register kor folkevalde , tilsette og medlemmer i styrer kan registrere sine verv og økonomiske interesser.

Alle leiarar og politikarar i Bokn kommune er oppfordra til å registrere seg i styrevervregisteret. Kommunen har lagt ut link til registeret på Bokn kommune sine sider slik at folkevalde og tilsette kan registrere seg.

**Introduksjon for alle nytilsette**

Bokn kommune har som mål at ein i løpet av 2024 får laga eit kurs/ «onboarding» for nytilsette kor etikk har ein sentral plass. Med utgangspunkt i etiske retningslinjer går ein gjennom ulike etiske dilemma.

**Folkevaldopplæring**

Etikk er og eit tema i opplæringa av folkevalde etter kommuneval.

**Leiing**

Kommunen sine verdiar og etikk står sentralt i utøvinga av leiing, dagleg arbeid og i leiarmøter.

## Internkontroll

Ifølge Kommunelova § 9-13 skal kommunen ha internkontroll med føretaket si verksemd for å sikre at lover og forskrifter vert følgde.

Føremålet med internkontroll er å sikre kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen, sikre heilskapleg styring og riktig utvikling av kommunen. God internkontroll skal sikre godt omdøme og legitimitet og etterleving av lovar, forskrifter og overordna instruksar.

Internkontroll handlar om systematisk arbeid og dokumentasjon ev eigen praksis, forbetring av arbeidsmetodar og samhandling for å sikre måloppnåing, for å unngå lovbrot og andre uønskte hendingar.

Bokn kommune bruker Compilo kvalitetssystem

Kvalitetssystemet skal gi kommunen ei felles tilnærming for rutinar som skal dokumenterast. Føremålet med systemet er at tilsette har tilgong til :

1. Bokn kommune si interne organisering , ansvar - og mynde
2. Rutinar , retningslinjer, reglement og skjema/malar som er gjeldande i Bokn kommune, overordna for alle tilsette og som gjeld for einingane
3. Å melde avvik på lover forskrifter og eigne rutinar
4. Registrere skader som har oppstått i arbeidstida.

Bokn kommune skal ha fokus på å få internkontroll inn i strategidokument som planer, budsjett og årshjul.

Det er utarbeida årshjul kor fleire punkter rundt rapportering vil ivareta deler av internkontrollen. Kommunen sitt generelle arbeid rundt dokumentasjon og bruk av avvikssystem og risiko – og sårbarheitsanalyser vert det arbeida med gjennom heile året.

**Varslingsordning rundt kritikkverdige forhold**

I tråd med reglane i arbeidsmiljøloven § 2 A – 1 har Bokn kommune eigen rutine for varsling om kritikkverdige forhold.

**Informasjonssikkerheit og personvern – GDPR**

Rolla som personvernombod er lagt til leiar for Servicetorget. Kommunen har kartlagt systema som kommunen sine behandlingar skjer i.

Personvernerklæringa er oppdatert og ligger lett tilgjengeleg på kommunen sine nettsider. Her finnes det også informasjon om korleis kommunen behandlar personopplysningar og kontaktinfo til personvernombodet.

## Befolkningsutvikling og sysselsetting

Folketalsutviklinga er ein avgjerande faktor i kommunen sin økonomiske planlegging og prioritering. Ved vurdering av folketalsutviklinga må ein ta omsyn til viktige endringskrefter i det lokale og regionale utviklingsbildet som effektar av nye vegsamband, nærings- og sentrumsutvikling, nye bustadområde m.v.

Framskrivinga viser at på Bokn vil talet på born og unge vert redusert frå 128 i 2023 til 126 i 2050, mens aldersgruppa frå 16 – 66 år vert redusert med heile 91 personar. Gruppa over 67 år aukar med 107 personar.

Framskriving av befolkningsutviklinga i Bokn 2023 – 2050 er basert på hovudalternativet (MMMM)

| Framskriving av befolkning | 2023 | 2030 | 2040 | 2050 |
|---|---|---|---|---|
| 0-5 år | 39 | 46 | 48 | 46 |
| 6-15 år | 89 | 74 | 80 | 80 |
| 16-19 år | 50 | 32 | 32 | 32 |
| 20-66 år | 493 | 473 | 431 | 420 |
| 67 år eller eldre | 175 | 202 | 257 | 282 |
| **Sum** | **846** | **827** | **848** | **860** |




| Folketilvekst | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Bokn | -11 | -4 | 12 | 7 | -4 | 13 | 15 |

# 7. ORGANISASJON

## 2023- 2027




Tabellane nedanfor syner partirepresentasjon i dei ulike utvala (Talet på kvinner i parentes).

| Utval | AP | SP | KRF | H | Uavh. | SUM | Prosent kvinner |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kommunestyre** | 4(2) | 6(2) | 1(0) | 5(2) | | 17(6) | 35% |
| **Formannskap** | 2(2) | 2(0) | 1(0) | 2(1) | | 7(3) | 42% |
| **Forvaltningsstyre** | 1(0) | 3(1) | 0(0) | 3(2) | | 7(3) | 42% |
| **Kontroll – og kvalitetsutval** | 0(0) | 1(0) | 1(0) | 1(0) | 2(2) | 5(2) | 40% |

Ordførar : Osmund Våga (SP) til 24.10.23/ Egil Våge(SP) frå 24.10.23

Varaordførar: Lene Ognøy Foss(H) til 24.10.23/ Rannveig Øvrebø(AP) frå 24.10.23

## Administrativ organisering




Administrativ leiing:

| | |
|---|---|
| **Kommunedirektør** | Ingeborg Skjølingstad |
| **Kommunalsjef økonomi – og administrasjon** | Lillian Grønnestad |
| **Kommunalsjef helse – og omsorg** | Grethe Heimvik |
| **Kommunalsjef oppvekst** | Ingrid Sofie Rundhaug |
| **Kommunalsjef teknisk** | Michael Gräfe |
| | |

# 8. MEDARBEIDARAR

## Arbeidsmiljø, sjukefråvær og nærværsarbeid

Kommunen har ein avtale om inkluderande arbeidsliv (IA) som betyr at vi forpliktar oss til å ha ei tett oppfylging av dei sjukemeldte og tilrettelegging av arbeidet slik at dei kan fortsette i jobben.

Bokn kommune har vore IA bedrift frå 2002. Kommunen har avtale med Falck om bedriftshelseteneste.

| Ansvar | Fraværsprosent 2023 | Fraværsprosent 2022 |
|---|---|---|
| 120 - Sentraladministrasjon/kultur | 7,8 % | 18,0 % |
| 200 - Skule | 5,9 % | 9,8 % |
| 210 - Barnehage | 12,9 % | 16,1 % |
| 220 - SFO/bibliotek/adm | 28,5 % | 8,1 % |
| 310 - Pleie og omsorg/psyk. helse | 17,5 % | 14,4 % |
| 341 - Legekontor/psyk.sjukepleie/flyktnir | 4,4 % | 4,3 % |
| 370 -Bu og aktivitet | 4,3 % | 2,2 % |
| 600 - Teknisk | 4,2 % | 7,0 % |
| **Samla fraværsprosent** | **11,3 %** | **12,9 %** |

| | Utvikling samla fraværsprosent |
|---|---|
| 2018 | 3,6 % |
| 2019 | 6,8 % |
| 2020 | 10,5 % |
| 2021 | 8,0 % |
| 2022 | 12,9 % |
| 2023 | 11,3 % |

Det overordna målet i IA-avtalen er *et arbeidsliv med plass til alle.*

Det er to nasjonale mål

- redusere sjukefråværet med 10 prosent sammenlignet med gjennomsnittet for 2018, og
- redusere fråfall.

Å redusere fråfall handlar om å hindre at langtidsjukemeldte faller ut av jobb og hindre tidleg pensjonering. Da skal det leggjast til rette for at så mange som mogleg, kan arbeide så mykje som mogleg, så lenge som mogleg.

Innsatsområda er førebyggjande arbeidsmiljøarbeid og lange eller hyppig gjentakande sjukefråvær.

Bokn kommune har etablert HMS grupper på alle einingane.

HMS-gruppene bidrar til å fremme samarbeid mellom leiing og tilsette og skal arbeide med arbeidsmiljøspørsmål på eigen arbeidsplass. Velfungerande og aktive HMS-grupper er ein av dei viktigaste forutsetningane og i eit av dei beste reiskapane for å lykkes i arbeidet med HMS på einingsnivå.

Bokn kommune har sidan hausten 2020 en hatt samarbeid  om inkluderende arbeidsliv med NAV Rogaland. Det er inngått ein samarbeidsavtale som gjeld bistand frå NAV innsatsteam, som er NAV Bokn/Karmøy og NAV arbeidslivssenter Rogaland si felles satsing retta mot verksemder med høgt sjukefråvær (6 prosent eller meir). NAV innsatsteam er oppretta for å jobbe målretta med måla i gjeldande IA-avtale, der innsatsen rettes mot forebyggande arbeidsmiljøarbeid og hyppig og/eller gjentakande sjukefråvær. Det er utarbeida eigen rutine for samarbeidet.

Målet for kommunen bør være å vedta differensierte målkrav for sjukefråvær i Bokn kommune, og at målkrav for Bokn kommune totalt skal være 6,5 prosent.

## Arbeidsmiljøutvalet

AMU har hatt 3 møter i 2023.

Arbeidstakarrepresentant har hatt leiarfunksjonen i denne perioden. Sekretær har i 2023 har vore kommunedirektøren. Vår bedriftshelseteneste, Falck deltar på alle AMU møter. Det har vore eit uttalt mål at og kommunen sin AKAN kontakt skal delta på minst 2 av møtene.

| AMU | Namn | Rolle |
|---|---|---|
| **Medlemmer:** | Ingeborg Skjølingstad | Arbeidsgiverep. |
| | Lillian Grønnestad | Arbeidsgiverep. |
| | Grete Heimvik | Arbeidsgiverep. |
| | Gro Sørensen (Leiar) | Arbeidstakerrep. hovedverneombod |
| | Rannveig Øvrebø | Arbeidstakerrep. Fagforbundet |
| | Merete Alvestad | Arbeidstakerrep. UDF |

Kommunen har 4 verneområder; skulen, barnehagen, administrasjonen/teknisk og sjukestova/helse. Alle verneombod og medlemmer av AMU skal ha gjennomført 40 t grunnkurs i HMS. Dei har også kvart år tilbod om å delta på HMS konferanse for nyttig informasjon og inspirasjon.

## HMS utval

Det er utarbeida ein eigen rettleiar for gruppene som beskriver kva ein skal ha på agendaen. Eit godt partssamarbeid er ein føresetnad for å lukkast med IA arbeidet og både tillitsvalde, verneombod og leiing er representert i gruppene.

Målet er at HMS gruppene blir sentrale i oppfølginga av mellom anna personalundersøkingar, rutinar, organisasjonsendringar, effektiviseringstiltak.

## Lærlingar

Bokn kommune er godkjent lærebedrift for helsearbeidarfaget, institusjonskokk og barne – og ungdomsarbeidarfaget

Å utdanne faglært arbeidskraft er eit viktig samfunnsoppdrag men og ein måte å rekruttere arbeidskraft til kommunen. Målet bør vere å auke talet på lærlingar i kommunen innan ulike fagområde.

# 9. KONTROLL OG REVISJON

## Kommunen sitt ansvar

Kommunestyret har det øvste tilsyn med den kommunale forvaltinga.
Kommunestyret skal sjå til at dei kommunale rekneskap vert revidert på ein trygg måte.

Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å sørge for det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga på sine vegne. Revisjon av kommunal verksemd skal skje i høve til god kommunal revisjonsskikk. Kommunestyret vel sjølv revisor.

## Korleis tenestene gis

Bokn kommune er ein del av Rogaland Revisjon IKS .Rogaland Revisjon er eit interkommunalt selskap kor Bokn kommune har 0.17% eigardel.

Bokn kommune er medeigar i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS som sørger for sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet.

# 10. RAMMEOMRÅDE 1 – SENTRALADMINISTRASJON

## Kommunen sitt ansvar

Dei viktigaste, overordna lovene for administrasjonen er kommunelova m/forskrifter, plan- og bygningslova, forvaltningslova og offentleglova, samt lov om offentlege anskaffingar med forskrifter. I tillegg kjem ei rekkje lover og forskrifter innanfor kvart fagfelt. Kommunedirektøren er den øvste leiaren for den samla kommunale administrasjonen, med dei unntak som følger av lov, og innanfor dei rammer som kommunestyret fastset. Kommunedirektøren skal sjå til at dei saker som vert lagt fram for dei folkevalde organa, er forsvarleg utarbeida, og at vedtak blir iverksett. Administrasjonen skal drivast i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar, og være gjenstand for forsvarleg kontroll. Forvaltninga skal væra skapa tillit og bygge på høg etisk standard.

Opplæringslova § 13-6 pålegg alle kommunar anten aleine eller i samarbeid med andre kommunar å ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge organisert i tilknyting til skuleverket og kulturlivet elles. Kulturskulen skal drivast i tråd med opplæringslova og rammeplan for kulturskule. Rammeplanen legg føringar for innhaldet i kulturskulen. Kulturskolen skal gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge som ønsker det. Formålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk.

Kulturlova fastslår det offentlege sitt ansvar for å fremje og leggje til rette for eit bredt spekter av kulturell verksamheit, slik at alle kan få anledning til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk. Kommunen skal sørgje for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak.

## Korleis tenestene gis

Kommunen sin administrasjon er organisert på følgande måte i 2023:

Sentraladministrasjonen er organisert under kommunalsjef økonomi og administrasjon. Drifta i administrasjonen omfattar kundemottak, sentralbord, post, arkiv, felles innkjøp, sekretariat for politiske utval, interne merkantile tenester til og for seksjonane, økonomistyring, budsjett, innkjøpsavtalar, rekneskap, løn, fakturering, generell personalpolitikk, HMS/arbeidsmiljø, IKT drift- og strategi, Kultur – og kommunikasjon og  kulturskule.

Kommunedirektøren sine funksjonar er overordna styring og kontroll, juridisk bistand, interkommunalt/regionalt arbeid, beredskap, næringsarbeid og kommuneplanarbeid.

## Kvalitet i tenestene

Administrasjonen har vorte involvert i arbeid som inneber samarbeid med organisasjonen sine einingar, samstundes som administrasjonen arbeider tett opp mot det politiske nivået.

## Mål for tenestene

Administrasjonen har i 2023 arbeida for å auka digitalisering av manuelle arbeidsoppgåver.

Digitalisering gjer det mogleg å arbeide på andre måtar. Gevinstane kan være auka effektivitet, betre kvalitet på tenestene og meir brukarvenlege digitale tenester. Det er eit uttrykt statleg mål at digital kommunikasjon skal vera hovudregelen for innbyggjarane sin kontakt med det offentlege.

Nye elektroniske løysingar mot andre offentlege etatar har vore ei utfordring. Digitalisering av tenestene er også ei utfordring både med tanke på kompetanse, men og når det gjeld kapasitet. Dette er eit område ein arbeider med både i eigen kommune og i regionen.

Det er eit mål å i auka grad ta i bruk kunstig intelligens og at me kan nytte digitale løysingar gjennom fleire prosessar enn me gjer i dag.

## Økonomi – Resultatvurdering

**Rammeområde 1 - Sentraladministrasjon**

| Fordelt slik | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Inntekter | -2 698 494 | -1 061 700 | -1 636 794 | 154,2 % |
| Utgifter | 24 387 844 | 23 212 700 | 1 175 144 | 5,1 % |
| **Netto utgift** | **21 689 350** | **22 151 000** | **-461 650** | **-2,1 %** |

| Fordelt på teneste | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 120 - Sentraladministrasjon | 19 186 970 | 19 647 000 | - 460 030 | -2 % |
| 240 - Kultur | 1 801 350 | 2 104 000 | - 302 650 | -14 % |
| 250 - Musikk og kulturskule | 701 030 | 400 000 | 301 030 | 75 % |
| **Netto utgift** | **21 689 350** | **22 151 000** | **-461 650** | **-2,1 %** |

Inntektene er ca 1,6 millionar høgare enn budsjettert. Årsaka er refusjon av meirverdiavgift på 1,1 million høgare enn budsjettert, men same beløp er ført i rekneskapen under utgifter slik at netto effekt er 0. Det er inntektsført om lag 0,4 millionar kroner i refusjon sjukepengar meir enn budsjettert.

## Administrasjon

Kommunedirektør, IKT, personale, servicetorg og økonomi er alle definert som administrasjon.

Både kommunedirektør, økonomiavdelinga og servicetorg bruker mykje av arbeidstida til å utføre oppgåver som er ein del av tenesteproduksjonen i andre seksjonar. I tillegg utfører administrasjonen tenester som betener heile den kommunale organisasjonen – dvs. rekneskap, lønn, personalpolitikk, HMS, sentralbord, post/arkiv, politisk sekretariat, datadrift og overordna administrasjon og leiing.

## IKT

Målsetjing:

Målsetjinga for IT-avdelinga i Bokn kommune er å kunne tilby innbyggjarar og brukarar eit IKT-system som sikrar stabil drift, høg tilgjengelegheit og god informasjonstryggleik. Dette gjeld både for informasjonsskjermar, nettstad, digitale skjema og serverpark for brukarar.

Bokn kommune er avhengige av samarbeid for å kunne levere alle lovpålagde tenester, til desse trengst det vanlegvis ulike IT- system. Kjøp av slike tenester frå andre fører ofte til at Bokn sine brukarar må ha same lisens fleire stader, nokre gonger også same system. Det påverkar kostnadane til IT at ikkje alle tenester er knytt til eigen kommune. Døme på dette er tekniske tenester i Karmøy som krev installasjon av og lisens til ein eigen programvare og database for Bokn i Karmøy.

### *DIGITALISERING OG DIALOG MED INNBYGGJARAR OG NÆRINGSLIV*

IT- avdelinga har i 2023 halde fram arbeidet med å vidareutvikle digitale tenester for innbyggjarar og tilsette. Døme på dette er fleire heildigitale skjema med avlevering til arkivsystemet, digital bestillingsløysing for kommunale rom til utleige og digital feilmelding på kommunen sin nettstad.. Kommunen har gjennom interkommunalt samarbeid fått redusert pris men samstundes fått tilgang til fleire tenester.

Kommunen har digitale sensorar for måling av m.a. luftfuktigheit og vasstand. IT vil i samarbeid med teknisk sjå om ein skal halde fram med dette eller ikkje, det må gi gevinst.

Karmøy kommune har gjennom ein samarbeidsavtale med Bokn kommune ansvaret for ei rekke tenester innanfor teknisk og oppvekst. Lagring og bruk av data knytt til innbyggjarar i Bokn kommune er regulert gjennom verstkommunesamarbeidet. Karmøy kommune er ansvarleg for lovmessig handsaming, oppbevaring og arkivering.

### *DATASIKKERHET OG DRIFTSAVTALAR*

Krigen i Europa påverkar også Bokn kommune og fokuset på IT- tryggleik har aldri vore større. Sannsynlegvis har heller aldri trugslane vore større. Kommunen følger tett nasjonale tilrådingar og oppdaterte tryggleiksinformasjon frå nasjonale Certar.

Bokn kommune har i 2023 hatt ei stabil IT- drift utan uønska hendingar. Kommunen har ikkje hatt kjende brot eller avvik knytt til informasjonstryggleik i 2023. Kommunen tek tryggleikskopi av alle data, og back-up serveren er plassert i anna bygg enn hovudserver. Begge serverane er stasjonert i eigne låste rom og rom for hovudserver er også sikra med kjøling / ventilasjon. Nettverket er bygd slik at vi har sikre soner for sensitiv informasjon i samsvar med Datatilsynet sine krav. Kommunen har hatt gjennomgang med nettverkskonsulent for å kvalitetssikre nettverket mot inntrengarar. Kommunen har satt i verk tiltak for å hindre kryptering av tryggleikskopiar dersom kommunen skulle bli utsette for eit datainnbrot.

Kommunen har hatt gjennomgang med nettverkskonsulent for å kvalitetssikre nettverket mot inntrengarar. Det er likevel klart at det er uråd å vere førebudd på alle situasjonar.

I 2023 har ein sett endå større utfordringar med at risikoar i datasystem, applikasjonar og einingar i aukande grad blir forsøkt utnytta med ein gong dei blir kjende. I tillegg ser ein at alle kan bli råka. Dette aktualiserer trong for system og personell som overvakar systema 24/7/365. Slike system har

ikkje kommunen i dag og dette kan berre løysast med å kjøpe driftsavtale med kommersielle aktørar eller gjennom interkommunalt samarbeid. Kommunen valde ikkje å løyse ut opsjon på å vere med i eit interkommunalt innkjøp av slike tenester i 2023 av økonomiske årsaker.

### *VELFERDSTEKNOLOGI*

Bokn kommune har inngått ny driftsavtale på tryggleiksalarmar med Tellu. Systemet er skalerbart og vil bli nytta hos personar i omsorgsbustadar og personar på institusjonsrom. Det er no installert alarmar i alle nye bustadar og eksisterande bygg. Dette blir no drifta av Tellu og heimetenesta med nasjonalt responssenter. IT-avdelinga driftar alarmtelefonane som høyrer til institusjonen.

### *KJØP AV TENESTER*

Økonomiprogramma har sidan årsskiftet 05/06 vore drifta av eit privat selskap i Sykkylven, og alle kommunane som er/har vore med i dette samarbeidet har vore svært nøgde med oppetid og service. På grunn av kommunesamanslåing er det nå berre 2 av 4 kommunar som vert drifta her.

Dei kommunale programma (matrikkel, Gisline, Komtek) blir drifta av Karmøy.

Elles har kommunen tilgang til ein del program via internett kor vi har kjøpt bruksrett.

### *KOMPETANSE OG SAMARBEID*

IT- samarbeidet på Haugalandet er blitt svekka i 2023. Karmøy og Tysvær har ikkje lengre lokale IT-avdelingar ettersom Karmøy og Tysvær har stifta organisasjonen Haugalandet IKT. Denne driftar no desse kommunane. Sveio blir drifta av ekstern leverandør i Vestland fylke. Kommunedirektør i Bokn og IT- sjef vurderer at eit samarbeid med andre på sikt også vil vere aktuelt for Bokn kommune.

IT- avdelinga deltek på regional og nasjonale samlinga og konferansar for fagleg oppdatering og utvikling.

### *IT-AVDELINGA SI ROLLE I KOMMUNALE PROSJEKT*

Nye prosjekt som kommunen startar opp krev i ulikt omfang involvering frå IT-avdelinga i kommunen. Avdelinga deltar tidleg i alle nye prosjekt som rådgjevar og innkjøpar. IT- avdeling har i 2023 hatt stort fokus på vassforsyning i og med at Rogfastprosjektet starta opp. IT- avdelinga har hatt døgnvakt frå 1. september 2023 og vil halde fram med dette til det er gjennomslag ved Laupland. Det har mellom anna vore arbeidd med auka tryggleik og redundans, t.d. fiber/4G.

Det er også m.a. blitt innført nytt system for tryggleiksalarmar, nye PC-ar til ungdomstrinnet, nytt system for beredskapshandtering og ny lagringsløysing.

IT- sjef er medlem av ressursgruppa for beredskap i kommunen.

## Servicetorg

Servicetorget er publikum, innbyggarar og samarbeidspartnerar si kontaktflate inn mot dei fleste av kommunen sine tenester. Dei tilsette i servicetorget/arkiv har sine daglege arbeidsplassar i servicetorget og utgjer 180 % stillingsressurs. Servicetorget er kommunen sitt dokumentsenter og har dagleg arkivansvaret for Bokn kommune sine arkiver i tråd med arkivlov med forskrifter. Servicetorget ivaretar også oppgåva som politisk sekretariat.

Målsetjinga er at kommunen sine brukarar skal få ei positiv oppleving av kommunen sine kontaktpunkt, dvs. servicetorget og skulekontor. Dette inneber at informasjon som blir gitt av Servicetorget sine tilsette om kommunen sine tenester og/eller hjelp til kontakt med rett saksbehandlar blir oppfatta som korrekt og av god kvalitet i tillegg til at servicemøte blir oppfatta som positivt. Etter pandemien er fysisk oppmøte i servicetorget eller på kommunehuset Boknatun blitt merkbart redusert. Publikum tar kontakt enten via telefon, e-post eller på digitale kontaktflater som digitale skjema, e-dialog og via fagsystema sine kontaktpunkt. Ein ser og at fysisk postgang nå er erstatta av digital postgang og det er sjelden fysisk korrespondanse kjem inn til kommunen.

## ARKIV

Det er kommunedirektøren som etter lova har arkivansvar for kommunen sine arkiv, og arkivansvaret er delegert vidare til kommunalsjef økonomi og administrasjon. Fagleg og dagleg arkivansvar er deretter delegert til leiar i servicetorget som skal forvalta kommunen sine arkiv i tråd med lovverket t.d. arkivlova og forskrifter. Arkivverket hadde tilsyn med kommunen sine arkiver våren 2020 der dei var på stadleg tilsyn før pandemien starta, i mars 2020. Endeleg rapport med 9 avvik blei tilsendt Bokn 04.06.2020 som kommunen blei pålagt å lukke. Arbeidet med å lukka avvika starta sommaren 2020 og blei avslutta 18.05.2022 frå Arkivverket, der det framleis er nokre avvik som må lukkast. Avvika som pr årskiftet 2023/2024 må lukkast er:

- listeføring av fysiske arkivstykker
- deponering av ordna arkivstykker

Arbeid med å lukke desse avvika er pågåande og ein tar sikte på å ferdigstilla og lukka desse avvika seinast i løpet av 2024. Fysiske arkiver blei flytta frå ikkje godkjent arkivlokale til nytt godkjent arkivlokale i 2023 av servicetorget sine tilsette. Rydding og listeføring av eldre, fysiske arkiv pågjekk i 2023 og vil halda fram i 2024 og ein tar sikte på å starta avleveringa til depot sommaren 2024. Dette arbeidet vil pågå i heile 2024. Grunnar til at arbeid med å lukke avvika i tilsynet har tatt tid (pågått frå mars 2020 og fram til nå) er følgjande:

- rydding og ordning i fysisk og digitalt arkiv har hatt eit stort etterslep frå fleire år tilbake av ressursmessige årsaker,
- knappe ressursar i servicetorget i 2023

Bokn kommune er, som tidlegare år, medeigar i Interkommunalt arkiv for Rogaland IKS og nyttar seg av deira arkivfaglege kompetanse ved behov. Denne kompetansen og støtta i arkivfaglege problemstillingar har vært ei god hjelp i arbeidet med å lukke avvika i tilsynsrapporten frå Arkivverket. Kommune har også deponert dei eldste av kommunearkiva sine i IKA Rogaland IKS sitt arkivdepot. Det er satt eit mål framover om å rydde, ordne og reinsa i fysiske arkiver i Bokn for å kunne deponere mest mogleg av papirarkiv til vårt depot hos IKA Rogaland. Kommunen har eit mål om å avlevera ein stor del av fysiske arkiver som kan avleverast utifrå alder, i løpet av 2024. Bokn kommune sine arkiver blei fullelektronisk frå 01.01.2018 med unntak av nokre få delar som gjeld fagsystem i helse. Målet er å få også desse arkiva rydda og godkjente som fullelektroniske i 2024.

Servicetorget/arkiv er også brukarstøtte og har støttefunksjonar mot brukarane internt i organisasjonen i bruk av saksbehandlingssystemet og tilhøyrande applikasjonar i tillegg til å vere pådrivar for digitalisering av oppgåver, t.d. digitalisering av prosessar og/eller skjema for å gjera kvardagen enklare for sluttbrukarar og saksbehandlarar. Dette i godt samarbeid med IT.

## VAL

Hausten 2023 blei kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023 avvikla. Servicetorget har planlagt avvikling av valet sidan seinhausten 2022 og grunna god planlegging blei valet avvikla på ein god og trygg måte og i tråd med lovar og forskrifter Ein er godt rusta til praktisk avvikling av Stortingsvalet som kjem hausten 2025 både med tanke på rutinar, utstyr og lokalitetar for valet som kjem i 2025. Det må nemnast at Bokn kommune brukar tilsette i administrasjonen som valfunksjonærar i stor grad under sjølve valavviklinga valdagen i tillegg til stemmestyret. Denne løysinga fungerer godt for Bokn kommune.

## SAMARBEID MED IKS OG ANDRE KOMMUNAR

Kommunane på Haugalandet: Haugesund, Tysvær, Karmøy, Bokn og Vindafjord starta i 2018/2019 eit samarbeid om kommunane sine arkiver der ein har laga eit forum for å løysa arkivfaglege spørsmål saman – nettverksgruppa Arkiv. Etne og Vindafjord blei med i samarbeidet i 2019 grunna fellesprosjektet på Haugalandet – «Acos prosjektet». Samarbeidet om arkivfaglege problem og utfordringar forsett da det har vist seg å vere særdeles effektivt og kostnadssparande å ha eit nettverk som samarbeider om felles arkivfaglege og digitale spørsmål.

Samarbeidet i nettverksgruppa arkiv dreier seg også i stor grad om digitalisering av prosessar rundt arkivfaget og spesielt om dokumentfangst for organisasjonen. Bokn kommune er med i prosessane på Haugalandet i å kartlegge korleis ein kan tilby gode tenester til innbyggarane våre ved å tilby digitaliserte kontaktpunkt gjennom skjemaløysingar og andre digitale kontaktflater samtidig som dokumentasjonskrav og effektivitetskrav blir oppfylt.

## STARTLÅN OG BUSTØTTE

Behandling av startlånssøknader og bustøttesøknader er lagt til servicetorget. For 2023 er det innvilga 4 startlån til søkjarar i Bokn kommune. Søknader om bustøtte har auka i mengde grunna auke i innbyggarar som kjem inn under ordninga.

# Økonomi og personal

Personal har det faglege, strategiske og operative ansvaret for kommunens arbeidsgivarpolitikk, personaladministrasjon, HMS-system, opplæring, lønnsforhandlingar og lærlingordninga.

Økonomieininga har det faglege og operative ansvaret for rekneskap og løn for Bokn kommune og Kyrkjeleg Fellesråd i medhald av gjeldande lovverk. Økonomieininga gir den enkelte eining bistand og rådgjeving innanfor fagfelta rekneskap, budsjettering, økonomistyring, fakturering, innkjøp, analyse og løn. Økonomieininga har vidare ansvar for innfordring av kommunale krav, finans- likviditets- og låneforvaltning samt berekningar av kommunens kostnadar til pensjon.

Kommunen har inngått eit samarbeid med ein kredittinstitusjon som handterer innfordringsarbeidet på fordringar ikkje blir betalt i tide.

## INNKJØPSSAMARBEIDET PÅ HAUGALANDET

Bokn kommune er med i innkjøpssamarbeidet på Haugalandet. Haugesund og Karmøy har saksbehandlarar som utfører alt arbeid med vurdering av grenseverdiar og utlysing av anbod i Norge eller EØS-området.

## Beredskap

Bokn har felles beredskapskoordinator med Karmøy kommune i tråd med avtale om tenestesamarbeid.

Bokn kommune har både eige planverk og eigen kriseleiing, men ein harmoniserer system og planverk for å sikre effektiv utnytting av ressursane.

Bokn kommune og Bokn Røde Kors har inngått samarbeidsavtale om beredskap. Tilsvarande avtale er gjort med Bokn sanitetsforeining.

Gjennom delegeringsreglement og beredskapsplan har kommunedirektøren fullmakt til å kunna bruka inntil kr. 100.000,- i forbindelse med forutsette utgifter i forbindelse med gjennomføring av beredskapstiltak.

På regionalt nivå inngår Bokn i beredskapssamarbeid med Sveio, Haugesund, Utsira, Tysvær og Karmøy. Samarbeidet vert kalla Beredskapsforum for Ytre Haugalandet og består av beredskapskoordinatorer (eller tilsvarande) frå alle kommunane.

## Kyrkja

Kommunen har det økonomiske ansvaret for kyrkja. I rekneskapen for 2023 var overføringane til kyrkja og kyrkjegard totalt kr 1 281 000. Av dette kjøper kyrkja økonomi/lønn- og vaktmestertenester frå kommunen for ca kr. 120 000.

## Kulturskulen

Kulturskulen i Bokn blei i 2023 drive i kulturskulen sitt nye undervisningslokale, som offisielt vart opna 22. februar 2023, og i Bokn Arena. Målet er at denne delen av bygget på ettermiddagstid, kveld og helg skal kunne vere ein kulturell møtestad for barn og unge i ulike aktivitetar, samt vere ein kulturarena for kulturformidling til vaksne i samarbeid med biblioteket, kulturseksjonen i kommunen og frivillige lag og organisasjonar.

Bokn kulturskule gjennomførte i 2023 følgande undervisningstilbod/kurs:
Piano, gitar, bass, slagverk, fiolin, barnekor, ungdoms-/vaksenkor, dans og teikning.

Det var 0,65 årsverk i kulturskulen som dekka piano og ungdoms-/vaksenkor, administrasjon og ressurs til m.a. Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken.
Vidare vart det ved årsskifte 2022/2023 gjort ei politisk satsing og eit løft i kulturskulen med løyving av midlar til innleige av instruktørar til fleire aktivitetar og undervisningstilbod for året 2023.

Vårhalvåret starta med å planlegge aktivitetar/tilbod, få tak i instruktørar og opprette nettside og sosiale plattformar for informasjon, PR og påmelding. Dei første nye kursa, dans og teikning, var i gong i april. Vidare vart våren brukt til å planlegge aktivitet og tilbod for hausten, og i august kunne ordinær undervisning i gitar, bass, slagverk og fiolin starte opp. Samt to dansegrupper og prosjektkor for barn. I tillegg til eksisterande piano og ungdoms-/vaksenkor.

Løftet i kulturskulen ga ei god oppblomstring, og det var bra oppslutning gjennom 2023. Kulturskulen hadde 52 elevar i løpet av våren og 68 om hausten. Totalt 120 elevar i 2023, mot 35 elevar totalt i 2022.

Satsinga har hatt gode ringverknader for både den enkelte innbyggjar og for heile bygdesamfunnet/kommunen.

Kulturskulen har ein visjon om å kunne bidra ved kommunale og lokale arrangement og var i løpet av året delaktige med musikalske og kulturelle innslag ved 8 ulike arrangement i Bokn.
Utad deltok kulturskulen sine elevar på 3 ulike arrangement i Tysvær, samt på UKM for Bokn og Tysvær i Tysvær kulturhus og UKM-festivalen Rogaland.

Vårsemesteret vart avslutta med at kulturskulen v/Boknakoret/Aksang med band og elevar frå danse- og teiknekursa, hadde konsert og kunstutstilling i Bokn Arena for 150 publikummarar.

Avslutninga av haustsemesteret vart markert med ei stor, offentleg juleforestilling i Bokn Arena, saman med Bokn skule, kor Bokn Event sponsa kulturskulen og skulen med mat og drikke for 360 frammøtte. Produksjonen kunne stolt presentere 134 aktørar i sving på scena gjennom ulike innslag.

Kulturskule er eit lovfesta skuletilbod og det gjer at kommunen - som kulturskuleeigar, har eit system for kvalitetsvurdering og for kulturskulen, og innlemmar kulturskulen i den årlege rapporten om tilstanden i skulen, slik den er formulert i opplæringslova § 13-3e. Eigna verktøy for kvalitetssikring i kulturskulen er avgrensa etter som kulturskulen ikkje har nasjonale krav til resultatvurdering av elevane sitt utbytte av opplæringa. Kulturskulerådet har utarbeida ein rettleiar for lokalt rammeplanarbeid til rammeplan for kulturskulen. Rettleiaren beskriv mellom anna ansvaret til kulturskuleeigar og kulturskuleleiar i forhold til implementering av rammeplanen i kulturskulen, utviklingsarbeid og kvalitetsvurdering. Bokn kommune har ikkje utarbeida ein kommunal plan for kulturskule med klare mål og system for kvalitetsvurdering.

Kulturskulen har som mål å bidra til:

- Eit rikare kultur- og musikkliv for alle aldrar i Bokn kommune.
- Å oppretthalda og utvida eit variert musikk- og kulturskuletilbod.
  Barn og unge med djup interesse innan kunst og kultur skal ha gode mogelegheiter for vidareutvikling.
- Trivsel og god psykisk helse gjennom læring, skaping, utøving, samhandling og sosiale møtestader.

## Kultur

Kulturseksjonen i Bokn kommune har ansvaret for å drifte ulike aktivitet knytt til kulturaktivitetar i kommunen, tilbod til barn og unge, museumsdrift, kulturminnevern, idrett og friluftsliv. Arbeidet på alle områder er i stor grad organisert gjennom samarbeid andre sektorar i kommunen, frivillige lag og organisasjonar og interkommunale selskap.

Kommunen har eit interkommunalt samarbeid i samband med arbeid og oppretting av arrangement knytt til Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken. Arrangementa blir avvikla gjennom tett samarbeid med skule, barnehage og organisasjonar og lag.

Bygdekinoen har drift med kinovisning kvar 14.dag. Drifta er i samarbeid med ei foreldregruppe for elevar på ungdomskulen. Denne foreldregruppa er også med som vakt på PETRA (fritidsklubb for unge), medan miljøterapeut for barn og unge har ansvar for drifta.

Bokn har ein samarbeidsavtale med Haugalandsmuseet om drift av Bokn bygdemuseum. Føremålet med drifta er å sikre besøkstala, vedlikehald og samarbeid med organisasjonar og lag.

Friluftsrådet vest er det interkommunale friluftsrådet kor Bokn deltek. Kulturseksjonen samarbeider med friluftsrådet om drift, bruk og tilrettelegging av kommunen sine friluftsområde og tiltak mot marin forsøpling.

Me har som mål å:

- Skapa gode arenaer for aktivitet for born, unge og vaksne.
- Skapa trivsel og «kultur heile livet» for alle gjennom ulike kulturarrangement
- Skapa meiningsfulle fritidsaktivitetar for barn og unge
- Ta vare på museumsgjenstandane i Bokn
- Bevara og formidla lokal kunst- og kulturhistorie

Kunst og kulturformidling skjer i stor grad gjennom samarbeid mellom kulturseksjonen, biblioteket og dei andre einingane i kommunen. Biblioteket vert i stor grad nytta som arena for formidling, både i forhold til program i Den kulturelle spaserstokken, forfattarbesøk og tysdagskaféen.

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ein viktig del av kulturformidling til born og unge i Bokn kommune. Arrangementa er i stor grad retta mot elevane i skulen, men born frå barnehagen deltek der ein ser at arrangementa er passande og for denne målgruppa.

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) er ein viktig del av kulturformidling av høg kvalitet retta til kommunen sine innbyggjarar over 70 år.

Frå august 2022 har Bokn kommune hatt tilsett ressurs i delt stilling mellom skule og kultur/fritid, og kommunen overtok då ansvaret for drifta av fritidsklubben Petra. Det blei på same tid og starta opp tilbod i fritidsklubb for elevar på mellomtrinnet i det som blir kalla «Artep». Foreldregruppa som tidlegare var driftsgruppa for Petra er med og hjelper til i begge tilboda ut frå behov/avtale.

Bokn kommune har sidan juli 2020 hatt ei ordning med aktivitetskort for barn og unge som av ulike årsaker står i fare for å hamne i utanforskap. Målet med tilskotsordninga er å legge til rette for at alle barn og unge skal ha moglegheit til meistring og samfunnsdeltaking. Aktivitetskortet er gratis og gir inngang for barnet (inkludert ein vaksen følgjeperson for born under 13 år) på ulike fritids- og aktivitetstilbod i Bokn kommune og andre nabokommunar (Tysvær, Karmøy og Haugesund). Kortet gir også rett til friplass i kulturskulen. Rekrutteringa til tilbodet har vore gjennom eit samarbeid mellom helsestasjonstenesta, skule og barnehage, og kommunen ser at tilbodet har vore godt nytta. Tilbodet er finansiert gjennom ei tilskotsordning i Bufdir, og kommunen er innvilga tilskot til og med 2024.

- Plan for idrett og fysisk aktivitet er i tråd med krav frå kulturdepartementet. Kommunen jobbar med å følgje nasjonale anbefalingar på dette området. Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, og interkommunale selskap er ein viktig del av arbeidet med å oppfylle nasjonale krav og anbefalingar.

- Plan for kulturminnevern som skal sikre at kommunen sine kulturminne og kulturhistorie blir tatt i vare. Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, og interkommunale selskap er ein viktig del av arbeidet med å oppfylle nasjonale krav og anbefalingar.

- Plan for samordning frivillig/offentleg sektor skal sikre at kommunen har ein strategi og plan for samarbeid og samhandling med frivillige organisasjonar og lag i kommunen.

# 11. RAMMEOMRÅDE 2 – SEKSJON SKULE OG BARNEHAGE

## Kommunens sitt ansvar

Kommunen sitt ansvar i forhold til oppvekst og kultursektoren er i hovudsak regulert av fylgjande lovar og forskrifter

Barnehagelova og forskift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver

Kommunen sitt ansvar innan barnehageområdet er nedfelt i lov om barnehagar med tilhøyrande forskrifter. Barnehagen er eit pedagogisk tilbod til barn i førskulealder. Innanfor barnehageområdet har kommunen ei oppgåve både som eigar og barnehagemyndige. Dette inneberer oppgåver som
- Rettleiing og tilsyn
- Kompetanseutvikling
- Full barnehagedekning

Opplæringslova og læreplan for kunnskapsløftet

Grunnskoleopplæringa skal gjennomførast i tråd med opplæringslova med forskrifter og andre statlege og kommunale føringar. Læreplanverket skal styre innhaldet i opplæringa. Skulen skal tilby elevane eit forsvarleg og likeverdig opplæringstilbod, der kvar enkelt får hjelp til å nytte sine ressursar og sitt utviklingspotensial både fagleg og sosialt.

Det er vedteke ny opplæringslov frå 01.08.24. Viktige endringer finner dere her.

Pedagogisk-psykologisk tenestes (PPT) sitt arbeid blir regulert av opplæringslova og barnehagelova. Bokn kommune kjøper denne tenesta av Karmøy kommune.

Rammeplan for SFO

Skolefritidsordninga (SFO) skal drivast i tråd med opplæringslova, nasjonal rammeplan for SFO og kommunale vedtekter. Rammeplan for SFO legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gi barna omsorg og tilsyn.

Introduksjonslova

Kommunen har eit ansvar for vaksenopplæring som er heimla i opplæringslova og introduksjonsloven. Opplæringslova slår fast at vaksne over opplæringspliktig alder som treng grunnskoleopplæring, har rett til dette så lenge dei ikkje har krav på vidaregåande opplæring.

Folkebibliotekloven

Loven skal sikre at alle kommunar har eit folkebibliotek. Folkebiblioteket skal fremje opplysning, utdanning og anna kulturell verksmed, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre media gratis til disposisjon for alle som bur i landet. Folkebiblioteka skal vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt.

Forskrift om miljørett helsevern i barnehagar og skular

Eit overordna krav er at verksemder og eigedommar skal planleggast og byggast på ein slik måte at det er lagt til rette for både drift og på ein helsemessig tilfredsstillande måte, slik at det ikkje medfører fare for helseskade eller helsemessig ulempe.

Nasjonal faglege retningsliner for helsestasjons- og skulehelsetenesta.

Retningslina skal sikre at kommunar føl opp lovkrava i helse- og omsorgstenestelova, og gi kommunane ei norm for korleis tenesta skal ytast.

## Korleis tenesta gis

*Barnehage*

Bokn kommune har ein kommunal barnehage. Barnehagen er ein 3 avdelingsbarnehage og har plass til 54 barn (rekna ut frå arealkrava). Bokn kommune har full barnehagedekning, og kan i tråd med vedtektene ta inn barn frå andre kommunar dersom det er ledige plassar. Nasjonal norm for bemanning og pedagogtettleik stiller krav til bemanninga i barnehage.
Barnehagen har eit hovudopptak på våren med oppstart i august, med supplerande opptak på hausten for oppstart i januar.
Ved utgangen av 2023 var det 40 born i barnehagen og 14 tilsette som til saman dekker 13 årsverk som er fordelt på grunnbemanning, barnehagestyrar og årsverk til styrking.
Barnehagen har ikkje ein naturprofil i form av å vere ein naturbarnehage, men har som mål at natur, friluftsliv og berekraftig utvikling skal ligge til grunn i alt dei gjer.

Barnehagen sine satsingsområde:

Natur/miljø, Trygt og godt barnehagemiljø.

Natur:
Satsingsområde natur i Bokn barnehage skal vere at alle barna skal gå på tur i nærmiljøet minst ein gong i veka. Barna vert delt inn i turgrupper. Av og til etter alder, på tvers av alder og barns medverknad. For barna frå 4 år ynskjer ein i tillegg å bruka kommunebussen for å kome seg på turar litt lengre vekk frå barnehagen. Det er positivt å komme ut i ulendt terreng, og klatre i trær for å øve opp sjølvbilde i forhold til eigen kropp. «*Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider*» (Rammeplanen, 2017).

Bokn bruse (de eldste) satsar aktivt å bruke naturen som å lage mat, lage gapahuk, tau-løype som barna kan balansere på i naturen. Naturen er med på å stimulere sansar, fin og grovmotorikk og sosialkompetanse. «*Barnehagen skal leggje til rette for at barna framleis skal vere nysgjerrige på naturvitskaplege fenomen, føle tilhøyrsle til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar*» ifølgje (Rammeplanen, 2017). Barnehagen har ein «*kongstanke*» om å lage ein naturleikeplass med trelavvo i nærmiljøet.

Miljø:

Det står i Rammeplanen at berekraftig utvikling handlar om at menneske som lever i dag får dekket sine grunnleggande behov utan å øydelegge framtidige generasjonars moglegheit til å dekke sine. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at dagens handling får konsekvens for framtida. Barna skal få naturoppleving og bli kjent med naturens mangfald, og barnehagen skal bidra til at barna opplever tilhøyring til naturen.

Målet for Bokn barnehage er å bli miljøfyrtårn. Barnehagen har flotte grønsakskassar med gulrot og poteter. Barnehagen vil òg satsa på urter. Ressursane barnehagen får frå eigen kjøkkenhage vil dei nytta i matlaginga. Arbeidet vil vere med å fremja gode haldningar for miljøet. Bokn barnehage har starta kjeldesortering. Ungane er med å kjeldesortera. Barnehagen har kjøpt inn nytt kjeldesorteringsstativ. Ved koda fargar for kjeldesortering kan barnet visuelt sjå kor avfallet skal kastast. Førskulegruppa har hatt ansvar for å tømma papp/papir avfallet i konteinar for papir og papp.

Trygt og godt barnehagemiljø:

Barnehagen har jobba med «Trygt og godt barnehagemiljø.» og har fått mykje kunnskap via Læringsmiljøsenteret og Utdanningsdirektoratet. Barnehagen vil no nytta kunnskapen i praksis ved bruk av ulike observasjonsskjema som for eksempel praksisfortellingar, samspel barn/barn og samspel voksen/barn.

Barnehagen er plikta til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø ifølgje (Barnehagelovas § 42, aktivitetsplikt).

Barnehagen er oppteken av at leikerommet skal vere trygt og godt i forhold til det fysiske leikeopphaldsrommet. Då ønskjer ein eit stimulerande temarom. Barnehagen vil fortsett satse på gode leikekrokar. Leikekrokane vil skape meir ro over leiken. Leiken blir inndelt i ulik temaleik. Borna får stimulera sin kreativitet og fantasi gjennom leiken. Den gode og trygge leiken vil vere med å skape varme relasjonar mellom barn-barn og barn-vaksen. Når born oppleve støttande omsorgsfulle vaksne vil det medføre trygge barn i barnehagen.

*Skule*

Skulen hadde 91 elevar ved oppstart av nytt skuleår 2023/2024. Det er viktig å tenke langsiktig for skulen for å få ei drift tilpassa behovet, samstundes som skulen skal halde fram med å gi elevane god opplæring i tråd med læreplanen. Det vart i 2017 vedteke at Bokn skule skulle vere ein fådelt skule, og dette vart sett i verk skuleåret 2018/2019 med ei samanslåing på nokre trinn. Dei påfølgjande skuleåra har det vore gjennomført ytterlegare samanslåingar, og for skuleåret 2023/2024 har skulen fire samanslåingar, noko som har resultert i at skulen no har 10 trinn fordelt på 6 klassar. Nedgangen på elevtal har snudd i høve til det ein såg for kort tid sida. Dette er gledeleg då det er ei ynskt utvikling i kommuneplan. Både på grunn av tilflytting og mottak av flyktningar. Ein ser at elevtalet på mellomtrinnet utfordrar storleiken på klasserom og lærarnorm. Det vil krevje ny organisering av klassane. Skulen vil framleis vera fådelt.

| Trinn | **23_24** | **24_25** | **25_26** | **26_27** | **27_28** | **28_29** | **29_30** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **1** | 9 | 4 | 10 | 6 | 10 | 9 | 9 |
| **2** | 5 | 9 | 4 | 10 | 6 | 10 | 9 |
| **3** | 13 | 5 | 9 | 4 | 10 | 6 | 10 |
| **4** | 9 | 13 | 5 | 9 | 4 | 10 | 6 |
| **5** | 6 | 9 | 13 | 5 | 9 | 4 | 10 |
| **6** | 7 | 6 | 9 | 13 | 5 | 9 | 4 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **7** | 10 | 7 | 6 | 9 | 13 | 5 | 9 |
| **8** | 11 | 10 | 7 | 6 | 9 | 13 | 5 |
| **9** | 13 | 11 | 10 | 7 | 6 | 9 | 13 |
| **10** | 12 | 13 | 11 | 10 | 7 | 6 | 9 |
| Totalt elevtall | **95** | **87** | **84** | **79** | **79** | **81** | **84** |

Estimat på elevtal basert på dagens tal og fødselstal.

| | 23_24 | 24_25 | 25_26 | 26_27 | 27_28 | 28_29 | 29_30 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1./2.kl | 14 | 13 | 14 | **16** | **16** | **19** | **18** |
| | | | | | | | |
| 2./3.kl | 22 | **18** | 14 | 13 | 14 | **16** | **16** |
| | | | | | | | |
| 5.6.7. kl | 23 | **22** | **28** | **27** | **27** | 18 | **23** |
| 5/6.kl | | 15 | **22** | 18 | 14 | 13 | 14 |
| 7. kl | | 7 | 6 | 9 | 13 | 5 | 9 |
| 8./9.kl | 11 | **21** | 17 | 13 | 15 | **22** | 18 |
| 9.kl | 13 | | | | | | |
| 10.kl | 12 | 13 | 11 | 10 | 7 | 6 | 9 |

Estimat på gruppestorleik og ei eventuell endra organisering

Med dagen si organisering vil ein dei neste åra måtte dele opp mellomtrinnet i større grad.

Nasjonal norm for lærartettleik i ordinær undervisning i skulen legg føringar for kor mange elevar ein kan ha pr lærar. Denne stil krav om at det skal være 1 lærar pr 15 elevar på 1.-4.trinn, og 1 lærar pr 20 elevar på 5.-10.trinn.

Behovet for årsverk i Bokn skule blir rekna ut i forhold til kor mange klassar og elevar skulen har ved planlegging av nytt skuleår, samt behov knytt til elevar med behov for spesialpedagogisk opplæring. Skulebudsjettet for 2023 var tilpassa dagens drift og spesialpedagogiske tiltak i skuleåret 2023/2024. Det vart i 2023 sett inn to kontaktlærarar for kvar gruppe og ein får dermed ein større lærartettleik enn året før. Tiltaket vart gjort på grunnlag av betre arbeidsmiljø og omfattande behov for spesialundervisning.

| Lærertetthet i ordinær undervisning | | | |
|---|---|---|---|
| Enhet | 2021-22. | 2022-23 | 2023-24. |
| Norge | 15,54 | 15,63 | 15,63 |
| Rogaland | 15,83 | 15,61 | 15,72 |
| Bokn skule | 12,17 | 11,53 | 9,4 |
| Kvitsøy skole | 8,11 | 8,46 | 10,1 |
| Suldal kommune | 12,85 | 11,15 | 11,36 |
| Erfjord skule Avd skule | 10,95 | 9,21 | 9,44 |
| Jelsa oppvekstsenter Avd skule | 8,31 | 8,12 | 7,57 |
| Marvik skule Avd skule | 7,07 | 9,29 | 10,11 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Nesflaten oppvekstsenter Avd skule | 5,54 | 9,79 | 8,93 |
| Trøndelag | 15,62 | 15,81 | 15,84 |
| Strand barne- og ungdomsskole | 10,71 | 10,32 | 10,81 |

Tabell for lærartettleik samanlikna med andre tilsvarande kommunar.

Pr.31.12.2023 hadde skulen 10,97 årsverk til ordinær undervisning. Samla årsverk for skulen var på 16,24 årsverk og inkludere i tillegg til lærarårsverk og årsverk til administrasjon, spesialpedagogiske tiltak, assistentar/miljøarbeidarar, sosiallærar og skulebibliotekar. Det er no 9 elevar med spesialpedagogiske tiltak og oppfølging frå PPT. Det er 7 elevar frå Ukraina. Det er ein sak med oppfølging frå statsforvaltar i høve til §9A. Det er 3 årsverk for miljøpersonale.

*SFO*

SFO gir tilbod til elevar i 1.-4.trinn, og for barn med særskilde behov på 1.-7.trinn.

Rektor er ansvarleg leiar for SFO (jmf. opplæringslova §13-7), men ansvaret for den daglege drifta er delegert til SFO koordinator. Det er avsett 20% administrativ ressurs til SFO koordinator i Bokn skule.

Kommunen kan krevje utgiftene til skulefritidsordninga dekka gjennom foreldrebetaling. Foreldrebetaling er regulert av inntekta til foreldra, slik at foreldrebetalinga på 1.-4. årstrinn maksimalt utgjer 6 % av hushaldet si inntekt. SFO er gratis for elever med særskilte behov på 5.-7. årstrinn. Frå hausten 2022 blei det innført 12 timar gratis SFO per veke på 1. trinn. Bokn skule hadde 9 elevar på 1.trinn ved skulestart i august 2023.

Bokn ligg verken høgt eller lågt når det gjeld betalingssatsar for foreldrebetaling samanlikna med andre kommunar. Rekneskapstal over fleire år viser at kostnadane til drift er høgare enn inntektene.

Stillingsramma i SFO har vore stabil over tid. Årsverk for SFO var 31.12.2023 på 2,0. Det rommar grunnbemanning, ekstra støtteressurs og koordinatorfunksjon. Elevtalet på SFO var 31.12.2023 på 22.

*Vaksenopplæring*

Vaksenopplæringa har fram til 1.8.2022 blitt gitt gjennom eit vertskommunesamarbeid med Haugesund kommune. Frå 1.8.2022 blei dette endra og kommunen har nå inngått ein avtale med Karmøy. Opplæringa blir gitt ut frå gjeldande reglar og lovverk. Bakgrunnen for denne endringa var at kommunen har ein avtale med NAV Karmøy - Bokn som mellom anna inkluderer tenester til flyktningar. Introduksjonsprogrammet for flyktningar er ein del av denne. Ved å kunne tilby vaksenopplæring av Karmøy i etterkant av introduksjonsprogrammet blir overgangen noko enklare for deltakarane.

*Bibliotek*

Biblioteket i Bokn er eit kombinasjonsbibliotek (folkebibliotek og skulebibliotek), og har gjennom året ulike arrangement og aktivitetsprogram både som offentleg bibliotek og skulebibliotek. Biblioteket har jamleg utstilt produkt laga av elevane ved skulen. Biblioteket samarbeider med kulturseksjonen i kommunen om drift av fleire oppgåver, mellom anna ulike kulturarrangement, kinodrift og TV-aksjonen. Bokn bibliotek har 0,89 årsverk i drift. 0,29 av desse er definert til drift av skulebibliotek. I 2021 vart opningstida på biblioteket endra for å kunne gi eit betre tenestetilbod gjennom heile året,

og folkebiblioteket og skulebiblioteket fekk nokolunde felles opningstider, i staden for kvar sine dagar. Biblioteket er no ope i dei fleste skuleferiane inkludert delar av skulen sin sommarferie.

Dei offentlege biblioteka har som oppgåve å vera ein inspirerande og demokratisk formidlar av kunnskap og kultur gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medium gratis til disposisjon til innbyggjarane. Det skal leggast vekt på kvalitet, allsidigheit og aktualitet. Nasjonalbiblioteket har statistikkskjema med rettleiing som blir administrert av fylkeskommunen.

Biblioteket må årleg rapportere inn bibliotekstatistikk som handlar om biblioteket si verksemd (utlån og andre tenester for publikum) samt rammefaktorar (økonomi, personale, bok- og mediebestand, lokale opningstider). Statistikken kan og omhandle meir detaljert statistikk i eit avgrensa område.

Bokn er eit kombinasjonsbibliotek og er plikta til å føre statistikk på det dei blir pålagt av fylkeskommunen. Biblioteksjefen nyttar mellom anna utlånssystemet for å hente ut statistikk.

Rogaland fylkeskommune har ein regional kulturplan. Denne planen beskriver situasjon, utviklingstrekk og strategiar for kulturlivet i fylket, med vekt på fylkeskommunen sine arbeidsområde. Planen blei vedteke i 2015. Kulturplanen blir utfylt med eit meir konkret handlingsprogram med tiltak, som blir rullert årleg.

Ny regional bibliotekplan byrja å bli utarbeida i 2023. Bibliotekplan for Bokn kommune er ikkje utarbeida, men Bokn bibliotek skal i 2024 skriva ein lokal bibliotekplan med mellom anna årshjul.

*Frivillig sektor*

Kommunen har ulike planar innanfor dette området for å sikre ein klar politikk og tydeleg strategi for å nå måla for området.

- Plan for samordning frivillig/offentleg sektor skal sikre at kommunen har ein strategi og plan for samarbeid og samhandling med frivillige organisasjonar og lag i kommunen.

### Helsestasjonstenesta

Helsestasjon for barn, skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom er eit lovpålagt helsetilbod til alle barn og unge 0 – 20 år, og til gravide som går til svangerskapskontroll i tilknyting til helsestasjon. Helsestasjons- og skulehelsetenesta skal vere både lett tilgjengeleg og ein gratis teneste, og har eit frisk-fokus som vektlegg ressursar som fremmer helse og positiv utvikling hos barn, unge og familiar. Ein arbeider førebyggjande og har søkelys på tidleg intervensjon. Tenesta følgjer barn og deira familie med helseopplysning, rettleiing, standardiserte undersøkingar, vaksinar og anna målretta oppfølging på faste tidspunkt. Oppfølginga skal omfatte barnets fysiske og psykososiale utvikling og bidra til gode oppvekstvilkår. Kommunen har samarbeidsavtale med Karmøy om jordmorteneste, og Haugesund om helsestasjon for ungdom.

Kommunalt tilsett helsesjukepleiar vart i 2023 lagt midlertidig under helse- og omsorg. Kommunen har ein tilsett knytt til tenesta, som har eit stort arbeidsfelt innanfor sitt ansvarsområde. Kommunen har dette året teikna kontrakt med Karmøy kommune, noko som inneber at helsesjukepleiar sidan april 2023 har arbeidd i Karmøy ein gong i veka. Helsesjukepleiar har hatt stor glede av dette, då ho får nyttige erfaringar i tillegg til at ein får rettleiing i ulike case. Avtalen vert revidert før ein eventuelt fortsett med ordninga i 2024.

## Kvalitet i tenestene

### *Barnehage*

Barnehagelova med forskrifter gir barnehageeigar i oppgåve å drive og følgje opp barnehagen slik at ein sikrar at det er i tråd med både lovverk og rammeplan for barnehage. Kommunen skal sikra at barnehagen i samarbeid og forståing med heimen skal ivareta barn sitt behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Kommunen har i tillegg til rolla som barnehageeigar og rolla som barnehagemynde, noko som inneber at kommunen skal sikre at barnehagen si drift fylgjer lov og forskrift. Barnehagemyndigheten kan gi pålegg om å rette opp ulovlege eller uforsvarlege forhold ved godkjente eller godkjenningspliktige verksemder. Bestemminga om å gi pålegg om å rette opp uforsvarlege forhold skal fungere som ein sikkerheit og fange opp forhold som ikkje er direkte regulert av barnehagelova, men som kan føre til uforsvarlege forhold for barna.

I barnehagelova § 10 og §11 blei det gjort ei endring gjeldande frå 1.1.2022 kor det er presisert tydeleg korleis kommunen må skilje mellom desse to rollene særleg knytt til tilsynsoppgåva i rolla som barnehagemynde. For å kunne oppfylle dette lovkravet har Bokn kommune inngått ein avtale om interkommunalt samarbeid mellom 5 kommunar på ytre Haugalandet som tilseier at kommunane skal samarbeide om gjennomføring av tilsyn.  Avtalens hovudformål er å sikre likebehandling og uavhengigheit ved gjennomføring av tilsyn, jf. § 11 i barnehagelova, bidra til å støtte felles utvikling og kunnskap om kommunens rolle som lokal barnehagemynde og styrke kommunanes systematiske ROS-arbeid og kompetanse ved rettleiing og tilsyn.

### *Skule og SFO*

Opplæringslova § 13-3e pålegg skuleeigar å ha eit forsvarleg system for å vurdere og følgje opp at skulen etterlever lovverket for opplæringa. Skuleeigar er med dette forplikta til å ha eit forsvarleg system for styring, vurdering og utvikling av kvalitet i skulen, samt ha eit system for å innhente informasjon om grunnskuleopplæringa, sikre at praksis er i samsvar med lovkrava, og sikre at nødvendige tiltak blir sett i gong dersom det kjem fram avvik. Kommunen sin plan for forsvarleg system skal sikre at

- Eleven sine rettigheiter blir ivaretatt, og at det blir sett i verk tiltak dersom eleven står i fare for å ikkje få desse oppfylt i på ein måte som er i tråd med lov og forskrift.
- Skulen føl regelverk, faglege krav og interne retningsliner.
- Det blir drive kvalitetsutviklingsarbeid i skule som er i tråd med skulen sin formålsparagraf (opplæringslova § 1-1).

Det har i 2022 og 2023 blitt jobba med utarbeiding av plan for skuleeigars forsvarlege system, samt tilhøyrande årshjul, rutinar og prosessdokument. Dette skal være med på å sikre at skuleeigar på ein systematisk måte og i samarbeid med skuleleiinga skal kunne vurderer kvaliteten i opplæringa. Arbeidet med plan og tilhøyrande rutinar for skuleeigars forsvarlege system blei fullført våren 2023. Denne er no teke i bruk av skulen frå hausten 2023. Det vart levert kvalitets og utviklingsplan for skulen i november 2023.

*Helsestasjons- og skulehelsetenesta*

Helsestasjons- og skulehelsetenesta skal drivast i tråd med nasjonal fagleg retningsline. Tenesta skal ha eit system for internkontroll som sikrar at aktivitetar blir planlagt, gjennomført, evaluert og korrigert i samsvar med dei krava som er sett fast i lov og forskrift.

Bokn kommune har rutinar knytt til alle områder i dei nasjonalfaglege retningsliner for å sikre at drifta er i tråd med krava. Det er i 2023 blitt jobba med å revidere desse for sikre at dei er i tråd med anbefalingane om korleis krava kan fyllast i praksis. Dette arbeidet er ein del av internkontrollen og vil fortsette i 2024.

*Bibliotek*

Biblioteket har sidan 2021 hatt ope alle skuleferiar med unntak av 3 veker på sommaren. Dei faste opningstidene blei i siste halvdel av 2023 korta ned litt på grunn av vikaren sin stillingsprosent, men det blei til gjengjeld utarbeida ein moglegheit for å kunne låsa seg inn utanfor opningstid med nøkkelkort og kode mot at lånaren signerte eit dokument.

Sommarles-kampanjen gjekk litt dårlegare i 2023 enn året før, og heng saman med at det var mangel på fast vikar for biblioteksjefen før august. Engasjementet til deltakarane blir vanlegvis oppretthelddt med jamleg ros og statusoppdateringar på antal lesne bøker/sider gjennom sommaren, saman med utdeling av motiverande premiar.

Biblioteket har nokre faste arrangement samt at det har vore gjennomført nokre enkeltarrangement gjennom året.

I november blei det for tredje gong arrangert Filmfestival på Bokn, i samarbeid med Den norske Filmfestivalen med program for barn gjennom heile dagen etterfylgt av premierefest og filmvisning i auditoriet på kvelden.

*Skulebibliotek.*

Frå hausten -23 nyttar alle elevar og lærarar sjølvbetjeningsautomaten, både til å låna bøker og levera bøker. Dette har forenkla registrering og utlån av bøker, fordi elevane slepp å logga seg inn med passord. Alle elevar har fått eit lokalt lånekort som dei har med seg til bibliotektimen. Dette har fungert særs godt.

Skulebibliotekaren lagar utstillingar med nyheiter og ulike tema som klassane har. Dette skjer i tett dialog og samarbeid med lærarane.

Hausten -23 har fleire klassar deltatt på ulike lesekampanjar deriblant Les og lek for SFO, Bokslukarprisen for mellomtrinnet og tXt-aksjonen for ungdomsskulen. Skulebibliotekaren har samarbeida med kontaktlærarane omkring temautstillingar og har laga klar bokkassar i forbindelse med desse leseaksjonane.

Alle klassane har timeplanfesta bibliotektime ein gong i veka. Skulebibliotekaren har laga eit skriv til lærarane om «Den gode bibliotektimen». Dette er eit forslag på korleis ein kan gjennomføra ein god undervisningstime på skulebiblioteket. Klassane har gjennomført dette og bibliotektimen har blitt meir effektiv. Klassen samlast rundt eit bord og får litteraturtips, eller elevar har ein litterær samtale. Deretter får dei tid til å låne bøker kun ei kort tid, før ein bruker resten av timen til å lesa i bøker. Med ei slik inndeling av timen blir elevane meir aktive og ein unngår at elevane bruker heile timen på å finne ei bok.

Skulebibliotekaren legg til rette for formidling av bøker. Nytt av året er at biblioteket har fått Smarttavle som kan nyttast til formidling. Dette har vore eit løft i formidlinga, og ein merkar at elevane er meir interesserte og fylgjer meir med.

Hausten -23 har skulebiblioteket «ansatt» fire Lesegledare. Lesegledarane er elevar frå 3. klasse som får i oppgåve å formidle nye bøker til elevar på småtrinnet, 1.-4. klasse. Elvane måtte søkje på jobben og kome til intervju før dei fekk tildelt jobb. Elevane får bøker som dei skal lese og fortelje om til elevane på skulen. Dette har vore eit vellukka grep for å skapa leseglede i klassane, og ein ser at elevane spør etter bøker som Lesegledarane har formidla.

1.-2. klasse har ein ekstra time på skulebiblioteket. Skulebibliotekar og kontaktlærar samarbeider omkring lese- og skriveopplæringa. Skulebibliotekar formidlar bok og elevane får i oppgåve å skrive og illustrere si eiga bok. Biblioteket lagar utstilling av elevarbeidet.

*Frivilligheten*

Planen for frivillighetspolitikk skal støtte opp om mangfoldet og omfanget av aktivitetar som frivilligheten representerer innafor dei fleste samfunnssektorar, og tar sikte på å legge til rette for ein meir bærekraftig frivillig sektor og gode forutsigbare vilkår for frivilligheten. Eit grunnleggjande prinsipp i kommunen sitt frivillighetsarbeid er at det skal vere enkelt å vere frivillig på Bokn. Med dette prinsippet lagt til grunn, skal ein bidra til ei meir bærekraftig samfunnsutvikling.

Planen innheld fleire tiltakspunkt og desse er fulgt opp slik:

12 barn har hatt aktivitetskort i 2023. Av desse var 8 stk. flyktningebarn. Opplevingskortet (0-18 år) for låginntektsfamiliar gav også rett til friplass i kulturskulen ila året.

Faste leigetakarar (Bokn IL, Bokn SK, Bokn seniordans og Bokn musikkorps) fekk i juni utdelt disponible treningstider i Bokn Arena for påfølgande skuleår. SKANSKA hadde også fast aktivitetsdag i hallen, og det blei sett av plass til Open dag for barn og unge. Skulen sitt utstyrsrom blei gjort tilgjengeleg for leigetakarar, og det blei særleg populært å arrangera barneselskap.

Organisasjonsoversikta med kontaktinfo på nettsida blei oppdatert gjennom heile året.

Tilrettelagde tilskotsordningar på nettsida i 2023 var Søknad om tilskot til kulturarbeid, Aktivitetskort og Frivillighetsfond. Sistnemnde skal digitaliserast i 2024.

Boknatun Allrommet fekk digital booking ila året, etter same mal som Bokn Arena.

Utleigeansvarleg (kultursjef) laga kvar veke aktivitetsplanar (matrise), med bilde frå ulike utleigekalendrar og opplysningar frå reservasjonsskjemaa, kontaktperson med tlf., samt ev. innkomne ønsker frå leigetakararar. Planen var i første rekke til teknisk, med dørprogrammering-planlegging for vakthavande, men gjekk også fast til reinhaldsansvarleg og ved behov til kollegaer.

Som kommunen sin kontaktperson for frivillige lag, gav kultursjefen bistand i administrering og praktisk tilrettelegging til fleire hendingar på det kulturelle årshjulet.
Døme: Bokn pensjonistforening sine treff gjennom året, 17. mai og Bokn sanitetsforening si julegranstenning. Kulturskulerektor var også med i denne samordninga.

## Mål for tenestene

Barnehage og skule

- Høg pedagogisk kvalitet i skule og barnehage
- Trygt og godt barnehage- og skulemiljø som fremmer barna si helse og evne til livsmeistring, og involvere foreldre /føresette i dette arbeidet.
- Opplæring som kvalifisere for innsats i dagens arbeidsliv og kunne gå inn i yrker som ennå ikkje er skapte.

Barnehage

Barnehagen har vore med i oppfølgingsordninga i 2022/2023 og hatt eit eige samarbeid med læringsmiljøsenteret.

*Regional/desentralisert kompetanseutvikling*

Regional kompetanseordning (barnehage) og desentralisert kompetanseordning (skule) skal bidra til at alle barnehage- og skuleeigarar gjennomfører barnehage- og skulebaserte kompetanseutviklingstiltak. Statsforvaltaren, barnehagemynde, barnehageeigarar, skuleeigar, lokal UH (universitet eller høgskolar) og andre relevante aktørar i Rogaland, skal samarbeide for å kartleggje behov for kompetanseutvikling og planleggje utviklingsarbeidet. Kommunane i nord-Rogaland jobbar saman og utarbeider årleg plan for kompetansesamarbeidet i partnarskap med Høgskulen på vestlandet. Desse kompetanseordningane har som overordna mål å styrke kompetanse til å drive lokal og kunnskapsbasert kompetanseutvikling ut frå eigen behov, og skape eit meir likeverdig tilbod i barnehage og skule for alle barn og elevar i regionen. I plan for 2019 -2023 har region Nord følgande prioriteringar for kompetanseutviklinga:

For barnehage:

- Å sikre god leiing, kvalitet og utvikling i barnehagane.
- Sikre organisasjonsutvikling gjennom kollektive læringsprosessar
- Styrke barnehagen sin pedagogiske praksis gjennom pedagogisk analyse og vurdering.

Kompetanseutvikling:

Bokn barnehage har jobba mykje med Re-Komp som står for *«regionalt samarbeid for kompetanseutvikling i barnehage».*

1. halvdel av 2023 har barnehagen hatt særleg fokus på å utvikle det psykiske barnehagemiljø. Personalgruppa har jobba mykje med Utdanningsdirektoratet Barnehagekompetansepakken. Tilsette i barnehagen har jobba med ulike tema som: krenkelse og mobbing – nulltoleranse, aktivitetsplikten, hensyn til barnets beste og barnets medverknad. Voksen- barn relasjon gjennom observasjon, egen refleksjon og felles refleksjonar kor ein finn tiltak som skal vere til det beste for barnet.

Styrar har hatt rettleiing med pedagogisk medarbeidarar (assistentar/fagarbeidar). Då har gruppa jobba med praksisfortellingar som leik. Ut i frå refleksjonar og fellesrefleksjonar har dei funne tiltak for eit godt og trygt leikemiljø. Det har vore lærerikt og kjekt i følgje pedagogisk medarbeidarar.

Leiargruppa har jobba med rettleiing – Konstruktive hjelpesamtaler *(Cato R.P Bjørndal).*
Vi jobba ut frå IGP-metoden. I (individuell forberedast)- G (jobba i delt gruppe)- P (Jobba i fellesskap). I fellesskap utarbeida leiargruppa tiltak for rettleiing i Bokn barnehage.

2. halv del 2023 starta vi å jobbe med barnehagebasert kompetanseutvikling. Vi skal samarbeide med Karmøy barnehagane og Høgskulen på Vestlandet. Vi har jobba med barnehagens utviklingsplan:

- Gjennomgått på første plandag/aug.: Trygt og godt Handlingsplan v/styrar.
- Gjennomgått på første plandag/aug Aktivitetsplikt – krenkelse/mobbing i barnehagen v/styrer.
- Praksisfortellingar – måltid.
- Relasjonar (egen vurderingar/fellesvurderingar voksen – barn).

Barnehagen har jobba for å sjå det trygge leikemiljø og trygt og godt barnehagemiljø som ein heilskap. Heile personalet jobbar no med kvardagssituasjonen: måltid. Tilsette gjer observasjonar gjennom praksisfortellingar og drøftar dei i grupper: avdelingsmøter, personal møter og plandagar. Gjennom observasjonar og felles refleksjonar finn ein tiltak som knytt opp mot verdiane til samfunnsmandatet: Rammeplanen.

Gjennom regional kompetanseordning har Bokn barnehage i 2023 delteke i nettverk saman med barnehagar i Karmøy kommune (fagsamlingar for leiarar) for å jobbe med korleis barnehagen skal drive systematisk barnehagebasert utviklingsarbeid og pedagogisk leiing i kvalitetsutviklingsarbeid. Barnehagen har jobba med eigen utviklingsplan med mål og tiltak for utviklingsarbeidet, delt sine erfaringar i nettverk med andre barnehagar og fått rettleiing frå HVL.

*Trygt og godt barnehage- og skulemiljø*

I 2021 fekk barnehagen eit nytt kapittel 8 i barnehagelova som stil same krava til barnehagen som kapittel 9A i opplæringslova. Lovparagrafane i desse kapitla i lovverket skal sørge for at alle barn og elevar får ein god barnehage- og skulekvardag i eit trygt og inkluderande miljø.

Barnehagen har i 2023 jobba med å auke tilsette sin kompetanse i korleis ein skal skape ein trygg og god barnehagekvardag for alle born. Barnehagen har nytta Utdanningsdirektoratet sin kompetansepakke for trygt og godt barnehagemiljø i dette arbeidet, samt fått fagleg rettleiing og prosessrettleiing gjennom eit samarbeid med rettleiar frå læringsmiljøsenteret.
I 2023 har Bokn barnehagen utarbeida sin egen handlingsplan: *Trygt og godt barnehagemiljø. Inkluderande leike- og læringsmiljø i barnehagen*

Barnehagen har arbeida med å utvikle eit stimulerande leikemiljø som skal danne grunnlaget for barn si sosiale og språklege utvikling. Bakgrunnen for arbeidet er kunnskapen om at den gode og trygge leiken vil vere med å skape varme relasjonar mellom barn-barn og barn -vaksen.

Målet med prosjektet har vore å utvikle både vaksenrollen og barn si medverknad, med utgangpunkt i barnehagens psykososiale og fysiske leike- og læringsmiljø inne.

**<u>Skule</u>**

Frå hausten 2023 har ein starta med eit nytt tema om undervisning i aldersblanda klassar på Bokn skule. Som deltakar i Dekomp vil Bokn kommune få tilskot til kvalitetsutvikling på området.

| | Navn på tilskuddsmottaker | Søknad tilskudd 2024 | Egen-finansiering | Søknad tilskudd 2025 | Egen-finansiering | Sum søknad tilskudd | Sum egen-finansiering |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Læring i aldersblanda grupper (fådelt skule)** | Bokn kommune | kr 245 000 | kr 105 000 | kr 240 000 | kr 105 000 | kr 485 000 | kr 210 000 |
| | Høgskulen på Vestlandet | kr 245 000 | | kr 245 000 | | kr 490 000 | kr - |
| | sum: | kr 490 000 | kr 105 000 | kr 485 000 | kr 105 000 | kr 975 000 | kr 210 000 |

| **Kort beskrivelse av hvordan tiltaket oppfyller kriteriene for tildeling av tilskuddsmidler (jf. arkfane "Kriterier")** | | |
|---|---|---|
| Forankret i lokalt definerte behov: | Barnehage- og skolebasert kompetanseutvikling: | Partnerskap mellom eier og UH: |
| Bokn skule har vore i Udir si oppfølgingsordning sidan hausten 2020. Skulen nytta Udir sin ståstadsanalyse som grunnlag for arbeidet. I gjennomføringsfasen og i desentralisert ordning har skulen jobba parallelt med to område for skulebasert utvikling («Trygt og godt skule- og læringsmiljø» og «Lesing i alle fag»). Skulen ser at det er nødvendig med vidare arbeid med begge områda for at det gode arbeidet ikkje skal stoppe opp. Bokn skule er ein fådelt skule, men skulens praksis er ikkje i tråd med god praksis for opplæring i aldersblanda grupper. Skulen ser derfor at det samstundes er behov for å sette fokus på dette som premiss i det skulebaserte utviklingsarbeidet. | Skulen har nå etablert ei utviklingsgruppe som i fellesskap med skulens leiing og med støtte frå HVL og regional kompetanse- og utviklingsrettleiar, skal drive det skulebaserte utviklingsarbeidet vidare på skulen. Gruppa tar i bruk metodar som er med på å vidareutvikle skulen sitt profesjonelle læringsfelleskap og driv kontinuerlege prosessar som har som mål å involverer aktørane breitt i skulebasert vurdering og utvikling. Ein ønskjer òg å tilstrebe eit tettare samarbeid med barnehagen for å sjå heile utdanningsløpet i samanheng. | Bokn skule har hatt eit partnarskap med HVL i arbeidet med lesing i alle fag. Nå er det behov for å inngå i eit vidare partnarskap med høgskulen for å auke skulen sin kompetanse på opplæring i aldersblanda grupper (fådelt skule). Ein vil bygge vidare på arbeidet med skulemiljø/læringmiljø og lesing i alle fag og på same tid legge til grunn i all opplæring, både fagleg og sosialt at skulen er fådelt. UP1 og regional utviklingsrettleiar har vurdert eit partnarskap mellom kommunen og HVL om temaet, og det er gjort avtale med HVL om fagleg støtte i tiltaket. |

Bokn skule har i 2023 fortsett det målretta og systematiske arbeidet med å utvikle skule- og læringsmiljøet til det beste for elevane. Skulen sitt tverrfaglege innsatsteam har møter kvar veke. Det er behov for å i framtida etablera eit datasikkert system for tiltak og møter for elevane som ein tek opp i innsatsteamet.  Det er og eit mål å auka samarbeidet med andre tenester.  Det pedagogiske personalet har på bakgrunn av forsvarleg system og opplæringa frå læringsmiljøsenteret sett eit behov for å utvikla sine eigne planar for trygt og godt skulemiljø.

*Frivilligheten*

Det er halde eit møte med frivillige organisasjon og kommunetenesta i 2023. Der var dei praktiske ordningane med tilgong til Bokn Arena, søknad om tilskot og bruk av kommunale nettressurser drøfta og informert om. Det var og  orientering om prosessen som har leia fram til ferdig plan samt gjennomgang av dei fem måla som dannar utgangspunkt for arbeidet vidare:

Mål 1: Styrking av tilbod retta mot born og unge
Mål 2: Forenkla kommunikasjon mellom frivillige lag/organisasjonar og kommunen
Mål 3: Samordne og systematisere arbeidet retta mot frivillige organisasjonar
Mål 4: Skape forutsigbarhet for kommune og frivillige organisasjonar
Mål 5: Legge til rette for auka frivilligheit i kommunen

Dette blir ein del av det me gjere gjennom å:

- Ta vare på frivilligheten
- En helhetlig frivillighetspolitikk
- Hjelpe til slik at tilbud synes
- Skapa møteplasser slik som tysdagskafe og kulturkafe.
- Kompetanseheving
- Minst mulig byråkrati
- Bidra til deltagelse

Kulturmidlane som blir delte ut via den kommunale ordninga er avgjerande for den frivillige aktiviteten på Bokn. I arbeidsgruppemøte kjem det tydelig fram at denne ordninga kan bety «vere eller ikkje vere» for fleire lag og organisasjonar. Frivillighet Norge anbefalar å tilrettelegge for tildeling av frie kommunale midlar i større grad enn kva status er per i dag. Ut over ordninga med kulturmidlar samarbeider oppvekst og kultursektoren med frivillig sektor mellom anna ved at:

- Lag og organisasjonar på Bokn kostnadsfritt kan bruke kommunen sine lokalar ved behov.
- 17. mai – arrangement (Fleire frivillige lag involvert)
- Sommarskulen – Kjekt i sommar – (nytt av 2021)
- TV - aksjonen (Kommunen koordinerer og organiserer aksjonen medan frivillig sektor stiller med/som bøssebærarar)
- Dagsturhytte- drift av denne saman med Røde kors
- St.Hans – arrangement (Bokn KFUK/KFUM Speidarane)

Kunst og kulturformidling skjer i stor grad gjennom samarbeid mellom kulturseksjonen, biblioteket og dei andre einingane i kommunen. Biblioteket vert i stor grad nytta som arena for formidling, både i forhold til program i Den kulturelle spaserstokken (DKSS), forfattarbesøk og tysdagskaféen.

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ein viktig del av kulturformidling til born og unge i Bokn kommune. Arrangementa er i stor grad retta mot elevane i skulen, men born frå barnehagen deltek der ein ser at arrangementa er passande og for denne målgruppa.

Frå august 2022 har Bokn kommune hatt tilsett ressurs i delt stilling mellom skule og kultur/fritid, og kommunen overtok då ansvaret for drifta av fritidsklubben Petra, det er no omkring 20 ungdommar som deltek annan kvar fredag. Det er starta opp kulturkafe kvar onsdag ettermiddag på idrettshuset. Det variere kor mange som kjem men mellom 10 og 30  er vanleg. Dei som kjem er i alle aldrar og flyktningane deltek. Ressursen  har og oppfølging og drift av møter i ungdomsrådet.

Bibliotek

- Biblioteket skal vere ein møteplass for inkludere, skape mangfald og kreativitet.
- Bokn bibliotek skal vera ein uavhengig møteplass for alle.
- Bokn bibliotek skal vera eit godt skulebibliotek med aktiv formidling.
- Bokn bibliotek skal i sine tilbod leggja vekt på kvalitet, allsidigheit og aktualitet.
- Bokn bibliotek skal vera ein kulturell arena for aktiv formidling av kunst og kultur.
- Bokn bibliotek skal ta del i interkommunalt samarbeid

Bøkene på skulebiblioteket har merker etter ulike sjangrar. I haust samla bibliotekaren Lettles bøkene, slik at det skal bli enklare for dei yngste elevane å finna bøker dei kan lese i sjølv. Ungdomsbøkene har fått same merker som barnebøkene. Det har kome tilbakemeldingar frå ungdomskulen at det no er enklare å finna bøker i dei ulike sjangrane.

Teikneseriane for barn og ungdom har blitt samla i eit nytt rom, som blir kalla teikneserierommet. Her er det kjøpt inn nytt inventar, skrivepultar, sofa, bord, lamper og bokhyller. Her er tilgjengeleg ein PC som elevar og lånarar kan bruke til Google søk. Rommet framstår no som nytt og innbydande, og er jamleg i bruk heile veka av elevane.

Biblioteket har eit stort utval av biletbøker og lettlesne bøker som blir brukte i leseopplæringa, og utvalet i faktabøker er òg stort. Det er fokus på å rettleie elevar i å finne relevant materiell i tema og prosjektarbeid.

Besøkstalet i 2023 var på 3540, mot 3457 i 2022,- eit gjennomsnitt på 4,1 besøk pr. innbyggjar, mot 4,0 besøk pr. innbyggjar i 2022. Det totale utlånet i Bokn for 2023 var 6001 bøker, som er 6.9 bøker i snitt pr. innbyggjar.

| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Tal på utlån** | 5894 | 3198 | 4547 | 4498 | 6001 |
| **Gj.snitt utlån pr. innb.** | 6,9 | 3,7 | 5,3[1] | 5,2 | 6,9 |
| **Tal på besøk** | 3663 | 961 | 1701 | 3457 | 3540 |
| **Gj.snitt besøk pr. innb.** | 4,3 | 1,1 | 1,9 | 4,0 | 4,1 |
| **Tal på utlån av E-bøker** | 842 | 1683 | 4608 | 4692 | |

Gjennomsnittstal er rekna ut frå innbyggartal på 860

## Helsestasjonen

I 2023 vart det født 8 barn i Bokn. Helsesjukepleiar har hatt eit tett samarbeid med kommunelege, fysioterapeut, psykisk helseteneste, barnehagen og skulen i kommunen. Saman med fysioterapeut har vi forsøkt å ha babytreff to goner pr år, der tema er motorisk utvikling. Helsestasjon arrangerer fleire babytreff, og har hatt ulike tema; søvn, tilknyting, vanlege barnesjukdommar hos barn, utfordringar i livet som småbarnsforeldre.

Helsesjukepleiar er ca. 1 – 2 dagar per veke på skulen. Det er aukande behov for skulehelseteneste. Vi ser at det blir meir komplekse psykososiale saker som helsesjukepleiar tar del i. Både barn og føresette i kommunen tar kontakt med skulehelsetenesta i større omfang nå enn tidlegare.

# Økonomi - Resultatvurdering

**Rammeområde 2 - Seksjon oppvekst, skule og barnehage**

| Fordelt slik | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Inntekter | -6 923 748 | -2 578 000 | -4 345 748 | 168,6 % |
| Utgifter | 33 396 869 | 28 459 000 | 4 937 869 | 17,4 % |
| **Netto utgift** | **26 473 121** | **25 881 000** | **592 121** | **2,3 %** |

| Fordelt på teneste | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 200 - Skuleadministrasjon | 16 026 556 | 14 987 700 | 1 038 856 | 6,9 % |
| 210 - Barnehage | 7 036 936 | 6 664 500 | 372 436 | 5,6 % |
| 220 - SFO | 886 779 | 1 006 500 | -119 721 | -11,9 % |
| 230 - Bibliotek | 846 233 | 959 300 | -113 067 | -11,8 % |
| 299 - Oppvekst adm | 768 047 | 1 248 000 | -479 953 | -38,5 % |
| 330 - Helsestasjon | 808 570 | 915 000 | -106 430 | -11,6 % |
| 331 - Kommunejordmor | 100 000 | 100 000 | - | 0,0 % |
| **Netto utgift** | **26 473 121** | **25 881 000** | **592 121** | **2,3 %** |

Seksjon for oppvekst har totalt eit meirforbruk på 0,6 millionar kroner.

Av dei ekstra inntektene gjeld 2,7 millionar skule, der 0,7 millionar gjeld sjukepengar som har tilsvarande avvik på kostnadssida.

Det er tilført ekstra ressurs til skule gjennom året. Det er fleire brukarar med ekstra behov enn det som var lagt til rette for i budsjettet. Det er i tillegg ei auke i antall barn både i skule og barnehage. Det er brukt midlar frå ekstra inntekter på skule, samt at ein i 2023 ikkje brukte vikar i administrasjon.

# 12. RAMMEOMRÅDE 3 – SEKSJON HELSE, PLEIE OG OMSORG

## Kommunen sitt ansvar

Kommunen sitt ansvar vert i hovudsak regulert av følgjande lovar og forskrifter:

- *Folkehelselova:*
  Loven skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjeller.
- *Helse- og omsorgstenestelova:*
  Kommunen skal tilby naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester. Ansvaret omfattar alle pasient- og brukargrupper, mellom anna personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne.
- *Helsepersonellova:*
  Lova regulerer yrkesutøvinga til helsepersonell, mellom anna helsepersonell sine plikter og ansvar.
- *Pasient- og brukarrettigheits lova:*
  Lova skal sikre befolkninga lik tilgang til tenester av god kvalitet.
- *Forskrift om ein verdig eldreomsorg:*
  Forskrifta skal sikre at eldreomsorga vert tilrettelagt på ein slik måte at dette bidrar til verdig, trygg og meiningsfull alderdom.
- *Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta:*
  Forskrifta skal bidra til fagleg forsvarlege helse- og omsorgstenester, kvalitetsforbetring og pasient og brukartryggleik, og at andre lovar i helse og omsorgslovgivinga vert etterlevd.

## Korleis vert tenestene gitt

Seksjonen helse og omsorg er inndelt i to ulike einingar og består av pleie- og omsorg og helse. Under pleie og omsorg ligg sjukestova, kommunalt institusjonskjøkken, heimetenester og bu- og aktivitet. Under avdeling helse har vi legekontor, fysio- og ergoterapiteneste og psykisk helse- og rusteneste.

Bokn kommune har ikkje eige tildelingskontor, det er difor saksbehandlaren i den enkelte eininga som har ansvar for å behandle og fatte vedtak om tenester etter lovverket. Komplekse saker vert tatt opp og drøfta i *Koordinerande eining*. Kommunen har eige kartleggingsteam som går på heimebesøk og kartlegg hjelpebehovet ved søknad om tenester. Den enkelte saksbehandlar skal sikre god kvalitet på saksbehandlinga og fatte enkeltvedtak på bakgrunn av helsefaglege vurderingar.

### Sjukestova

Pasientane på sjukestova skal oppleve individuell og kontinuerleg pleie- og omsorg ut frå det enkelte individ sine ressursar og behov, slik at han/ho har ei oppleving av best mogleg livskvalitet. Sjukestova har plass til 14 institusjonsbebuarar fordelt på 13 rom. Av desse er to korttidsplassar avsett til rehabilitering, resten er fordelt på langtidsplassar, der fire av desse er på forsterka avdeling. Tilsette på avdelinga har ansvar for å vaske pasienttøy og eige arbeidstøy.  Institusjonen har eige kommunalt

kjøkken med tilsette som lagar mat til sjukestova, dagsenteret og heimebuande, dette vert tildelt etter vedtak.

### Heimetenesta

Skal gi heimebuande brukarar kontinuerleg pleie- og omsorg, slik at den enkelte brukar kan bu heime så lenge det er forsvarleg.

### Bu- og aktivitet

Eininga gir tenester til personar som har eit særleg hjelpebehov på grunn av funksjonshemming, utviklingshemming, sjukdom eller andre årsaker. Tenesta har ansvar for tilrettelagte bustadar (bu- og aktivitet). I tillegg har tilsette i eininga hatt ansvar for drift av Dagsenteret som har ope ein gong i veka. I 2021 vart det tilsett to personar i deltidsstillingar på bakgrunn av behov for avlastningstilbod. Det har over tid vert behov for å auke opp avlastningstilbodet, og ein har i dag to tilsette som deler på ein full stilling knytt til tilbodet. Frå januar 2024 vil ein auke opp tilbodet ytterlegare, då ein ser at det er behov for enda meir avlastning.

Avdeling helse skal leggje til rette for at innbyggjarane i Bokn skal få den helsetenesta dei har behov for og krav på, dette i form av førebyggjande, helsefremmande, rehabiliterande og/eller kurativt arbeid. Avdeling helse består av legeteneste, fysio- og ergoterapiteneste og psykisk helse- og rusteneste.

### Legetenesta

Bokn kommune har i dag 1 fast tilsett lege som dekker legekontor, sjukeheim, helsestasjon og kommuneoverlegefunksjonen. I tillegg inngår lege i faste vakter på interkommunal legevakt. I tillegg til lege er det ein sjukepleiar tilsett i 70% stilling som arbeider på legekontoret.

### Fysio- og ergoterapeuttenesta

Kommunen har i 2023 auka opp kommunalt tilsett fysioterapeut til 100% fast stilling, og har ein fysioterapeut med driftstilskot i 60% stilling. Vi har og ein ergoterapeut tilsett i 30% stilling, der 10% av desse vert solgt til Kvitsøy. Kvardagsrehabiliteringsteamet består av fysioterapeut, ergoterapeut og ein sjukepleiar med vidareutdanning i rehabilitering.

### Psykisk helse- og rustenesta

Vi har og i 2023 hatt stabile ressursar i eininga, der vi har tilgjengeleg ein sjukepleiar med vidareutdanning i psykisk helse i 80% stilling. Tenesta er eit lågterskeltilbod til alle innbyggjarane i kommunen, utan at der er krav om diagnose eller tilvising frå lege før ein får hjelp. Tilbodet skal bidra til å førebyggje og redusere problemutvikling samt fremje meistring av eige liv. Frisklіv-, læring- og meistring ligg under psykisk helse- og rustenesta.

## Interkommunalt samarbeid

Bokn kommune ynskjer å løyse ein del av dei lovpålagte oppgåvene ved hjelp av interkommunale samarbeid. Kommunen har ulike avtale med andre kommunar som Karmøy, Haugesund, Tysvær, Sveio, Etne, Vindafjord og Suldal på ulike områder. Følgjande oppgåver vert løyst i samarbeid med andre kommunar:

### Friskliv, læring og meistring
Det vart i 2018 inngått ein interkommunal samarbeidsavtale på enkelte lågterskel, Friskliv-, lærings- og meistringstilbod i kommunane Haugesund, Tysvær, Karmøy, Bokn og Suldal. Dette inneber at innbyggjarane frå desse kommunane kan delta på ulike kurs uavhengig av heimkommune.

### Diagnose, behandling og rehabilitering
*Felles legevakt:* Bokn kommune deltek i ei interkommunal legevaktsordning som er drifta av Haugesund kommune. Dette er ein avtale som er inngått i påvente av ei etablering av felles interkommunal legevakt, brann- og ambulansestasjon for kommunane i regionen som er planlagt skal stå ferdig i 2024.

*KØHD-sengeplass:* Kommunen kjøper plassar til kommunale augeblikkeleg hjelp døgnopphald av Haugesund kommune, sentralisert til Sentrum behandlingssenter. Totalt fem pasientar har i 2023 nytta plassane i totalt 10 døgn, mot 6 døgn i  2022.

*Sal av sjukeheimsplassar:* Behovet for institusjonsplass vil alltid variere, medan nokre kommunar ikkje er i stand til å ta imot utskrivingsklare pasientar, har Bokn kommune fram til no ikkje hatt problem med overliggarar. I 2020 vart det inngått ein avtale med Karmøy kommune om kjøp av inntil åtte institusjonsplassar, og i juni 2023 teikna vi ein avtale med Tysvær kommune om kjøp av inntil to tidsgrensa sengeplassar. Vi har i store deler av 2023 kunne selje fire og fem plassar til Karmøy medan vi har hatt 3 gjestepasientar frå Tysvær dette året. Det har vore stor aktivitet på plassane heile året, og vi har dette året tatt imot totalt 16 gjestepasientar frå Karmøy. Samstundes som vi har kunne selje plassar, har vi og dette året kunne ta imot eigne innbyggjarar når det har vore behov.

Bokn kommune signerte i 2016 under på samarbeidsavtale med Karmøy om kjøp av barneverns-tenester, PP-tenester og felles Nav kontor.

## Kvalitet i tenestene

Helse- og omsorgsplanen for Bokn kommune vart ferdig i 2020, der handlingdelen vart revidert juni 2022. Planen tar for seg både langsiktige satsingsområde og meir konkrete tiltak.

Strategien i helse- og omsorg er følgjande:

- Å styrkje det førebyggjande folkehelsearbeidet
- Å ha fokus på born og unge, brukarmedverknad, aktivitet og samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
- Å styrkje den heimebaserte tenesta slik at flest mogleg får bu heime lengst mogleg
- Å gi befolkninga i Bokn koordinerte, innovative og gode tenester med respekt og verdigheit for den enkelte

### BEON-prinsippet
Den viktigaste føresetnaden for god økonomisk styring av kommunale helse- og omsorgstenester sikrast ved at kommunen har ein tenestestruktur som legg til rette for at tenester kan tildelast og utførast på «Beste Effektive Omsorgs Nivå» (BEON-prinsippet).

Prinsippet byggjer på at kommunen tilbyr ei trinnvis opptrapping av pleie- og omsorg, slik at flest mogleg kan bu heime så lenge som mogleg samtidig som kommunen gir tenester så effektivt som

mogleg. Dette kan bety at det vert gitt eit mindre omfattande vedtak enn det brukaren sjølv hadde tenkt. Det er ikkje hensiktsmessig å gi fleire tenester enn det som trengs, då dette kan gi ytterlegare funksjonstap på sikt. Tenestene i øvre nivå av omsorgstrappa er meir kostbare enn tenester gitt på eit lågare nivå. Både av omsyn til brukaren og omsynet til økonomi gjer at Bokn kommune har valt å nytte BEON-prinsippet som grunnprinsipp ved tildeling av helse- og omsorgstenester. Ein har på bakgrunn av dette utarbeidd «Tildelingskriteria for helse- og omsorgstenesta i Bokn kommune, tenestestandard 2022». Tildelingskriteria skal gi retningslinjer og føringar for utøvinga av skjønnet ved tildeling av tenester, noko dei tilsette er pliktige å følgje under føresetnad at dei ikkje er i strid med lovbestemmingane.

## Aktivitet i 2023

### Fysio- og ergoterapitenesta

Fysio- og ergoterapeuttenesta har i 2023 hatt ein kommunal fysioterapeut i 100% stilling og ein ergoterapeut i 20% stilling. Fysioterapeut er i tillegg barnekoordinator, ei ny lovpålagt teneste frå 2022.

#### Barnekoordinator

Barnekoordinator er ein rettigheit for familiar som har barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne og som treng ulike velferdstenester av kommunen. Barnekoordinatoren skal mellom anna koordinere velferdstenestene til familien og barnet, og passe på at kommunen tek ansvar for oppfølging og tilrettelegging. Barnekoordinatoren tar vare på familiar og deltar i tverrfaglege nettverk for barnekoordinatorar på Haugalandet.

#### Tverrfagleg samarbeid

Kommunen er plikta å gje rehabiliteringstilbod, og det er ofte naudsynt med tverrfagleg samarbeid for å kunne gi gode helsetilbod. Kommunal fysio- og ergoterapeut er i saman med sjukepleiar og fagarbeidarar på sjukestova, ein del av kommunen sitt rehabiliteringstilbod i tillegg til kvardags-rehabilitering. Fysioterapeut og ergoterapeut gir og rehabiliteringstilbod til pasientar utanfor sjukestova. På sjukestova har ein kvar veke tverrfagleg møte der lege, ergoterapeut, sjukepleiar, helsefagarbeidar og fysioterapeuten deltar. I 2022 vart det etablert eit eige kartleggingsteam, der sjukepleiar og fysioterapeut går saman på kartleggingsbesøk før tildeling av tenester. Tilbakemelding er at dette er nyttig og til god hjelp for einingsleiar pleie- og omsorg som skal fatte vedtak.

Fysio- og ergoterapitenesta har ein prioriteringsnøkkel for å kunne prioritere forsvarleg, og behandlar både born og eldre. Friske vaksne som kjem seg til fysioterapeut på eigen hand går til privatpraktiserande fysioterapeut. Oppgåvene til kommunal fysioterapeut går på opptrening etter mellom anna ortopediske og nevrologiske tilstandar som til dømes hoftebrot, amputasjonar og hjerneslag, heimebesøk for å vurdere tilrettelegging og hjelpemidlar. Behandling/trening/rettleiing har skjedd på sjukeheimen, heime hos brukar og på skule og barnehage, og i ny treningssal i tilknyting til fysioterapi kontoret. Helsesjukepleiar og fysioterapeut samarbeider tett ved behov, for eksempel ved observasjon og vurdering av born på helsestasjon/barnehage/skule med forsinka motorisk utvikling og anna, med påfølgande rettleiing av og med forslag til tiltak til foreldre og tilsette.

Ergoterapeuten har både enkeltsaker og er inne på sjukestova og kan rettleie i forhold til aktivitet og meistring, kartlegg funksjonsnivå og kognitiv funksjon og hjelpemiddelbehov. Fysio- og ergoterapeut

deler på oppgåva som syn- og høyrslekontakt i kommunen. Saker vert prioritert ut i frå prioriteringsnøkkelen, men det er jamt over kort ventetid, i nokre tilfelle snakk om veker.

### Kvardagsrehabilitering

Kommunal ergoterapeut, fysioterapeut og sjukepleiar med vidareutdanning i rehabilitering utgjer kvardagsrehabiliteringsteamet. Kartlegginga og evalueringa vert gjort av kvardagsrehabiliterings-teamet og treninga i seks veker vert utført av teamet og heimetenesta. Det er kapasitet til 1-2 deltakarar på likt med seks veker intensiv trening. Informasjon om tilbodet er presentert for alle tilsette, på rådet for eldre og personar med funksjonsnedsetting, på kommunen si internettside, og legekontor og heimetenesta er med og rekrutterer deltakarar. Det same gjer fysioterapeut og ergoterapeut til brukarar som tek kontakt for å få hjelpemidlar.

Tilbodet om kvardagsrehabilitering er ein viktig del av kommunen sitt rehabiliteringstilbod samt førebygging for at flest mogeleg eldre skal kunne bu heime og klare seg godt lengst mogeleg. Likevel har det vore vanskeleg å rekruttere deltakarar til tilbodet. Vi får gode tilbakemeldingar frå deltakarar, men har inntrykk av at det tek tid å endre tankegang til kva tilbod ein vil ta i mot. Ein har i 2023 arbeidd med å motivere og rekruttere deltakarar til tilbodet. Det er viktig at tilsette i pleie- og omsorg har ein felles tanke om korleis vi hjelper tenestemottakarane våre til å vere aktive deltakarar i eige liv i staden for passive mottakarar. Såkalla kvardagsmestring som tankesett til alle vi møter, parallelt med at vi tilbyr kvardagsrehabilitering som eit tilbod. Dette arbeidet skjer gjennom felles tverrfaglege møter på sjukestova, og vert løfta på personalmøte med jamne mellomrom.

### Fallførebygging

Fallførebyggjande trening er det enkelttiltak som er mest effektivt for å førebyggje fall blant heimebuande eldre. Fysioterapeut har sidan 2020 hatt balansegrupper på dagsenteret der dei får trening med fokus på styrke og balanse ein gong i veka. Hausten 2022 starta fysioterapeuten opp ei balansegruppe for heimebuande eldre i treningssalen tilknytt fysioterapilokala. Målgruppa her er eldre som bur heime og opplev at funksjonen har endra seg, og det er i tillegg eit tilbod å sluse folk videre til som er ferdig med kvardagsrehabilitering, eller ein-til-ein oppfølging av fysioterapeut etter hoftebrot etc. Her vil ein få styrke- og balansetrening, samt informasjon og rettleiing om kva ein kan gjere sjølv heime. Ei gruppe går i 10 veker før neste gruppe startar opp. Tilbodet har etter kvart vore veldig populært, og vert etterspurt av fleire brukarar i målgruppa. Ein har hatt fortløpande inntak av aktuelle brukarar i 2023. Då tiltaket er populært med venteliste, prøver vi å bytte lokale og doble talet på deltakarar i gruppene i 2024.

Fysioterapeut har i samarbeid med psykisk helse og frivillige fått til eit treffpunkt etter treninga der ein kan slå seg ned for litt kaffi og vaflar i saman med litt uformell prat, og er eit ettertrakta tilbod som ein og vil vidareføre i 2024 så lenge ein får med seg frivillige.

### Hjelpemiddelformidling

Fysio- og ergoterapitenesta tek seg av formidling av hjelpemiddel frå kommunens korttidslager og vurdering av behov for meir permanente hjelpemiddel, og søknad om dette til NAV hjelpemiddel-sentral. Oppgåvene vert fordelt ut i frå ledig kapasitet og ut frå prioriteringsnøkkelsen. NAV hjelpemiddelsentral endra på sine rutinar i 2023 med mindre rettleiing og hjelp til det dei kallar enkle hjelpemiddelsaker som til døme rullestolar. Dette krev meir tid og kompetanse hos hjelpemiddel-formidlar i kommunen. Utkøyring av og opplæring i bruk av hjelpemidlar høyrer og til oppgåvene. Brukar og pårørande som kan hente hjelpemidlar sjølv på Boknatun vert oppmoda til dette.

Vaktmeistrane hjelper med utkøyring av større hjelpemidlar og mindre reparasjonar. Hjelpemiddel-saker varierer frå enkle til meir komplekse saker. Det var ein markant auking i tal på utleverte hjelpemidlar i 2023, då fleire saker har vore kompleks med mange hjelpemidlar utlevert. På grunn av dette kan den enkelte klare seg lengre heime. Summen i kroner er likevel ikkje høgare enn fjoråret, då det i 2022 og 2021 vart søkt om fleire dyre elektriske rullestolar.

### Aktivitetsoversikt i perioden 2020 – 2023:

| År | Aktive brukarar | Brukarar m/utleverte hjelpemiddel i perioden | Nye brukarar | Utlevert hjelpemiddel | Samla verdi for utleveringar |
|---|---|---|---|---|---|
| **2023** | 89 | 23 | 7 | 323,5 | 267 912 kr |
| **2022** | 85 | 26 | 6 | 98 | 309 070 kr |
| **2021** | 83 | 32 | 6 | 168 | 510 138 kr |
| **2020** | 82 | 23 | 6 | 121 | 264 422 kr |

### Fysioterapeut med driftstilskot

Tenesta og tilbodet fungerte med normal drift og det vart utført totalt 1 288 behandlingar gjennom året, der pasientar med akutte skadar eller smerter, og dei som treng oppfølging etter operasjonar vart prioritert. Dette går i periodar utover pasientar med kroniske plagar, der desse då får sjeldnare behandling. Fysioterapeut har og gjennomført 6 timar med Gla`trimmen dette året.

## Psykisk helse- og rustenesta

Psykisk helse- og rustenesta er eit lågterskeltilbod til alle innbyggjarane i kommunen, og der er ikkje krav til diagnose eller tilvising frå lege. Tenesta skal vera synleg og godt kjent i kommunen, og skal bidra til å betre levekåra for personar som har eit rusmiddel- eller psykisk helseproblem, førebyggje og redusere problemutvikling og fremje meistring av eige liv. Pårørande til menneske med rusmiddel- eller psykiske helseproblem skal sikrast nødvendig støtte og avlastning.

Eininga samarbeider godt med brukars fastlege og med spesialisthelsetenesta når dette er naudsynt. Psykisk helse- og rustenesta samarbeider med brukaren sin fastlege, jordmor eller spesialisthelsetenesta. Helsesjukepleiar og pleie- og omsorg er viktige interne samarbeidspartar. Tenesta er tilgjengeleg fire dagar i veka, og har jamt over brukarar som treng bistand for å bryte isolasjon og ta del i ulike sosiale, kulturelle eller fysiske aktivitetar. Tenesta har jamt over brukarar som treng bistand for å bryte isolasjon og ta del i ulike sosiale, kulturelle eller fysiske aktivitetar. I 2023 var det ein person som hadde vedtak om fritidskontakt.

### Aktivitetsoversikt i perioden 2020 – 2023:

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| 28 | 28 | 32<br>+ 2 personar under 18 år | 32<br>+ 2 personar under 18 år |

Hausten 2023 gjennomførte tenesta ei brukarundersøking på nettsida for å få innspel til å betre kvaliteten på tenesta. Det kom inn få tilbakemeldingar, desse gir ikkje tilstrekkeleg grunnlag for endringar.

### Førebyggjande helsearbeid

*Friskliv, læring og meistring:* Frisklivstilbod og lærings- og meistringskurs er ei viktig kommunal førebyggjande helseteneste som tilbyr kunnskapsbasert og effektiv hjelp til å endre levevanar og meistre sjukdom og helseplager. Frisklivssentralen i Bokn gir kunnskapsbasert hjelp til fysisk aktivitet,

kosthald og snus- og røykeslutt gjennom eit strukturert oppfølgingstilbod. I tillegg har innbyggjarane tilbod om søvnkurs i Tysvær, og KOLS-kurs i samarbeid med Karmøy.

Bokn inngår i eit interkommunalt samarbeid på enkelte lågterskeltilbod i saman med kommunane Haugesund, Tysvær, Karmøy og Suldal. Dette inneber at innbyggjarane frå desse kommunane kan delta på kurs uavhengig av heimkommune. I møte desember 2023 konkluderte nettverket med at samarbeidet fungerer etter intensjonen, innbyggjarane får eit betre og breiare tilbod, og det medfører lite ekstraarbeid for den enkelte vertskommune. Den interkommunale samarbeidsgruppa har difor tilrådd Helseleiarnettverket å gjere samarbeidstilbodet permanent, og det arbeidast nå med å utarbeide en felles avtale der dette vert skriftleggjort.

## Helseteam for eldre

Helseteam for eldre vart forankra i 2005, og det vart bestemt at alle skulle få tilbod om heimebesøk det året dei vart 75 år. Hensikten er å kartleggje korleis dei eldre har det, både fysisk og psykisk og sosialt. Den gode samtalen, bakgrunnsinformasjon, tankar om framtida, helseproblem eller utfordringar og bruk av helsetenester er ein del av samtalen. Det vert gitt råd og anbefalingar om det er ynskjeleg, og det vert gitt informasjon om kommunen sine tenester. Tilbodet er eit førebyggjande tiltak med tanke på at dei eldre skal kunne bu lengst mogleg i eigen bustad, og eventuelt kunne ta imot hjelp i eigen bustad dersom behov. I 2022 vart tilbodet utvida til og å gjelde alle over 85 år, og har sidan dette gitt tilbod til både 75- og 85 åringar i kommunen. Tanken er at vi skal kunne sjå på utviklinga frå 75 til 85 år gjennom eit 10 års perspektiv, og at dette vil gi kommunen god oversikt og statistikk over våre eldste i kommune.

I 2023 er det gjennomført sju besøk til 75 åringar, fem besøk til 85 åringar og fire besøk utanom, då etter førespurnad. Det vi kan sjå pr i dag er at 75 åringane held seg godt, dei held seg oppdaterte og i aktivitet. Likeså med 85 åringane, sjølv om ein ser at det her er fleire helseutfordringar og at dei har litt fleire bekymringar som gjeld framtida, mellom anna i form av helsehjelp og bu-situasjon.

## Flyktningarbeid

Bokn kommune fekk hausten 2022 oppfordring frå IMDi om å ta imot 20 flyktningar i 2023. Kommunen sa ja til å ta imot, og på grunn av auka arbeidsmengde vert det tilsett ein ny medarbeidar i Flyktningtenesta i 100% fast stilling. Ein har difor sidan mai 2023 hatt totalt 1,6 årsverk knytt til tenesta, i tillegg til at kommunen har inngått samarbeid med Karmøy om kjøp av flyktningtenester med 0,2 årsverk. Karmøy gjennomfører kartlegging, rettleiing, hjelp til sosialstønad, opplysnings- og rådsarbeid, samt gir tilbod om deltaking i introduksjonsprogrammet. Flyktningane må til Karmøy og kartleggast på KVOS, før dei kan starte på norskundervisning og introduksjonsprogrammet. Det har lenge vore etterspurt om ein kan få norskopplæring i kommunen, dette då ein har opplevd utfordringar i forhold til skysstransport tur/retur Karmøy. I tillegg har Karmøy etter kvart og tatt imot mange flyktningar som har rett på norskopplæring, og vi opplev at det er ventetid før ein får starta opp med undervisning. Kommunen lyste difor ut etter kvalifisert lærar i ein 100% fast stilling, og har fått tilsett ein person i stillinga. Vedkommande startar opp i februar 2024, og tilbodet vil vere eit supplement til tilbodet vi allereie har avtale om i Karmøy.

Vi har tatt imot flyktningane vi vart oppmoda til å ta imot, og har arbeidd for å få til integrering av desse. Vi har og opplevd at nokre av flyktningane av ulik årsak har flytta tilbake til Ukraina, i alt ti personar i 2023. Aldersgruppa vi har tatt imot dette året strekk seg frå barnehagealder til opp mot pensjonistalder.

## NAV

Bokn har felles NAV kontor med Karmøy, og er eit samla kontor som inneheld både kommunale og statlege tenester. For Bokn inneber dette at ein må til Kopervik for å få desse tenestene. Noko må likevel kommune handtere lokalt, slik som bustadsosialt arbeid, støttekontakt og avlastning, omsorgsløn og koordinatorarbeid. Bustadsosial handlingsplan vart ferdig revidert og godkjent politisk i 2023.

| **Aktivitet 2023** | **Saksbehandla vedtak** |
|---|---|
| Støttekontakt (med vedtak) | 7 |
| Omsorgsløn (med vedtak) | 3 |
| Avlastning (med vedtak) | 2 |
| Koordinator/IP (med vedtak) | 0 |

Det har vore liten pågang i nye søknader om støttekontakt, og talet på brukarar med vedtak og tal på støttekontakt har vore nokså stabilt som frå tidlegare år. Vi gjennomfører møter med støtte-kontaktane etter behov, og dei får hjelp til å fylle ut både time- og køyrelister når dette er naudsynt. Støttekontaktane blir årleg invitert til interkommunal samling.

Kommunen disponerer totalt fire ungdomsbustadar og seks kommunale bustadar i tillegg til omsorgsbustadane. Ein har i 2023 nytta både ungdomsbustadane og kommunale bustadar til utleige for flyktningar, i tillegg til at ein og har nytta private utleigarar i arbeidet med å skaffe bustad til desse. Det er pr desember 2023 berre ein ledig kommunal bustad igjen til utleige.

## Velferdsteknologi

Bokn kommune hadde fram til sommaren driftsavtale på alarmanlegg med Haugaland Kraft inne på sjukestova. Haugaland Kraft sa opp avtalen tidlegare i vår, og mai dette året teikna vi kontrakt med Tellu om levering av pasientvarslingsanlegg på sjukestova. IT-avdelinga driftar alarmtelefonane som høyrer til institusjonen.

Det er Tellu som driftar tryggleiksalarmane til heimebuande og bebuarane i omsorgsbustadane, kor alarmane vert handsama frå eit responssenter i Kristiansand. Dei varslar heimetenesta når det er behov for å rykke ut på ein innkommen alarm, og responssenteret kan kontakte AMK direkte ved behov for akutt hjelp. Tilbakemeldingane har så langt vore gode. Implementering av velferdsteknologi er eit interkommunalt samarbeid kor kommunane i samarbeid nyttar seg av same leverandør og samarbeider om vidare anskaffing av tryggleiks- og meistringsteknologi.

## Kreftkoordinator/ressurssjukepleiar

Kommunen har hatt kreftkoordinator sidan 2020, der tilbodet er meint som eit lågterskel tilbod. Tilbodet er etter kvart blitt godt kjent i spesialisthelsetenesta og blant innbyggjarane i kommunen, noko som fører til at mange brukarar sjølv oppsøkjer tilbodet, samt at ein får fleire tilvisingar direkte frå spesialisthelsetenesta. I løpet av året har kreftkoordinator vore i kontakt med 11 pasientar, og i tillegg langt fleire inne på sjukestova. Hyppigheita av kontakten varierer, alt frå dagleg kontakt, ein gong pr veke/månad, og om det enten er heimebesøk eller jamlege telefonsamtalar.

I tillegg til pasientkontakt så er ein stor del av koordinator sine oppgåver både å ivareta og å følgje opp pårørande, og det å samarbeide med ulike instansar i Karmøy kommune med tanke på gjestepasientane vi har på korttidsopphald. Hausten 2022 starta kreftkoordinator arbeidet med

innføring av «Pakkeforløp heim for pasientar med kreft», denne er på plass nå. Hausten 2023 starta kreftkoordinator opp med vidareutdanning i smertebehandling, noko som vil gi nyttig kompetanse til bruk for fleire pasientgrupper i kommunen. I januar 2024 startar vi opp med prosjektet «Innføring av palliativ plan for alvorleg sjuke og døande» i kommunen.

### Heiltidskultur

Heiltidskultur er ikkje eit mål i seg sjølv, men ein føresetnad for at kommunesektoren kan løyse sitt samfunnsoppdrag. Dei tilsette har og krav på å ha stillingsstorleikar som det er mogleg å leve av og føreseielegheit i arbeidet. Dette har pleie- og omsorg tatt innover seg og starta våren 2022 opp med prosjektet «Heiltidskultur», som ein og vidareførte i 2023. Prosjektet vert delvis finansiert av både OU-midlar og innovasjonstilskot tildelt av Statsforvaltaren. Store deler av midlane som er tildelt er nytta til innleige av konsulent frå «Framlent AS» og til frikjøp av tillitsvalte og tilsette dette året.

Vi har i løpet av 2023 gitt alle som går ufrivillig deltid den stillingsstorleiken dei har hatt ønske om, og har på den måten fått gjennomsnittleg stillingsstorleik opp frå 60% i 2022, til 76% i 2023. Dette ser ein seg godt nøgd med så langt, men ein vil fortsette å arbeide for endå meir heiltidskultur i helsesektoren i åra som kjem. Kommunen har dette året hatt utprøving av langvakter i helgene, ei ordning som er basert på frivilligheit.  Eitt av tiltaka ein må iverksette for å få til heiltidskultur, er at tilsette må arbeide fleire helgetimar. Dei som har fått auka opp stillingsstorleiken sin dette året, har difor i dei nye arbeidskontraktane sine at dei skal arbeide 325 helgetimar i løpet av eit år. Dette vil og vere den nye malen ved alle nytilsettingar i pleie- og omsorg. Det er totalt 19 tilsette som til nå har dette i arbeidsavtalen sin. Målsettinga med heiltidskultur er å finne **nye måtar å organisere arbeidet og arbeidstida på** som gir effekt på kontinuitet og kvalitet i tenestene og føreseielegheit og tryggleik for brukarar og tilsette 24/7, 365 dagar i året.

### Menn i helse

Prosjektet «Menn i helse» har som formål å rekruttere arbeidssøkande menn i alderen 25-55 år, som mottar ytingar frå NAV. Dei får tilbod om eit komprimert utdanningsløp som endar opp i fagbrev som helsefagarbeidar. Pleie- og omsorg tok i 2023 imot ein helserekrutt, men det viste seg dessverre etter relativt kort tid at kandidaten ikkje var eigna til denne type arbeid, og vi måtte difor avslutte samarbeidet. Vi tenker likevel at dette er eit viktig tiltak for å rekruttere menn inn i helse, og med tanke på dei utfordringane vi står ovanfor når det gjeld mangel på helsepersonell i kommande år. Vi ynskjer difor å forsøke med ny helserekrutt i 2024.

### Lærekandidat i ernæringskokkefaget

Våren 2022 sendte kommunen inn søknad om å få godkjent institusjonskjøkkenet som lærebedrift, og vårt kommunale institusjonskjøkken vart godkjent til dette formål. Ein tok difor imot ein lære-kandidat frå juli 2022, som har arbeidd på kjøkkenet fram til august 2023. Ho er nå ute i permisjon, men vil komme tilbake i løpet av 2024.

## Overordna mål for tenestene

### Godt helsetilbod

Den som ber om hjelp frå helsetenesta i Bokn skal oppleve å møtas med respekt, og brukar-medverknad skal stå sentralt i utarbeiding av tenestetilbod. Kommunen skal ha ei demensomsorg med heilskapleg og samanhengande tiltakskjeder og har i 2023 oppnemnd ny demenskoordinator. Personar med demens og deira pårørande skal oppleve forutsigbarheit og tryggleik i møte med

tenesteapparatet. Kommunen har og eigen kreftkoordinator som mellom anna bidrar til å sikre heilskapleg tenesteforløp mellom spesialisthelsetenesta og kommunen.

*Måloppnåing:* Kommunen er på god veg. Helseteam for eldre auka opp tilbodet til og å gjelde dei som er 85 år og over, arbeidet med kvardagsrehabilitering er godt i gong og det er etablert ulike tilbod der førebygging er målsettinga. Kommunen har hatt kreftkoordinator/ressurssjukepleiar sidan 2020, og tilbodet her er godt etablert og kjent i befolkninga og i spesialisthelsetenesta. Kommunen har to sjukepleiarar med vidareutdanning i palliativ pleie, og kreftkoordinator har starta på vidareutdanning i smertebehandling hausten 2023. På denne måten vil det etter kvart vere to tilsette med god kunnskap innafor sitt fagfelt, noko som kjem den enkelte brukar til gode. Kommunen har demenskoordinator tilsett i pleie- og omsorg som vil ha spesielt fokus på brukarane og deira pårørande.

## Legetenesta

I hausthalvåret 2023 gjekk lege ut i permisjon og deler av overlegepermisjon vart avvikla dette året, men inngjekk avtale med kommunen om å vere tilgjengeleg for akutte saker. Det har ikkje vore store saker knytt til rolla dette året. På grunn av permisjon av lege har det sidan august 2023 vore vikarlege tilgjengeleg på legekontoret, og han vil vikariere til kommuneoverlege er tilbake att i april 2024. Fastlege har omlag 651 listepasientar og har ikkje moglegheit til å ta inn fleire då lista er fullt opp.

Legen er i 2023 blitt innvilga 10% avspasering for å vere tilgjengeleg på telefon for sjukestova på kveld og i helger, og har kombinert med 10% fleksitid fått høve til å prøve ut engasjement som overlege ein dag pr veke på Karmøy DPS på avdeling for unge rusavhengige. Legen angir sjølv at dette har verka veldig stabiliserande for hans rolle på Bokn, etter 12 år i same jobb utan andre legekollegaer er det fint å kunne sjå et ein fungerer i ein heilt anna situasjon med nye fastlege utfordringar – samstundes som det har gitt ny giv til jobben på Bokn. Erfaringa frå DPS gir legen her viktig kompetanse på unge og på rusvanskar, og vurderast svært nyttig å ha i kommunen. Det er ønskeleg å vidareføre denne ordninga og i 2024.

Brutto inntekt på legekontoret i 2023 ligg på ca. kr 900 000**.**

## Sjukestova

Det har gjennom året vore tilsyn med sjukestova to gonger pr veke, og elles ved behov. Lege har vore lett tilgjengeleg på telefon på ettermiddag/kveld, noko som vert verdsett av sjukepleiar på vakt inne på sjukestova. Sal av sjukeheimsplasser til Karmøy medfører meirarbeid då kjennskapen til pasientane er svært liten samanlikna med lokale pasientar. Der har i liten grad vore augeblikkeleg hjelp sengepasientar (ØH). Plassane vert kjøpt av Haugesund kommune – og har berre vore brukt ved nokre få høve. Inntrykk som før av at terskel for innlegging på somatisk avdeling er blitt høgare, og at det er sjukare pasientar som vert skriven ut. Samstundes er det eit klart inntrykk av at dei fleste eldre ikkje ynskjer innlegging på sjukehus ved forverring, men at dei syns det er betre å få vere på sjukestova og få behandling der. Dette er heilt i tråd med samhandlingsreforma, og ikkje løyseleg utan tilgang på lege alle dagar.

## Kommuneoverlege

Kommuneoverlegen er frå 2023 igjen organisert under helse. Kommunelegen har regelmessig samarbeid med sine kollegaer i andre kommunar, og har lokalt delteke i planarbeid og rådgiving til

kommunen. Kommunen har dette året teke imot 20 flyktningar frå Ukraina, desse har fått 1. gongs undersøking, men har fått fastlege utanfor kommunen på grunn av manglande lokal kapasitet.

Kommunen har søkt om og fått godkjenning som utdanningsinstitusjon i allmennmedisin. Dette er ein føresetnad for å kunne utvide legekontoret og tilsette ekstra lege slik ein ser det er behov for. Ein vil arbeide med dette i 2024, slik at ein får til dette.

*Måloppnåing:* Målet er i stor grad nådd. Lege opplev at det daglege arbeidet vert gjennomført i tråd med god medisinsk praksis. Lege opplev å ha grei oversikt over listepasientane. Dei blir tilbode forsvarleg og naudsynt helsehjelp. Heimebesøk har vore gjennomført der det er naudsynt. Lege har eit godt og utstrekt samarbeid med helsesøster, fysioterapeutar, ergoterapeut, heimeteneste, sjukeheim, psykiatriteneste, skule og  spesialisthelseteneste. Lege opplev at naudsynt koordinering og samordning av tenestene vert utført på ein god måte.

Førebyggande helsearbeid i form av undersøking for risikofaktorar, rettleiing og oppfordring til helsefremmande livsstil og bevaring av funksjon er ein integrert del av legen sitt arbeid. Likeins legemiddelgjennomgang og utlevering av oppdaterte medisinlister. Tolk vert brukt når det er nødvendig, noko som er i tråd med gjeldande lovverk. Lege opplev at elektronisk journal brukast og sikrast i tråd med gjeldande regelverk.

## Psykisk helse- og rustenesta

Tilbodet skal vere synleg og godt kjent i kommunen, og vere med på å bidra til å betre levekåra for personar som har eit rusmiddel- eller psykisk helseproblem. Eininga skal ha på plass oppdaterte planar og utarbeide eller revidere allereie eksisterande rutinar og prosedyrar. Ny trend viser at fleire avsluttar kontakten på eige initiativ etter kort tid.

*Måloppnåing:* Målet er i stor grad nådd. Tenesta har låg terskel og kort ventetid. Brukaren får timeavtale innan ei veke etter tilvising er motteke eller fyrste kontakt er oppretta. Administrativt arbeid vert regulert etter pågangen av brukarar i tenesta. Til tross for periodevis auka etterspurnad, har ein hatt fokus på planarbeid og rutinar. Arbeidet med å halde informasjonen på nettsidene oppdatert, arbeid med interne rutinar og prosedyrar i tenesta og arbeidet med brukar-dokumentasjon og sakshandsaming i Profil går føre seg heile året.

I 2021 slutta Bokn seg til eit treårig prøveprosjekt med etablering av FACT-team. FACT-teamet vart etablert på HDPS og forankra i samarbeidsavtale med kvar enkelt kommune. Tilbodet er eit tverrfagleg oppsøkjande team retta mot personar med alvorleg psykiske liding og/eller rusproblematikk. Ingen brukarar frå Bokn har hatt tilbod frå FACT i 2023. Prøveperioden er over i 2024, og kommunen må ta stilling til om dette skal implementerast i den ordinære drifta. I 2022 vart det inngått avtale om digital rettleiing av psykolog gjennom Lifekeys as, og vi har hatt faste avtalar gjennom heile 2023. Dette har vore fagleg nyttig og til god støtte.

Det er framleis fleire utfordringar vi må arbeide med i kommande år. I ein liten kommune har kvar tilsett fleire funksjonar, og det er ei utfordring å alltid ha tilstrekkeleg nok kompetanse. Dette forsøker vi å løyse ved å inngå ulike interkommunale samarbeid og ta del i interkommunale nettverk. Det vert sett på som utfordring å sikre brukarmedverknad på systemnivå, å ha fokus på individuell plan og koordinatorrolla. At kommunen har lite aktivitetstilbod til brukarar med rus- og/eller psykiske helseutfordringar, er ei anna utfordring vi må arbeide med.

## Velferdsteknologi

Velferdsteknologien skal bidra til å auke livskvaliteten for mellom anna eldre og kronisk sjuke, ved at den skal gi ekstra tryggleik og sikkerheit og på den måten bidra til at denne gruppa kan bu lengre heime, sjølv med funksjonsnedsettingar. Kommunen si oppgåve vert å selje inn tilbodet som eit fullgodt alternativ til fysisk oppmøte av helsepersonell (til dømes kameratilsyn i staden for fysisk tilsyn, eller medisindispenser i staden for dagleg utlevering).

*Måloppnåing:* Målet er i stor grad nådd. Kommune signerte i 2020 under på avtale med Telenor om levering av tryggleiksalarm til heimebuande, og inngjekk avtale med Tellu om levering av alarmanlegg på sjukestova nå i 2023. Moglegheit for nye sensorar som for eksempel røykvarslarar, medisin-dispenserar og mobile tryggleiksalarmar er viktige element i kommunen si velferdsteknologisatsing i åra som kjem. Tenesta har og tatt i bruk elektronisk medisindispenserar som skal hjelpe brukarane til å ta rett medisin til rett tid og spare bruk av ressursar til medikamentutlevering.

## Kvardagsrehabilitering

Tverrfagleg team vart etablert i 2020, og ein har i 2021 arbeidd systematisk for å implementere tilbodet og gi tilbod til aktuelle brukarar. Plan for habilitering og rehabilitering var oppe til politisk behandling i 2021, og handlingsplanen vart revidert seinhausten 2022.

*Måloppnåing:* Målet er i stor grad nådd. Tverrfagleg team er etablert, og aktuelle brukarar har mottatt tilbodet. Vi opplev likevel at det i 2023 har vore vanskeleg å rekruttere nye brukarar til tilbodet, og må arbeide målretta mot å informere aktuelle brukarar om tilbodet både via individuelle samtalar og gjennom oppdatert informasjon på kommunens nettsider. Kommunen har gjennom året hatt fokus på kvardagsmeistring, der er oppretta individuelt tilbod om balansetrening, ein brukar i stor grad miljøarbeid i tilnærminga til brukaren, og ein driv med systematisk kartlegging og oppfølging på fleire områder.

## Kompetanse, rekruttering og heiltidskultur

Tenesta sin arbeidsgjevarpolitikk har som mål at personalplanlegging skal sikre rett person til rett tid. Det er eit mål å rekruttere romsleg og ha framtidsretta tilsette med rett kompetanse. Det er difor utarbeidd ein kompetanseplan for området helse- og omsorg som viser behovet for tilstrekkeleg kompetanse på kort og lang sikt. Planen skal beskrive korleis kompetansen vert rekruttert, og korleis den kompetansen som finnes best skal utnyttast. Kompetanseplanen vart revidert årleg, seinast november 2023.

For å sikre kompetente arbeidarar, må vi samtidig arbeide for å få på plass heiltidskultur, noko som inneber at vi må tenkje nytt rundt korleis både tenestene og arbeidstida vert organisert. I Bokn kommune sine retningslinjer, er det eit mål om at ingen stillingar skal vere mindre enn 50%, med unntak av studentstillingar. Å skape ein heiltidskultur handlar ikkje berre om organisering av turnus, nye arbeidstidsordningar eller andre tiltak, men og haldningar, forankring, kultur og normer. Det vert kravd ei organisasjonsendring. Ein heiltidskultur må først og fremst etablerast lokalt og er heilt avgjerande for å sikre kvalitet på tenesteutøvinga, betre arbeidsmiljø og at vi har tilstrekkeleg kompetanse.

*Måloppnåing:* Målet er delvis oppnådd. Kompetanseplan for helse og omsorg vart ferdig våren 2021 og vert revidert årleg. Planen viser oversikt over kva kompetanse som finnes i eininga, og har kartlagt kva kompetanse som trengs, og korleis vi skal arbeide målretta for å få denne.

Innføring av heiltidskultur er eit langsiktig arbeid, og inneber samarbeid med både tillitsvalde og tilsette i pleie- og omsorg. Endringsarbeid er tidkrevjande, og for at vi skal få folk opp i høgare stillingar inneber dette at tilsette må arbeide fleire helger/helgetimar, noko ikkje alle tilsette ikkje automatisk ønsker. Dette året har vi gitt dei som går ufrivillig deltid moglegheit til å auka opp stillinga si til ønska storleik. Frå vi starta opp med arbeidet i 2022 og fram til nå, har gjennomsnittleg stillings-storleik auka med 16%, og denne ligg nå på 76%. Arbeidet mot heiltidskultur heldt vidare fram i 2024.

Det er framleis utfordrande å få tilstrekkeleg nok søkjarar med rett kompetanse til utlyste stillingar, både høgskuleutdanna og helsefagarbeidarar. Det er difor viktig at arbeidet med å få på plass heiltidskultur og er viktig dei neste åra.

## Nærværs arbeid

Nærværs arbeid og satsing på arbeidsmiljø er viktig for å førebyggje sjukefråvær. Bokn kommune har inngått avtale om inkluderande arbeid (IA avtale), og har inngått fleire samarbeidsavtalar med bedriftshelsetenesta Falck AS. Kommunen har i tillegg godt samarbeid med NAV Arbeidslivssenter. Næraste leiar har overordna ansvar for å følgje opp sjukemeldte arbeidstakarar i den enkelte eininga.

*Måloppnåing:* Vi har dette året hatt stort sjukefråvære i pleie- og omsorg av ulike orsakar. Vi har dette året nytta Falck på fleire områder som er direkte knytt til nærværs arbeid, mellom anna sjukefråværsoppfølging, arbeidsplassvurdering og målretta helseundersøkingar for alle tilsette. NAV Arbeidslivssenter kan hjelpe til dersom det er knytt spørsmål rundt arbeidstakarar som har hyppig, gjentakande sjukefråvær. I 2022 vart det satt i gong eit nærværs prosjekt der tilsette sjølv bidrar inn med inntil fire ulike sosiale arenaer med heile personalgruppa i løpet av året. Dette vert vidareført i 2024.

## Målsetting i økonomiplan for 2023

| Målsetting 2023 | Ja | Nei | Kommentar |
|---|---|---|---|
| God økonomisk styring | | X | Vi har hatt stort overforbruk i 2023, noko som skuldast auka lønsutgifter knytt til sjukefråvær og generell lønsauke |
| Kompetente medarbeidarar | X | | Stor satsing på vidareutdanningar og rekruttering av kompetente tilsette |
| Optimalisere årsturnusen | X | | Vi hentar ut gevinstar av årsturnusen, mellom anna ved å dekke inn alt kjent fråvær |
| Arbeide mot heiltidskultur | X | | Har gitt auke av stillingar til alle som går ufrivillig deltid. Gjennomsnittleg stillingsstorleik 76% mot tidlegare 60% |
| Arbeide mot nærværskultur | | X | Det har vore stort sjukefråvær i 2023, men har arbeidd med arbeidsmiljø og følger opp sjukemeldte |
| Gi rett teneste til rett tid | X | | Vi gir likeverdige tenestetilbod i kommunen |
| Bruke omsorgstrappa | X | | Vi bruker BEON prinsippet ved tildeling av tenester |
| Satse på førebyggande arbeid og tiltak | X | | Helseteam for eldre, tilbod om kvardagsrehabilitering, kommunalt hjelpemiddellager |
| Lågterskeltilbod psykisk helse- og rusteneste | X | | Vi har kort tid frå handvending til fyrste kontakt er oppretta |

# Økonomi- og resultatvurdering

## Ressursbruk

Pleie- og omsorg som består av sjukestova, heimesjukepleie, heimehjelp, ressursteam, kjøkkendrift, bu- og aktivitet med avlastning hadde i 2023 totalt 37,21 årsverk.

Avdeling helse som består av legekontor, ergo- og fysioterapiteneste, psykisk helse- og rusteneste og helsestasjonsteneste hadde i 2023 totalt 4,6 årsverk. I tillegg til dette har ein årsverk og lønsutgifter knytt til støttekontakt og omsorgsløn – 1,1 årsverk.

## Årsverk i tenestene 2020 – 2023

| Teneste | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| Legekontor (2410) | 1,7 | 1,7 | 1,7 | 1,7 |
| Førebyggande arbeid/helseteam for eldre (2330) | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 |
| Psykisk helseteneste (2540) | 0,8 | 0,8 | 0,8 | 0,8 |
| Helsestasjonsteneste (2320) | | | *1,0* | 0,80 |
| Støttekontakt/omsorgslønn (2340) | 1,5 | 2,1 | 2,1 | 2,0 |
| Fysioterapeut (2410) | 1,0 | 0,75 | 0,75 | 1,0 |
| Ergoterapeut (2410) | 0,10 | 0,30 | 0,30 | *0,20 |
| Bu- og aktivitet/avlastning (2340) | 2,78 | 2,58 | 4,61 | 4,44 |
| Sjukestova m/kjøkken (2530) | 18,66 | 21,31 | 18,97 | 26,97 |
| Hjelp i heimen/praktisk bistand (2540) | 3,68 | 3,68 | 4,89 | 0,35 |
| Ressursteam (2530 - 341) | 5,62 | 4,85 | 3,69 | 5,45 |
| **Sum årsverk** | **42,35** | **38,17** | **37,91** | **42,91** |

*Ergoterapeut 30% stilling, men selger 10% til Kvitsøy, derfor ført opp med 0,20 årsverk i 2023.

Som ein ser av tala er sum årsverk for 2023 samla for seksjonen høgare enn for 2022. Dette skuldast ulike forhold, vi har mellom anna lagt til helsesjukepleiar då denne tenesta midlertidig vart lagt til helse- og omsorg. Fysioterapeut har fått auka opp stillinga til 100%, dette då ho har fått ansvar som barnekoordinator.

I pleie- og omsorg har vi hatt den største auken, noko som i stor grad skuldast arbeidet med heiltidskultur, der alle tilsette som går ufrivillig deltid har fått auka opp stillingane sine til ønska stillingsstorleik. Dette er i tråd med statlege føringar samtidig som det gir kommunen stabil drift i form av at vi har fleire kontinuitetsbererar i drift, som skal dekke opp enkeltfråvær for kvarandre. Når ein får full effekt av oppjusteringa, er målet at ein etter kvart vil sjå resultata i forhold til økonomien på drift. Dette ved at ein ikkje driv med innleie ved kortvarig sjukdom. Ressursteamet er og auka opp, dette grunna i oppjustering av stillingar i tråd med heiltidskulturarbeidet.

## Aktivitetsoversyn

### Tabellen under viser aktivitetane i dei ulike tenestene frå 2020 – 2023:

| **Aktivitet/tenester** | **2020** | **2021** | **2022** | **2023** |
|---|---|---|---|---|
| Bebuar i KØHD | 2 | 4 | 3 | 5 |
| Tal på *døgnopphald* (LTP + KTO) | 3 627 | 2 463 | 2 800 | 3 299 |
| Tal på døgn *gjestepasient* (LTP + KTO) | - | 2 090 | 2 103 | 1 571 |
| Tal på *dagopphald* (dagtilbod/plass) | 0 | 38 | 11 | 21 |
| Beleggsprosent døgnopphald | 71% | 89% | 96% | 95% |
| Tal på mottakarar av praktisk bistand | 13 | 13 | 14 | 13 |
| Middagsutlevering | 2 366 | 3 205 | 2 907 | 3 130 |
| Dagsenteropphald | 880 | 1 152 | 672* | 425* |
| Støttekontakt | 8 | 10 | 12 | 9 |
| Brukarar av psyk. helse (over 18 år) | 28 | 28 | 32 | 32 |
| Fastlegetal for kommunelege | 650 | 645 | 651 | 651 |
| Legekonsultasjonar | 3 133 | 2 908 | 2 758 | |
| Inntekter Bokn legekontor | 920 498 | 1 057 088 | 1 432 500 | |
| Avlastning/besøksheim | 1 | 2 | 2 | 2 |

**Dagsenter 1 ggr/veka i 45 veker i 2023: 9 deltakare x 45 veker* **+** *dagtilbod for heimebuande menn med kognitiv svikt - oppstart 10. november – 4 deltakare – summert totalt 20 dagar i 2023*

## Sjukefråvær

Samla sjukefråvær i helse- og omsorg har i 2023 vore på 13,8%. Sjukefråværet er framleis høgt, men har gått litt ned sidan 2022, då seksjonen hadde eit samla sjukefråvær på 14,4%. Pleie- og omsorg med avdeling Bu- og aktivitet har hatt det største fråværet, med totalt 14,3% i 2023, medan seksjon helse har hatt eit sjukefråvær på 3,4% dette året. Leiinga får gode tilbakemeldingar på arbeidsmiljø, og ein jobbar kontinuerleg for at dette skal opplevast godt for den einskilde.

### Pleie- og omsorg

Seksjon helse er eit sterkt kvinnedominert yrke, og alder på tilsette varierer frå 17 år og heilt opp til 65 år, der dei fleste er i alder 25 – 55 år. Seksjon pleie- og omsorg (sjukestova m/kjøkken) hadde i 2023 eit totalt fråvær på 15,7%, noko som er høgare enn 2022, då fråværet låg på 12,7%. Noko av fråværet skuldas sjukemeldingar av ulike årsaker, der nokre er langvarige medan andre er kortvarige.

Sjukefråværet har ikkje endra seg spesifikk i Bu- og aktivitet med 3,9% i 2022 til 4,0% i 2023. Bu- og aktivitet er ein liten avdelingar med få tilsette. Når ein her får fråvær, enten det er korttids- eller langtidsfråvær, gir dette store utslag på fråværsstatistikken.

### Helse

Avdeling helse (legekontor, helsestasjon, ergo- og fysioterapitenesta, psykisk helse- og rustenesta, flyktning tenesta) hadde eit samla sjukefråvær på 3,4% i 2023. Dette er ein liten oppgang frå 2022, då sjukefråværet var 1,7%.

Med bakgrunn i det høge sjukefråværet i seksjonen for 2023, ser vi at vi må rette innsatsen endå meir mot nærværs arbeid i 2024 og i kommande år.

# Økonomi- og resultatvurdering

**Rammeområde 3. Helse, Pleie og Omsorg**

| Fordelt slik | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Inntekter | -13 359 686 | -8 545 000 | -4 814 686 | 56,3 % |
| Utgifter | 50 873 476 | 41 318 000 | 9 555 476 | 23,1 % |
| **Netto utgift** | **37 513 790** | **32 773 000** | **4 740 790** | **14,5 %** |

| Fordelt på ansvar | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 300 - ADMINISTRASJON HELSE | 187 558 | 230 000 | -42 442 | -18,5 % |
| 310 - PLEIE OG OMSORG | 19 061 624 | 16 693 000 | 2 368 624 | 14,2 % |
| 320 - LEGEKONTOR | 4 543 926 | 4 262 600 | 281 326 | 6,6 % |
| 340 - PSYKIATRISK SJUKEPLEIE | 1 020 457 | 914 300 | 106 157 | 11,6 % |
| 341 - Psykisk helse | 2 894 850 | 3 042 500 | -147 650 | -4,9 % |
| 360 - FYSIOTERAPI | 575 432 | 694 000 | -118 568 | -17,1 % |
| 370 - AKTIVITET | 2 758 318 | 3 163 600 | -405 282 | -12,8 % |
| 420 - Flyktninger | 6 471 624 | 3 773 000 | 2 698 624 | 71,5 % |
| **Netto utgift** | **37 513 789** | **32 773 000** | **4 740 789** | **14,5 %** |

| Spesifikasjon flyktningmidler 2023 | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 |
|---|---|---|
| Integreringstilskot, ansvar 100 Finan | -9 041 700 | -3 773 000 |
| Norsktilskot, ansvar 100 Finansiering | -958 900 | |
| Kostnadar, ansvar 420, 200, 210 | 7 276 817 | 3 773 000 |
| **Netto utgift** | **-2 723 783** | **-** |

Tilskot og kostnadar til integrering av flyktningar er budsjettert med like mykje inntekt og kostnad. Rekneskapstala viser at me har mottatt om lag 10 millionar i tilskot, og brukt 7,3 millionar. Det betyr at me står att med 2,7 millionar. Av det totale mindreforbruket i kommunen på 4,45 millionar kjem altså 2,7 millionar frå dette området.
Det er løyvd kr 3,773 millionar til flyktningtenesta direkte, medan det er brukt 6,5 millionar. Det er difor eit meirforbruk på løyvde midlar sjølv om det er eit mindreforbruk totalt i flyktningrekneskapet.

Total sett på dei andre områda utanom «420 Flyktninger» er det eit meirforbruk på 7 % ( 2 millionar). Hovudårsaka til budsjettavviket er knytt til lønskostnader, og 0,8 millionar skuldast overtid.

Sal av sjukeheimsplassar til Karmøy har vore ein viktig del av finansiering av drifta på sjukestova. Ein budsjetterte med sal av plasser for 4,1 millionar, og i løpet av året selde ein plasser for 4,2 millionar kroner. Avtalar om sal av sjukeheimsplassar til andre kommunar er med på å sikre vidareføring av dagens drift innanfor eit stramt budsjett. Me ser likevel at me har hatt behov for fleire plassar til boknarane, og ved utgangen av året berre kunne tilby 3 plassar til andre kommunar.

# 13. RAMMEOMRÅDE 4 – SOSIAL OG BARNEVERN

## Barnevern

Barneverntenesta skal bidra til at barn og unge i kommunen har gode levekår og moglegheit til positiv utvikling under trygge rammer. Når barn har behov for det så skal barneverntenesta gi råd, rettleie eller setje inn andre former for hjelpetiltak. Alle tenester som blir gitt frå barneverntenesta skal skje i samråd med familien. Dei fleste barn får hjelp heimen hos familien sin, mens nokre barn får det betre ved å flytte i fosterheim eller på institusjon for en periode eller meir langsiktig. Barneverntenesta leverer tenester til barn og unge i alderen 0-25 år som av ulike grunner har særleg behov for hjelp. Barnevernloven har som formål å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling får nødvendig hjelp og omsorg i rett tid, samt at barn og unge skal sikrast trygge oppvekstvilkår.

Videre har kommunen og barneverntenesta eit ansvar for universelle og selektive tiltak for utsette barn og unge. Barnevernet har ansvar for spesifikke individuelle tiltak og skal i samarbeid med andre instansar medverke til planlegging av generelle tiltak for å trygge barn og unges oppvekst. Tverrfagleg og forebyggande arbeid vektleggast i det kontinuerlege arbeidet. Barnevernloven og barnevernretten bygger på tre hovudprinsipp: det biologiske prinsipp, minste inngreps prinsipp og omsynet til barnets beste. Desse prinsippa ligger til grunn for utøving av myndigheita i tråd med barnevernloven, og er styrande for de avgjerslene som blir fatta etter denne loven.

Det er i første rekke foreldre som har ansvar for sine barn. Barnevernloven gir regler om det offentlege sitt ansvar for barn, som kjem i andre rekke. Sentralt for det offentlege sitt ansvar er tiltak og inngrep som kan gjerast overfor barn og familiar. Loven har regler om kva for tiltak som kan iverksetjast, innhaldet i tiltaka, og kva som skal til for at det kan gjerast inngrep.

## Korleis tenestene gis

Bokn kommune kjøper barneverntenester av Karmøy kommune.

Barneverntenesta har fylgjande verdigrunnlag:

**Respekt**

- Me møter og behandlar born, foreldre, familie, samarbeidspartnarar og tilsette med respekt.

**Medbestemming**

- Me tek born og unge med på avgjersler og ber dei om tilbakemelding.

**Kjærleik**

- Me er til stade og genuint interessert i den andre. Me viser godheit og engasjement. Born og unge skal kjenne at me bryr oss om dei, me at me stekk oss litt ekstra, viser varme eller gir ein klem om det er greitt.

**Openheit**

- Me er ærlege om kva barnevernet gjer og korleis me tenker framover. Me  gir informasjon om kvifor me er i barnet sitt liv. Me er opne med barn og unge om kven me som barnevernsarbeider er.

**Audmjukheit**

- Me tør å innrømme og akseptere feil, og me kan si unnskyld. Me viser interesse, toleranse og respekt for andre si unike oppleving. Me sitt ikkje alltid med svaret.

**Kvalitet**

- Me har ein forsvarleg praksis prega av tydelege verdiar,
naudsynt grunnkompetanse, tilstrekkeleg opplæring, trygg og god kunnskap om lovverk, retningslinjer, prosedyrar og rutinar som styrer arbeidet vårt.

## Kvalitet i tenestene

Barneverntenesta legger til grunn kvalitetsprinsippa definert av Verdens helseorganisasjon, som er bygd på barnevernområdet nasjonalt, som utgangspunkt for definisjon av kvalitet;

1. Tenestene skal være verknadsfulle.
2. Tenestene skal ha gode utnytting av ressursane.
3. Tenestene skal være tilgjengelege og rettferdig fordelt.
4. Tenestene skal involvere brukarane og gi dei innflyting.
5. Tenestene skal være samordna og preget av kontinuitet.
6. Tenestene skal være trygge og sikre.

## Mål for tenestene

Barneverntenesta vil vidareføre og styrke arbeidet slik at me på enno betre måte skal kunne gi betre hjelp der barnet bur.

## Sosial

Bokn har felles Nav-kontor med Karmøy lokalisert i Kopervik, og inneheld både kommunale og statlege tenester. Tenestetilbodet skal vere trygt og forutsigbart, samtidig som det er dimensjonert og strukturert i forhald til befolkninga si samansetting og behov. Nav si viktigaste oppgåve er å hjelpe folk i arbeid og sjå til at dei som ikkje kan arbeide får ytingane utbetalt til rett tid. Digitaliseringa av Nav handlar om å klare seg sjølv, noko det skal det leggast til rette for. Nav Karmøy og Bokn har innført Digisos, som har som målsetting å få til digitale søknader om sosiale tenester i Nav via nav.no.

NAV skal i større grad drive oppsøkande verksemd ut mot brukarar som treng ekstra oppfølging. I tillegg skal arbeidsmarknaden få meir oppfølging frå NAV for å sikre at fleire kjem inn i ordinært arbeid og på den måten ser til at færre fell utanfor. Tala viser at Bokn kommune ligg høgt på statistikken når det gjeld tal på uføre i aldersgruppa 18 til 67 år, og tal på unge uføre i aldersgruppa 18 til 29 år. Bokn kommune har som ei av sine målsettingar å redusere utanforskap, og Bokn kommune og Nav Karmøy-Bokn har difor inngått ein samarbeidsavtale som forpliktar oss til å samarbeide om ordinære og inkluderande rekrutteringsbistand og formidling av arbeidssøkjarar til ledige stillingar i kommunen. Bokn kommune har som mål å ta samfunnsansvar og ønsker til ein kvar tid å ha samarbeidsprosjekt med NAV som omhandlar tiltak, inkludere og rekruttering. Målet er at flest mogleg av desse kjem vidare i ordinært arbeid, sjølv om det ikkje alltid er mogleg å få dette til.

Gjennom partnarskapet med kommunen tilbyr Nav-kontoret rettleiing, økonomiske ytingar, gjeldsrådgjeving, kvalifiseringsprogram og hjelp til å skaffe bustad. Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga regulerer det kommunale ansvaret og oppgåvene som Nav-kontoret skal utføre eller medverke til, og inngår i kommunen sitt ansvar for å yte velferdstenester. Formålet med lova er å betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet.

Kommunen har eit overordna ansvar for å hjelpe den enkelte, og tidleg innsats er vesentleg for å førebyggje sosiale vanskar. Dette gjeld særleg ovanfor born, unge og unge vaksne som veks opp i vanskelegstilte familiar. Det stilles krav til ein heilskapleg tilnærming til barnefamiliar der alle i familien får sine behov kartlagt og ivaretatt. Noko vert gjort lokalt i kommunen, medan ein andre gonger må til Karmøy for å få hjelp.

I forbindelse med krigen i Ukraina vart Bokn kommune bedt om å ta imot flyktningar. Vi sa difor ja til å busette totalt 20 flyktningar i 2023. Situasjonen i Ukraina og nærområda er svært usikre, og vi veit ikkje kor lenge krigen vil vare. Regjeringa si målsetting er at flyktningar som kjem til Noreg raskt skal kunne delta i det norske samfunnet. Busettinga av flyktningane gjekk stort sett føre seg sommaren og hausten 2023. Kommunen får tilskot frå staten til busetting og integrering. Integreringstilskotet, samen med tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne, vil utgjere den viktigaste finansieringa av kommunen sitt busettings- og integreringsarbeid.

Bokn kommune har i forbindelse med flyktningarbeidet inngått ein tilleggsavtale der ein utvid eksisterande avtale. Avtalen som vart inngått gjeld busetting og oppfølging av Ukrainske flyktningar i samsvar med *«Lov om integrering»* gjennom opplæring, utdanning og arbeid. I forbindelse med flyktningarbeidet vart det våren 2022 oppretta ei 60% stilling som flyktningkoordinator. Det har vore mykje arbeid i forbindelse med busetting og integreringsarbeid, og vi såg difor behov for å tilsette ein medarbeidar i 100% stilling frå mai 2023. Flyktningtenesta har nå totalt 1,6 årsverk knyt til denne tenesta. Dette var heilt naudsynt då denne type teneste er noko heilt nytt for kommunen, og det har vore mykje arbeid i forbindelse med både busetting og integreringsarbeid.

Bokn har kjøpt introduksjonsprogram av Karmøy kommune, der Karmøy voksen opplæring (KVOS) har tatt seg av norskopplæringa. Karmøy kommune har her gitt gode tenester til Bokn, men vi har etter kvart sett at det er behov for å gi flyktningane eitt supplement til det dei allereie får i Karmøy. Dette då det er stor variasjon på innlæring av det norske språk hos den enkelte, noko som inneber at det for dei som ikkje beherskar språket vil få vanskar med å skaffe seg arbeid når introduksjons-programmet er avslutta. Ein har difor klart å knytte til seg ein kvalifisert norsklærar, som kan gi eit tilbod om norskopplæring her i Bokn. Dette vil då vere eit supplement til allereie eksisterande avtale som kommunen har med Karmøy. Vedkommande som har takka ja til stillinga begynner i denne februar 2024.

**Målsetting:**

- Sikre rask og heilskapleg oppfølging, og god tilgjengelegheit til dei sosiale tenestene
- Gi kvalifisert økonomisk rådgiving og kartlegge privatøkonomien i tidleg fase
- Bidra til trygge og stabile bu- og oppvekstmiljø gjennom aktiv bruk av bustadsosiale verkemidlar, låne- og tilskotsordningar. Bustadsosial handlingsplan vart revidert og var oppe til politisk behandling i 2023.
- For at fleire skal oppleve god helse og meistring må ein arbeida og motivere for mobilisering av innbyggaranes eigeninnsats, eigne ressursar og inntektsevne for at ein på den måten bli meir sjølvhjelpen
- Legge til rette for at arbeidstrening og opplæring i størst mogeleg grad skjer på arbeidsplassen og i det ordinære arbeidslivet
- Sikre borna sine behov og moglegheiter til deltaking i fritids- og sosiale aktivitetar ved utmåling av sosialhjelp

## Økonomi – Resultatvurdering

**Rammeområde 4. Sosial og barnevern**

| Fordelt slik | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Inntekter | -19 755 | -3 800 | -15 955 | 419,9 % |
| Utgifter | 2 614 525 | 2 970 800 | -356 275 | -12,0 % |
| **Netto utgift** | **2 594 770** | **2 967 000** | **-372 230** | **-12,5 %** |

| Fordelt på ansvar | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 400 - SOSIAL | 1 221 825 | 1 207 000 | 14 825 | 1,2 % |
| 410 - BARNEVERN | 1 372 945 | 1 760 000 | -387 055 | -22,0 % |
| **Netto utgift** | **2 594 770** | **2 967 000** | **-372 230** | **-12,5 %** |

Positivt budsjettavvik på barnevern skuldast færre klientretta tiltak.

# 14. RAMMEOMRÅDE 6 – SEKSJON TEKNISK

## Kommunen sitt ansvar

Eit overordna krav er at verksemder og eigedommar skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast, drivast og avviklast på ein tilfredsstillande måte, slik at dei ikkje medfører fare for helse. Lov om offentlege anskaffelser, forskrift om miljøretta helsevern og forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular er blant det mest sentrale lovverket. I tillegg kjem ei rekkje lover og forskrifter innanfor kvart fagfelt. Dei vesentlegaste er:

Plan- og bygningslova med forskrifter, veglova, forurensningslova, vann- og avløpsanleggslova, drikkevannsforskrifta, naturmangfoldlova, kulturminnelova, havne- og farvannslova, sentrale brannforskrifter, folkehelselova, folkehelseforskrifta m.fl.

Seksjon teknisk skal bidra til berekraftig utvikling av lokalsamfunnet, samordne offentlege tekniske oppgåver, sikre at byggetiltak blir utført i samsvar med lovgjevinga samt sikre at saksbehandlinga gjev moglegheiter for medverknad. Det skal takast omsyn til universell utforming, born og unge sine oppvekstvilkår samt estetisk utforming av omgjevnadene. Helse i alt og helse i plan står sterkt kanskje spesielt i seksjon teknisk. At samfunnet er tilrettelagt på ein måte som fremjar helse i befolkninga gjev stor gevinst på både kort og lang sikt. Teknisk er ein svært viktig bidragsytar i så måte.

Jamfør brann- og eksplosjonsvernlova skal kommunen sørge for etablering og drift av eit brannvesen som kan ivareta førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver etter lova på ein effektiv og sikker måte. Jamfør forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen § 1-3 kan kommunen oppfylle sine plikter ved avtale med annan kommune, verksemd eller liknande. Bokn kommune tek del i det interkommunale samarbeidet Haugaland Brann og redning IKS.

## Tenestene

Seksjon teknisk var i 2023 organisert som plansjen under viser:



Frå januar 2023 vart reinhald inkludert i teknisk seksjon, som no har 12 tilsette og 7,8 årsverk. Seksjonen hadde sjukefråvær på 4,2 % i 2023. Teknisk har inngått avtale med NAV om arbeidstrening. I 2023 var ein person i arbeidspraksis med opptil 5 dagar per veke.

### Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet internt i seksjonen er, trass høgt aktivitetsnivå og til dels stor belastning på personell, godt og inkluderande. For driftspersonellet har det i 2023 blitt gjennomført faste avdelingsmøter kvar veke. I desse møta tek ein opp større og mindre utfordringar knytt direkte til drift, men og til organisatoriske forhold. Nokre av utfordringane vert løyste raskt medan andre lyt vente – ofte på grunn av uavklarte økonomiske forhold.
For reinhald vart det gjennomført fleire personalmøter med fokus på det fysiske og psykiske arbeidsmiljø.
I desember vart alle tilsette i seksjonen samla på eit fellesmøte der dei tilsette bidrog til å skissera utfordringsbiletet for Bokn kommune som arbeidsplass. Innspela frå møte dannar grunnlaget for det vidare arbeidet med å behalda gode arbeidsmiljøfaktorar og med styrking av dei som by på utfordringar.
Medarbeidarsamtalar er gjennomført og det er laga handlingsplanar for oppfølging for den einskilde tilsette.

### Resultatområde teknisk omfattar fylgjande tenester:

- Administrasjon og oppfølging av alle lovpålagde oppgåver som mellom anna
  - Plan- og bygningsmyndigheit
  - Forureiningsmyndigheit
  - Førebygging av brann/ulukker
  - Beredskap/aktuelle øvingar
- Administrasjon og oppfølging av vertskommuneavtalen med Karmøy kommune. Vertskommuneavtalen som i 2017 blei vedtatt med Karmøy kommune inneber at Bokn kommune får bistand til, på ein tilfredsstillande fagleg måte, ivaretaking av:
  - Byggesaksbehandling, under dette godkjenning av tekniske planar samt røyrleggjarmeldingar
  - Plansaksbehandling
  - Kart og oppmålingsoppgåver
  - Landbruksforvaltning, under dette konsesjonssaker
  - Viltforvaltning
  - Natur, miljø og forureiningssaker
  - Skogbruk
- Samfunnsutvikling/tettstadsutvikling
- Langsiktig og strategisk planarbeid
  - Kommuneplan og revisjon av denne
  - Koordinere kommunens totale planverk
  - Drift og administrasjon av all kommunal bygningsmasse inkludert reinhald
  - Drift og vedlikehald av all kommunal veg herunder veglys, uønskt vegetasjon, brøyting, strøing m.m
  - Drift og vedlikehald kommunale kaier og havner
  - Drift og vedlikehald av kyrkjegard, parkar og anlegg
  - Vatn , Avlaup, Renovasjon (VAR)
    - Produksjon og distribusjon av vatn

        - Drift og vedlikehald av avlaupsnett, avlaupsrensing, tilsyn med private septiktankar
- Renovasjon - Haugaland Interkommunale Miljøverk leverer desse tenestene
- Informasjonsarbeid både internt og ut mot innbyggjarar
- Innovasjonsarbeid
- Kvalitetsarbeid
    - Revidering og utarbeiding av aktuelle rutinar
    - Kompetansekartlegging og kompetanseheving

## Aktiviteten

### Administrasjon og oppfølging av lovpålagde oppgåver

Året 2023 var, som tidlegare år, prega av høg aktivitet innanfor alle fagfelta.
Administrasjon og oppfølging av alle lovpålagde oppgåver pregar den daglege drifta og arbeidet er tidkrevjande. Å førebu saker til politisk handsaming er ressurskrevjande, men heilt nødvendig og er eit arbeid ein til ei kvar tid skal prioritere.
Det er, som for alle føregåande år, rapportert på fleire område som mellom anna:
Produksjon av vatn, distribusjon og kvalitet, avløp, folkehelse, KOSTRA.
Det å svara ut ulike tilsyn frå ulike offentlege organ krev betydelege ressursar. Å sikre at tilfredsstillande dokumentasjon er på plass er difor ei oppgåve som løpande må ha prioritet for slik å effektivt kunne svare ut dei ulike tilsyna.
Årleg service og kontroll er gjennomført på tekniske anlegg som ventilasjon, elektrotavler, heis, sprinklar- og brannalarmanlegg.

I 2023 var det oppstart av anleggsarbeid for RogFast. Statens vegvesen har inngått ein avtale med Bokn kommune om leveranse av vatn til anlegget. Etter at denne vart sett i verk, vart produksjonskapasiteten til vassverket til tider ført nær grensene sine. Driftspersonellet i teknisk har brukt vesentleg meir tid for sikring av vassforsyning enn i tidlegare år. Meirbelastninga var òg tydeleg merkbart på vakt. Etablering av reserveløysing etter sommaren bidrog til ei forbetring, men høgare aktivitetsnivå vil halda fram til hausten 2024. Dette medfører negative konsekvensar for dei andre oppgåvene til seksjonen.

### Administrasjon og oppfølging av vertskommuneavtalen med Karmøy kommune

Omfanget av byggjesaker har gått ned noko i 2023.
100 % av alle byggjesøknadar blir innvilga.
Vertskommunesamarbeidet med Karmøy kommune fungerer godt og Bokn kommune nyt godt av kreative, framoverlente medarbeidarar som set i verk tiltak for å møta innbyggjarane der dei er.
Aktuelle statusmøter mellom vertskommunen Karmøy kommune og Bokn kommune, som formelt går under tittelen samarbeidskommunen i denne avtalen, har blitt gjennomført jamnleg, og møtefrekvensen vart i 2023 auka. Karmøy kommune tek i vare kart og oppmålingsoppgåver, men lokalt driftspersonell deltek på oppmålingsforretningar på Bokn der det er aktuelt. I samsvar med vertskommuneavtalen blir plansaker behandla av Karmøy kommune. Representant frå seksjon teknisk, Bokn deltar fortsatt på interne høyringsmøter knytt til plansaker samt på oppstartsmøter ved behov.
Vertskommeavtalen sikrar landbruksforvaltning og bistand til kommunen sine gardbrukarar.

## Samfunnsutvikling/tettstadsutvikling

Samfunnsdelen til kommuneplan stadfestar at samfunnsutvikling skal stå høgt på dagsorden. Arbeidet med revisjon av arealdelen til kommuneplanen heldt fram i 2023, men behandling av planen vart ikkje sluttført.

## Langsiktig og strategisk planarbeid

I fylgje planstrategi for Bokn kommune 2019-2023 skal områdeplan for næringsområdet i Knarholmen ferdigstillast i denne planperioden. Arbeidet med planen har stått framleis på vent.

Det har vore aukande møteverksemd mellom kommunen, Rogfast-prosjektet og Statens Vegvesen/SKANSKA for statusoppdateringar på RogFast, men også E39 Bokn-Bømlafjorden .

Kapasitetsutfordringar førte til redusert arbeid med oppfølginga av Energi- og klimaplan. Nokon energibesparende tiltak frå planen vart sett i verk i 2023, døme er varmepumper i PETRA-bygget eller styring av omnar på Boknatun.

Hovudplan V/A låg diverre også på vent i heile 2023 på grunn av kapasitetsutfordringar.

Seksjon teknisk har for 2023 utført, på løpande basis, eit vesentleg rettleiingsarbeid knytt til plan- og bygningslova.

## Drift og administrasjon av all kommunal bygningsmasse

Generelt vedlikehald på all kommunal bygningsmasse finn fortløpande stad når vedlikehaldsbehovet tilseier det. Seksjonen har starta arbeidet med å utarbeide og ferdigstille ein oversiktleg vedlikehaldsplan for området, men dette arbeidet er ikkje fullført enno.

Teknisk brukar årleg mange timar på å hjelpe til i arbeidet som fylgjer av hjelpemiddelsentral-plikta. Det å sikra innbyggjarar hjelpemidlar for slik å kunne blant anna bu heime er av stor betydning for både livskvaliteten til den einskilde, men og for samfunnet.

I sommar 2023 vart det utført nokre utvendige arbeid på museumsbygget. Det vart skifta ròtne lister og panel. Bygget vart vaska og malt.

Kostandane for straum er gått tydeleg ned igjen i 2023. Mindreforbruk gjennom straumbesparende tiltak vart ete opp av defekte varmepumper i Bokn arena og driftsproblem i energisentralen til skulen og barnehagen. Desse utfordringane førte til auka oppvarming med elektriske varmekjelar, som er ein dyrare måte å varma opp.

## Vatn , Avlaup, Renovasjon (VAR)

Seksjon teknisk har ansvar for produksjon og distribusjon av vatn. I 2023 vart arbeidet med å leggja ny vassleidning ferdigstilt.

Det går til ei kvar tid føre seg drift og større eller mindre vedlikehald av avløpsnettet i kommunen. Det går føre seg stadig dialog med Rogfast-prosjektet som er den største forbrukaren av vatn i kommunen.

## Drift og vedlikehald av all kommunal veg herunder veglys, uønskt vegetasjon, brøyting, strøing

Seksjon teknisk har utført ordinær drift og vedlikehald av veg, veglys og andre forhold knytt til kommunal veg. Ein ser også til at friluftsområder, badeplassar og parkar blir haldne vedlike.

Den ca. 500 meter lange Ognøyvegen vart reasfaltert i 2023.

Med bakgrunn i eit politisk vedtak skal det gås systematisk til verks for å sikre at landbruksfaglege, gode vurderingar ligg til grunn for eventuell opprettholdelse av ferister. Kommunen har i 2023 hatt møte med nokre aktuelle grunneigarar og landbruksfaglege rådgivarar. I 2023 blei det avtalt å fjerna ei ferist.

## Kvalitet i tenestene

### Kvalitetsarbeid

Innbyggjarar og forvaltning forventar at kommunen utfører og leverer tenester av god kvalitet. Medvit rundt kva som gjev kvalitet er nok diverre undervurdert og seksjon teknisk har alt å tene på å arbeide for auka bevisstgjering på området. Å kunne svara på kva som skal til for å lever tenester av god kvalitet er eit godt utgangspunkt.

Seksjon teknisk sitt auka fokus på revidering og utarbeiding av aktuelle rutinar knytt til arbeidsoperasjonar går framleis føre seg.

Teknisk har hatt høgt fokus på verdien av digitalisering i heile 2023 og stadig fleire system fell på plass. Arbeidet med implementering av et digitalt system for drift, vedlikehald og forvaltning av tekniske anlegg skulle vore sluttført i løpet av 2023, men arbeidet måtte setjast på vent på grunn av kapasitetsutfordringar.

Samarbeid på tvers av sektorar internt, men og interkommunalt bidrar til auka kvalitet i tenestene, det same gjer nettverksbygging for kunnskapsdeling.

At seksjon teknisk blir pålagd å svara ut ulike tilsyn er nyttig. Eit tilsyn gjev moglegheit til å bli kjend med forbetringspotensiala våre og å gjera noko med dette.

## Mål for tenestene

### Å utføra god saksbehandling innaføre lovpålagte fristar, samt gjennomføra vedtekne prosjekt.

Vertskommuneavtalen med Karmøy kommune gjer at vi kan konkludera med at dette målet er nådd for 2023. Det vil alltid vera rom for forbetringar og det vil vera nyttig å definere enno klarare mål og delmål for kommande år.

### Å levera gode tenester til brukarane.

Også dette målet er oppfylt i 2023. For å sikre ei berekraftig drift framover vil det vera avgjerande å arbeide fram og å få vedtatt tydelege mål for kommande driftsår. Tydelege mål vil, i neste runde, automatisk generere kva som til ei kvar tid skal prioriterast. Nettopp på bakgrunn av eit ibuande ynskje om å levere gode tenester har ein, som for alle driftsår tidlegare, ynskt å levere på alle førespurnader – ofte utan at ein har hatt ein plan for arbeidet.

### Å sikra god forvaltning av kommunale anlegg og kommunal bygningsmasse.

Seksjonen har arbeidd godt på dette området. Målet er nådd også her. Tydelege mål for drifta må på plass, dei må vedtas og kommuniserast ut i organisasjonen slik at rett ressurs er på rett prosjekt til rett tid og innanfor vedtatte økonomiske rammer.

### Å levera på informasjonsutveksling

To- vegs dialog med innbyggjarar og andre er heilt avgjerande for at teknisk i Bokn skal lukkast i å nå alle framtidige, vedtatte mål for seksjonen. Å nå måla for å nå måla har i seg sjølv ingen verdi. Måla må setjast med helse i alt i fokus, med fokus på klima og miljø og på å drifta på eit vis som sikrar berekraft for åra som kjem.

## Økonomi – Resultatvurdering

**Rammeområde 6. Teknisk**

| Fordelt slik | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| Inntekter | -11 841 991 | -9 944 000 | -1 897 991 | 19,1 % |
| Utgifter | 19 954 934 | 17 006 000 | 2 948 934 | 17,3 % |
| Avskrivninger | 1 483 619 | 1 485 000 | -1 381 | -0,1 % |
| **Netto utgift** | **9 596 563** | **8 547 000** | **1 049 563** | **12,3 %** |

| Fordelt på ansvar | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|
| 600 - Teknisk (inkl avskrivning) | 7 675 569 | 6 773 450 | 902 119 | 13,3 % |
| 601 - Vann og avløp | -721 604 | -986 950 | 265 346 | -26,9 % |
| 620 - Reinhald | 2 642 597 | 2 760 500 | -117 903 | -4,3 % |
| **Netto utgift** | **9 596 562** | **8 547 000** | **1 049 562** | **12,3 %** |

Rammeområdet har eit netto meirforbruk på 1 millionar kroner.

På sjølkostområde for vatn og avløp er det eit mindre «overskot» enn det som er budsjettert på 0,25 millionar kroner. Sjølkostområda vert gjort opp mot bundne fond eller meirforbruk til framføring. Høg belastning på vassverket har ført til noko høgare kostnadar enn det som var budsjettert. Kommunale avgifter er som budsjettert, men tilknytningsavgifter er 0,3 millionar høgare enn budsjett.

Det er ei meirinntekt mot budsjett på om lag 0,4 millionar kroner knytt til sluttoppgjer for avtalen med båtforeininga.

Inntekter på 0,9 million høgare enn budsjettert er knytt til refusjon meirverdiavgift, men same beløp er ført i rekneskapen under utgifter slik at netto er 0.

På kostnadssida ser ein at ein klarer å halde budsjettet på løn, men at ein har nokre utfordringar knytta til andre kostnader, då særskilt konsulenttenester. Dette gjeld arbeid med kommunelanens arealdel.